



HØGSKULEN I VOLDA

Masteroppgåve i nynorsk skriftkultur

Frå spongvegjer til høgfartsbanar.

Om nynorsk fagspråk og terminologi i lys av nynorsk fagleksikografi

Sylvi Dysvik

Mai 2009

INNHALDSLISTER

FØREORD

1	INNLEIING	1
1.1	Bakgrunn for oppgåva	1
2	PROBLEMSTILLING	2
2.1	Metode	4
2.2	Sentrale omgrep	5
2.3	Tidlegare forsking på området	5
3	MÅLREISINGSTANKEN OG FRAMVOKSTEREN AV NYNORSKEN	6
3.1	Målreisingstanken og nasjonalromantikken	6
3.2.	Den norske folkeopplysningstanken	8
3.3	Den samanliknande språkvitskapen — tida før Ivar Aasen	9
3.4	Ivar Aasen og landsmålet	10
3.5	Motbør og framgang for nynorsk	13
3.6	Oppsummering	16
4	SPRÅKPOLITISKE FAKTORAR — POLITISKE OG INSTITUSJONELLE FØRESETNADER	17
4.1	Institusjonsbygging	17
4.2	Viktige politiske vedtak	18
4.2.1	Jamstellingsvedtaket	18
4.2.2	Skule- og opplæringsvedtak	19
4.2.3	Lov om offentleg målbruk	19
4.2.4	Støtteordningar	20
4.3	Nynorsk i pressa	21
4.4	Forlagsdrift	23
4.5	Nynorsk i undervisninga	25
4.6	Den første nynorsknormalen	25
4.7	Nynorsk som lov- og administrasjonsspråk	26
4.8	Oppsummering	28
5	SPRÅKSPESIFIKKE FAKTORAR — SPRÅKPLANLEGGING, NORMERING OG ORDTILFANG	29
5.1	Teoriar om språk	29
5.2	Teoriar om språkplanlegging	31
5.3	Fasane i språkplanlegginga	33
5.3.1	Val av norm	33

5.3.2	Kodifisering av form	34
5.3.3	Utbygging av funksjon	34
5.3.4	Godkjenning frå samfunnet si side	35
5.4	Om statusplanlegging og korpusplanlegging	35
5.4.1	Statusplanlegging	36
5.4.1.1	Ulike former for status	36
5.4.2	Korpusplanlegging	39
5.5	Normer, normalar og normering	41
5.5.1	Fastsette og internaliserte normer	42
5.6	Normering av ordtilfang	43
5.6.1	Ordtarfanganget i nynorsk	44
5.7	Purisme	46
5.7.1	Purismen i nynorsk	47
5.8	Domeneomgrepet	48
5.9	Mindretals-/fleirtalsproblematikk — nasjonalspråk	50
5.10	Oppsummering	51
6	SAKPROSA, FAGSPRÅK OG TERMINOLOGI	52
6.1	Hovuddrag ved sakprosa	52
6.2	Hovuddrag ved fagspråk	54
6.3	Allmennspråk og fagspråk	57
6.4	Korleis kan språkplanleggingsprinsippa nyttast på vurderinga av fagspråk?	58
6.5	Leksikografi	60
6.6	Ordbøker	60
6.6.1	Normative og deskriptive ordbøker	62
6.6.2	Eittspråklege og fleirspråklege ordbøker	63
6.6.3	Allmennordbøker og spesialordbøker	63
6.6.4	Fagordbøker, terminologiske ordbøker	64
6.7	Leksika	64
6.7.1	Leksika på nynorsk	65
6.8	Terminologi	66
6.9	Termdanning	70
6.9.1	Avleiing og samansetjing	70
6.9.2	Import (framord og lånord)	70
6.9.3	Avløysarord	72

6.9.4	Terminologisering	72
6.10	Terminologiarbeid	72
6.11	Normering av terminologi	74
6.12	Terminologiarbeid i Noreg	75
6.12.1	Rådet for teknisk terminologi (RTT)	75
6.12.2	Standard Norge (SN)	76
6.12.3	Aksis — Avdeling for kultur, språk og informasjonsteknologi	76
6.12.4	Språkrådet	77
6.12.5	Utanriksdepartementet (UD)	78
6.13	Oppsummering	79
7	SAKPROSA, FAGSPRÅK OG TERMINOLOGI PÅ NYNORSK	80
7.1	Nynorsk sakprosa	80
7.2	Nynorsk fagspråk	82
7.3	Nynorsk terminologi	84
7.4	Nynorske ordbøker	87
7.4.1	Dei første nynorskordlistene	88
7.5	Fagordbøker, andre spesialordbøker og leksika på eller med nynorsk	88
7.6	Tabellar	90
7.6.1	Hovudtabell med fagleksikografiske verk på eller med nynorsk	91
7.6.2	Tabellar inndelte etter type	96
7.7	Nynorsk fagleksikografi i ulike periodar	99
7.7.1	Pionertida fram til 1917	99
7.7.1.1	Aasen som fagleksikograf — Heimsyn og Norsk Maalbunad	100
7.7.1.2	Heimsyn	100
7.7.1.3	Norsk Maalbunad	102
7.7.2	Mellomperioden 1917-1959	103
7.7.3	Konsolideringsperioden frå 1959	105
7.7.4	Tabell med utgjevingar fordelt på dei tre periodane	106
7.8	Viktige aktørar	107
7.8.1	Forlaga	107
7.8.2	Studentmållaga	109
7.8.2.1	Studentmållaget i Oslo	109

7.8.2.2	Skuleboknemnda åt Studentmållaget i Oslo	110
7.8.2.3	Andre Studentmållag	112
7.8.3	RTT	113
7.9	Oppsummering	113
8	NYNORSK FAGSPRÅK OG TERMINOLOGI PÅ ULIKE DOMENE, SETT I LYS AV UTGJEVEN FAGLEKSIKOGRAFI	114
8.1	Landbruk	115
8.2	Medisin	116
8.3	Handel, økonomi og næringsliv	118
8.4	Jus	120
8.5	Vitskap og teknikk	121
8.6	Militærstell	122
8.7	Oppsummering	124
9	SLUTTVURDERING	124
	LITTERATURLISTE	130
	VEDLEGG	

Tabell 1: Samla tabell med alle utgjevingar av leksikografiske verk

Tabell 2: Hovudtabell med allmennordbøker, inndelte etter typegodkjenning

Tabell 3-6: Tabellar med allmennordbøker, inndelte etter typegodkjenning

Tabell 7: Oversikt over forlag og ordboksutgjevingar — allmennordbøker

FØREORD

Ein viktig grunn til at eg vart interessert i masterstudiet Nynorsk skriftkultur er at eg har arbeidd med omsetjing av faglitteratur i mange år, både til bokmål og nynorsk, og for ein omsetjar er ordbøkene eit av dei viktaste verktøya i faget. Difor fall det naturleg å velje eit slikt emne for masteroppgåva.

Ein stor takk til arbeidsgjeveren min, Utanriksdepartementet, som la tilhøva til rette for at eg kunne følgje undervisninga i delemlna i faget, og som generelt har vist stor velvilje for denne typen «livslang læring». Ein like stor takk til rettleiaren min, Dagfinn Worren ved Institutt for lingvistiske og nordiske studiar (ILN), Universitetet i Oslo, for all hjelp og inspirerande støtte både med det faglege og det meir «oppgåvetekniske». Du gav meg tilgang til det innhaldsrike biblioteket ved ILN, der eg òg fekk god hjelp av andre dyktige fagfolk ved instituttet, særleg av Håvard Tangen, som hjalp meg med å finne fram i ordboksamlingane og delte med meg av dei store kunnskapane sine nynorskleksikografane spesielt og om nynorskhistoria generelt.

Oslo, mai 2009.

Sylvi Dysvik

«Det kunde forudsættes som Fortrin ved et Sprog, at det har et Navn paa ethvert Begreb, som fortjener et Navn, at det har flere Betegnelser for de vigtigste Begreber, at der ikke gives for mange lige Ord, og at Ordene ikke have for meget forskjellige Betydninger.» (Ivar Aasen 1854: *Grundtanker til en Afhandling om en norsk Sprogform*).

1 INNLEIING

1.1 Bakgrunn for oppgåva

Som fagomsetjar arbeider eg til dagleg med nynorsk fagspråk og har vore ein flittig brukar av ordbøker og andre oppslagsverk i mange år. Difor vil eg gjerne å sjå nærmare på korleis fagspråk og fagterminologi har vorte utvikla i nynorsk og kjem til uttrykk gjennom nynorske fagordbøker og andre oppslagsverk. Utgjevingane av ordbøker og annan fagleksikografi kan kanskje seie oss noko om nynorsken si stilling i dag, og utbreiinga (eller den manglande utbreiinga) av nynorsk fagspråk kan òg kanskje knytast til visse trekk ved nynorskhistoria og ordlagningstradisjonen på nynorsk.

Dei to termene i tittelen «Frå spongvejer til høgfartsbanar» hører heime i jarnbaneterminologien, og er valde fordi dei syner ein samanheng mellom det aller første stadiet i nynorskhistoria og vår tid, samstundes som dei illustrerer to sentrale ordlagingsmåtar. «Spongvejer» vart nytta som eit norsk avløysarord av Ivar Aasen i det vesle stykket «Framgangen i Engeland», som han sette om frå engelsk og offentleggjorde i *Prøver af Landsmaalet i Norge* i 1853. Dette vert rekna for å vere eit av dei aller første prosastykka på nynorsk. Her laga Aasen eit nytt ord for noko som på hans tid høyrd til ein ny teknologi, og som det difor ikkje fanst noko norsk ord for. Dette syner at Ivar Aasen såg på fagspråket som ein viktig del av utviklinga av eit nytt fullverdig språk som skulle kunne nyttast på alle område i samfunnet. Denne termen slo aldri an, og det er lite truleg at han er vorten nytta av andre, for få år seinare nytta Vinje ordet «jarnveg» i *Ferdaminni frå sumaren 1860*. Den nye termen «høgfartsbane» er døme på ein ny og komande teknologi innanfor jarnbaneutviklinga, der den nynorske termen ser ut til å ha hatt eit visst gjennomslag i bokmålet og framfor den lengre og tyngre termen «høyhastighetsbane». Både bokmåls- og nynorsktermen er danna som omsetjingslån frå den engelske termen «high speed railway». Samstundes kan denne

termen stå som eit døme på at nynorsk òg kan påverke bokmål og ikkje berre motsett, og at det er den språklege praksisen og brukarane si godtaking som til sjuande og sist vert avgjerande for om eit ord, eit faguttrykk eller ein term skal vere levedyktig eller ikkje.

Situasjonen for det norske språket er spesiell i og med at det finst to språkvarietetar som er innbyrdes forståelege. Samstundes er dei formelt jamstelte gjennom politiske vedtak, men i praksis har nynorsk heile tida møtt eit meir etablert skriftspråk som òg er meir utbreidd, først dansk, så bokmål. Dette har gjort det naudsynt å sikre nynorsken sin plass gjennom støtteordningar (sjå nr. 4.2.4). Det er likevel naturleg at dei to varietetane vil verte påverka av kvarandre. Kvar grensene skal gå for slik påverknad har vore kjelde til mykje usemjje, og er det framleis. I ein språkleg etablerings- og utbyggingsfase kan det vere viktig å markere avstand til «den andre» varieteten ved å framheve visse typiske trekk ved språket, men det må òg takast omsyn til dei som skal nytte språket, slik at dei ikkje får unødige problem. Begge dei to språkvarietetane har dessutan vore prega av språkleg kløyving, og i nynorsken har motsetnadene gjerne stått mellom puristane, som helst ikkje vil ha for mange bokmålsord og framandord inn i språket, og dei som har eit meir liberalt og kanskje pragmatisk syn på språkutviklinga, og tek meir omsyn til brukarane. Dette gjeld særleg ordtilfanget, som er ein svært viktig del av fagspråket.

2 PROBLEMSTILLING

I denne oppgåva vil eg prøve å sjå på nynorsken slik han er vorten og vert nytta innanfor fagspråk og terminologi, og motsett, kva plass nynorsken har hatt og har innanfor fagspråk og terminologi på ulike område, eller domene. Den nynorske skriftkulturen har gjerne vore knytt til andre sjangrar enn det som høyrer inn under sakprosa og fagspråk, og ein av dei folkelege mytane om nynorsk er at denne målforma skal høve særleg godt til skjønnlitteratur og anna dikting. Her kan det då ligge implisitt ein motsett myte om at nynorsk skal høve därlegare

enn bokmål til andre språklege ytringar, t.d. innanfor det omfattande sakprosafeltet, som fagspråket er ein del av.

Dersom det er slik, vil dette seie at nynorsk ikkje kan reknast som eit fullverdig språk som er like godt brukande til alle føremål. For at fagterminologi skal verte nytta og utbreidd, må han samlast, definerast, systematiserast og gjerast kjend. Difor er ordbøker og oppslagsverk svært viktige, og eg trur at ordboksutgjevingane innanfor visse fagfelt kan seie oss noko om utbreiinga av nynorsk innanfor det same fagfeltet. Det er to hovudfaktorar som har spela — og framleis spelar — ei viktig rolle når det gjeld nynorsken si stilling innanfor fagspråket. Den eine er det som kan kallast «språkspesifikke faktorar»: kva normer og orddanningsprinsipp som skal ligge til grunn for utarbeidninga og fastsetjinga av fagspråk og terminologi, eller det som gjerne hører inn under språkplanlegginga. Den andre er det som kan kallast «språkpolitiske faktorar»: institusjonane si rolle, saman med politiske føresetnader, vedtak og tiltak som har danna rammene og føresetnadene for den språksituasjonen som vi har i dag.

Nynorsken er i ei stilling som eit mindretalsspråk sett i høve til ei dominerande målform. Dette kan innebere visse problem når det gjeld utviklinga og bruken av nynorsk som fagspråk. Nynorsken sin status i samfunnet til ulike tider har truleg hatt innverknad på utarbeidninga av fagspråk, terminologi og ordbøker på denne målforma. Det er visse fagområde der nynorsk har fått godt fotfeste og har erobra domene, medan andre fagområde aldri har vore prega av nynorsk, og der nynorsk jamvel kan ha tapt domene. Difor har eg prøvd å lage ei liste over dei fagordbøkene som er komne ut opp gjennom nynorskhistoria, med opplysningar om kven som har teke initiativet til utgjevingane og kven som har gjeve dei ut. Eg trur at dette kan seie noko om kva domene nynorsken har klart å erobre og kvifor det har vorte slik — om det er dei språkspesifikke eller dei språkpolitiske faktorane som har hatt mest å seie. Det kan òg vere tenleg å sjå på kven som har gjort mest for å utvikle og halde ved

lag eit nynorsk fagspråk, heilt tilbake til dei arbeida til Ivar Aasen som er mest sentrale i denne samanhengen, nemleg *Heimsyn* og *Norsk Maalbunad*. Gjennom utgjevingane av nynorsk fagleksikografi er det kanskje mogleg å få vite noko meir om kva stilling nynorsk språk har hatt på ulike område i samfunnet. Ikkje minst tykkjer eg det kan vere verdt å fokusere på kva slags område det er gjeve ut fagordbøker på, og jamføre dette med dei fagområda der nynorsken står sterkt (eller svakt) i dag.

2.1 Metode

Som utgangspunkt for ein slik analyse har eg prøvd å samle alle prenta ordbøker, ordlistar og andre oppslagsverk som er utgjevne på nynorsk. For å gjere det enklare å systematisere og sortere materialet etter ulike variablar, har eg samla dette i ein tabell som i utgangspunktet er sortert etter utgjevingsår (eller årstalet for første utgjevinga der det finst fleire utgåver).

Materialet er delt inn i tre hovudgrupper etter type: allmennordbøker, fagordbøker og spesialordbøker/nomenklatur, der dei to første gruppene er dei klart største. Fagordbøkene er eigentleg ei undergruppe av spesialordbøkene (sjå nr. 6.5.3), men er likevel skilde ut som ei eiga gruppe av omsyn til at det er fagspråk og terminologi som er hovudtemaet for denne oppgåva. Grensene mellom terminologi og nomenklatur kan vere flytande, likeins finst det einskilde ordbokstypar som nærmar seg leksikonet i form. Allmennordbøkene er tekne med i ein samla tabell der all utgjeven leksikografi på nynorsk er førd opp. Der finst det òg ein tabell med berre allmennordbøker, og mindre tabellar med ulike typar allmennordbøker, inndelte på same måte som fagleksikografien i nr. 7.6.1. Hovudtabellane innehold fem hovufelt (forfattar, utgjevingsår, tittel, type og utgjevar). Slik vert det mogleg å sortere dei etter ulike kriterium for å få tydelegare fram visse trekk, t.d. korleis utgjevingane er spreidde over år og over periodar som fell saman med viktige språkpolitiske hendingar, og om det er visse utgjevarar som har vore spesielt aktive. I tillegg er det teke med eit merknadsfelt med

plass til tilleggsopplysningar. Allmennordbøkene er tekne med av to grunnar. For det første kan skiljet mellom allmennordbøker og fagordbøker vere uklart, og allmennordbøker inneheld ofte ein god del fagterminologi. For det andre er dei tekne med for at det skal vere lettare å få eit overblikk over den samla ordboksproduksjonen på nynorsk. Det kan då utarbeidast statistikkar over talet på fagordbøker jamført med talet på allmennordbøker, og ved å sjå på utgjevingsår vert det òg lettare å sjå ordboksproduksjonen i lys av historia til nynorsken, og finne ut om det er trekk ved nynorskhistoria og nynorskbrukarane sjølve som på nokon måte kan ha medverka til at mytane om kva nynorsk «passar til» og ikkje, har fått festa seg.

2.2 Sentrale omgrep

Tilhøvet mellom allmennspråk og fagspråk kan verke litt uklart, og det kan i blant vere vanskeleg å setje klare grenser mellom dei to. Ettersom hovudvekta i denne oppgåva skal leggjast på den stillinga som fagspråk og terminologi har innanfor den nynorske skriftkulturen, må desse omgrepa avklarast og avgrensast. Det same gjeld tilhøvet mellom omgrepa «sakprosa» og «fagspråk». Dette finn eg mest naturleg å gjere i kapittel 6 om fagspråk og terminologi. Eg har valt å nytte omgrepa «nynorsk» og «bokmål», sjølv om dei først vart innførde som offisielle nemningar i 1929. Omgrepet «landsmål» vert i blant nytta der det fell naturleg, t.d. ved omtale av Aasen, Vinje og verka deira.

Sentrale omgrep innanfor terminologi og leksikografi er gjort greie for i kapittel 6. Når det gjeld *ordbøker*, finst det mange ulike inndelingar av desse i fagleksikografien, alt etter kva form og funksjon dei har. I ei slik oppgåve vil det verte altfor omfattande å kome inn på alle desse, men noko av dette er gjort greie for i kapittel 6.

2.3 Tidlegare forsking på området

Mykje av forskinga innanfor den nynorske skriftkulturen har gjerne dreia seg om ideologi, målsak og nasjonalisme (t.d. Hoel 1996), målføre, undervisning av og haldningar til nynorsk

(t.d. som sidemål i skulen), nynorske lærebøker (t.d. Birkeland og Kvalsvik 1986) og heimstaddikting (t.d. Stegane 1991), medan det har vore mindre fokus på den praktiske bruken, kanskje bortsett frå bruk av nynorsk i pressa og andre massemedium (t.d. Nymnes 1985, Sande 2000). Gjennom ein del år har det vore lagt fram statistikkar over utbreiinga og bruken av nynorsk på dei fleste samfunnsområde (t.d. av Ottar Grepstad i *Nynorsk faktabok* 2005 og eldre utgåver). Interessa for nynorsk fagspråk og terminologi har helst vore å finne i nokre av fagmiljøa for leksikografi (t.d. ved det tidlegare Norsk leksikografisk institutt, Universitetet i Oslo) og terminologi (t.d. ved Nordisk institutt, Universitetet i Bergen). Det er skrive eit par hovudoppgåver om nynorsk lovspråk (Lier 1976 og Myklebust 1996) og ei hovudoppgåve om utgjevingar av nynorsk sakprosa i tidsrommet 1900-1999 (Lynghammar 2002).

3 MÅLREISINGSTANKEN OG FRAMVOKSTEREN AV NYNORSKEN

Ivar Aasen var den første nynorske ordboksforfattaren og fagleksikografen. Det kan då vere tenleg å gå tilbake til målreisingstanken, den samanliknande språkvitskapen og opphavet til nynorsken for finne ut litt meir om kva plass fagspråket hadde og kva språkdanningsprinsipp Aasen la til grunn for utarbeiding av fagspråk og terminologi på det nye skriftspråket.

3.1 Målreisingstanken og nasjonalromantikken

Den opphavlege drivkrafta bak målreisinga og fornorskinga var nasjonal og har opphav i dei nasjonalromantiske straumdraga i Tyskland på 1700-talet. Ein grunnleggjande tanke var at ein fri nasjon bør ha sitt eige språk, noko som er ein viktig markør for nasjonal kultur og identitet, på same måten som det er viktig å grunnleggje sine eigne institusjonar, og særleg viktig er dette for nye nasjonar som eit ledd i nasjonsbygginga. Ein sentral tanke var at med eit eige, funksjonelt skriftspråk kan ein ny nasjon markere avstand til andre nasjonar og styrke sin

eigen kulturelle identitet. I 1814 fanst det ingen alternativ til det danske skriftspråket, men den politiske eliten var medviten om at den nye nasjonen her mangla ein viktig kulturell markør, og etter kvart var det ikkje tilstrekkeleg berre å kalle det danske språket for norsk når det vart nytta i Noreg. På denne tida stod òg idear om at kvar nasjon er eit eige kulturfellesskap sentralt, og at det er språket som er det viktigaste elementet for å halde eit slikt fellesskap samla og speglar av og gjev uttrykk for eigenarten til eit folk. Slike tankar stod sterkt no som Noreg hadde lausrive seg frå Danmark. Av sentrale personar i den tidlege språkdebatten kan kort nemnast Henrik Wergeland, som hadde ei reformistisk haldning og gjekk inn for å ta inn ein del særnorske ord i det danske skriftspråket, og P.A. Munch, som ville rekonstruere eit norsk skriftspråk ved å nytte ein einskild «heilnorsk» dialekt som normgrunnlag og normere denne etter det gamle norrøne språket. Etter kvart vart det to hovudretningar for målreising som skilde seg ut — Ivar Aasen og landsmålet tufta på norske målføre, og Knud Knudsen og fornorskinga av det danske språket etter mønster frå «den dannede dagligtale».

Målreisingstanken i Noreg var sterkt knytt til framveksten av folkerørslene i andre halvdelen av 1800-talet, noko som hadde samanheng både med demokratiseringsprosessen og med sosioøkonomiske endringar i samfunnet, der t.d. det gamle sjølvforsyningssjordbrukselva etter kvart vart bytt ut med pengehushald. I ei slik brytningstid tok folk til å organisere seg, både politisk, kulturelt og religiøst, og ønsket om eit norsk språk var ein del av dette. Målstrevet vart tett knytt til dei framveksande institusjonane som omfatta det frilynde ungdomsarbeidet, partiet Venstre, bondekulturen og folkehøgskulerørsela, og framveksten av og framgangen for nynorsk har vore samanfallande med det tidsrommet som gjerne vert kalla venstrestaten, dvs. tidsrommet 1884-1940. Det lukkast aldri for nynorsken å få det same fotfestet blant arbeidarklassen, som stort sett fanst i byane der bokmålet stod sterkt. Koplinga til Venstre var ei føremon for nynorsken så lenge dette partiet var leiande i norsk politikk. Samstundes vart denne koplinga så sterk at når Arbeidarpartiet vart ei leiande politisk kraft i

mellomkrigstida, gjekk nynorsken tilbake. Koplinga mellom det nasjonale og nynorsken vart dessutan svakare etter andre verdskrigen.

3.2 Den norske folkeopplysningstanken

Nasjonalromantikken tok ei litt anna retning i Noreg enn i Tyskland. I boka si *Norske naturmytologier* frå 1998 skriv Nina Witoszek om økokumanismen som ein viktig del av den norske nasjonsbygginga. Ho kallar dette ein kosmologi som byggjer på humanistiske ideal, der dei symbolske referentane for identitet skriv seg frå naturinntrykk og ei eiga spesiell stadtihørsle, ein slags middelweg mellom menneske og natur, der ideala om «det gode livet på landet» stod sterkt. Økokumanismen fremjar ei nøktern og pragmatisk haldning der likskap står framfor hierarki, og i ein slik samanheng passar ønsket om eit eige språk og inn.

Witoszek seier at Norden vart forma etter ein idé om «den pastorale opplysninga». Uttrykket er toledda og har dobbel tyding. For det første viser det til ei naturleg førestilling om det gode livet på landet. I tillegg viser det til dei skandinaviske prestane (pastorane), som formidla denne grunntradisjonen vidare. Pastor tyder både hyrde og prest, og presten vert gjerne sett på som ein gjetar for flokken. Denne dobbeltydinga vert førd vidare ved at det var prestane som på 1800-talet stod for folkeopplysninga i Noreg, i tillegg til at dei dreiv religiøs opplysning og opplæring. Dei var «potetprestar», statsembetsmenn som skreiv bøker og songar, dreiv skular og opna bibliotek, som t.d. Hans Strøm på Sunnmøre. Det var hjå slike opplysningsmenn at Ivar Aasen fekk utdanninga si, og det var deira ideal som danna grunnlaget for Aasen sitt ønske om å utvikle eit funksjonelt folkespråk. Witoszek hevdar at Aasen for alltid knytte nynorsken til myten om eit naturfolk i og med at han bygde det nye landsmålet på målføre frå landområda og ikkje frå byane. Opphavleg var pastoralen byfolks lovprising av livet på landet, og samstundes ein kritikk av dei mørke sidene ved bylivet. Ivar Aasen har ei

plassering som er motsett av denne pastoralen — han budde i storstedelen av livet sitt i byen og skreiv om og henta tilfanget sitt frå landsbygda.

3.3 Den samanliknande språkvitskapen — tida før Ivar Aasen

Interessa for å samanlikne språk, både dei samtidige språka og eldre språk, kom truleg ved at kunnskapen om det gamle språket sanskrit vart kjent blant europeiske vitskapsmenn seint på 1700-talet. Det vart påvist ein samanheng mellom gresk og latin og eit felles opphav for dei språka som no vart klassifiserte som indoeuropeiske. Det var tyskaren Jakob Grimm (1785–1863) som først laga ei vitskapleg systematisering av denne kunnskapen om sanskrit og samanhengane mellom ulike språk. Gjennom studiet av lydendringar og jamføring av slike endringar i fleire nærståande språk, kunne det påvisast at desse språka måtte ha eit felles opphav i eit eldre språk, noko som gav opphavet til ulike språkstammer som t.d. den indoeuropeiske.

I boka *Undersøgelse om det gamle Nordiske eller Islandske Sprogs Oprindelse* frå 1818 utarbeidde dansken Rasmus Rask (1787–1832) ei grundig jamføring mellom islandsk og andre nærskyldne og samtidige «tungemaal» for å finne ut kva som er opphavet til det gamle skandinaviske språket. Ved å jamføre ordtilfanget i det gamle norrøne språket med samtidsspråket islandsk og sjå på grammatiske bøyingsformer, kunne han

«... uddrage Regler for Bogstavernes Overgange fra det ene til det andet, da findes der et Grundslægtskab imellem disse Sprog; især naar Lighederne i Sprogenes Bygning og Indretning svare dertil.» (Rask 1818:35–36).

Rask var oppteken av etymologien — røtene til orda og korleis desse røtene kan finnast att i ulike språk. Her var òg språklydane viktige. Rask hadde ikkje så mange opplysningar med om norsk språk, og hevda at norsk var «... en Afændring af Svensk, der nærmer sig til Dansk og staar omrent midt imellem begge.» Han hevda vidare at det norske språket mangla ein felles

grammatikk, og var samansett berre av «en stor Mængde Provindsialekter, der ere hinanden saa ulige, at de neppe er hinanden forstaaelige.» (Begge sitata er henta frå Djupedal 1964:14).

3.4 Ivar Aasen og landsmålet

Det var først med Ivar Aasen (1813-1896) at det vart utvikla eit eige skriftspråk i Noreg, med grunnlag i ei jamførande systematisering av prøver som han samla inn frå norske målføre. Grunntanken til Aasen om at alle former i skriftmålet skulle finnast i talemålet, gjorde det vanskeleg å nå fram til eit samanhengande standardmål. Aasen sjølv såg på dette arbeidet som ei kodifisering av eit språk som alt fanst, men som ikkje var skriftfesta. I 1836 skreiv Aasen *Om vort Skriftsprog*, som er eit slags programskrift for det språkvitskaplege arbeidet han hadde sett seg føre å gjere, men som først vart prenta i 1909. Med sterk påverknad frå dei nasjonalromantiske straumdraga skreiv han i innleiinga:

«Efterat vort Fædreneland atter er blevet hvad det engang var, nemlig frit og selvstændigt, maa det være os magtpaaliggende at bruge et selvstændigt og nationalt Sprog, eftersom dette er en Nations fornemste Kjendemærke». (Aasen 1836:7).

Han ville skape eit språk som var trekt ut av folkemålet frå «enhver av Landets større Provindser», og såleis prove at autoritetar som Rasmus Rask tok feil når han peikte på den manglande felles grammatikken i dei norske målføra. Dette nye «Hovedsproget» skulle såleis vere eit tilbod som folk kunne velje på lik linje med den etablerte danske målforma, «man skulde opmuntre til dens Brug, men ellers lade enhver bruge det Nye eller Gamle, efter eget Godtbefindende.» (op.cit. 11).

Føremålet til Aasen var å skape eit landsgyldig skriftspråk på grunnlag av einskapen i målføra, og det var dermed ein føresetnad å kartlegge målføra for å finne fram systematiske fellestrekk mellom flest mogleg av dei etter det prinsippet som vi i dag ville kalla «jamførande målføregransking», der Aasen òg la etymologiske prinsipp frå det norrøne språket til grunn for formverket, og avviste ortofone løysingar. Det nye skriftspråket —

«Landsmaalet» — vart nedfelt i hovudverka *Det norske Folkesprogs Grammatik* i 1848, og i *Ordbog over det norske Folkesprog*, som kom i 1850. Desse verka var utarbeidde på grunnlag av talemålet til bøndene i dei områda av landet som han hadde vitja. I samband med dette arbeidet kartla han òg mange målføregrenser. Han førte vidare og fullførde kodifiseringa av landsmålet i *Norsk Grammatik* (1864) og *Norsk Ordbog* (1873).

I fortalen til *Norsk Ordbog* i 1873 gjer Aasen greie for arbeidsmåtane sine, og viser til ein del eldre ordlister og ordsamlingar som han har nytta som grunnlag, i tråd med den samanliknande språkvitskapen og metoden der. Den eldste han nemner, er *Den Norske Dictionarium eller Glosebog*, som presten Christen Jensen gav ut alt i 1646. Deretter kom biskop Pontoppidans *Glossarium Norvagicum*, som var trykt i Bergen i 1749. På denne tida vart det samla mange ordlister rundt om i landet, truleg som ei følgje av opplysningstida og ei auka interesse for det nasjonale. Aasen nemner m.a. *Norsk Ordsamling* av Laurents Hallager (utgjeven i København 1802), *Norsk Ordbog* av Wilse (1780) med ord frå Spydeberg, ei ordliste frå Lofoten av professor Schytte (1807), og ein del andre skrifter som «beskrivelser over enkelte Landskaber», men som òg hadde eit stort tilfang av lokale ord. Aasen er ikkje alltid like nøgd med ordutvalet, og peikar på at — med visse unntak — «er der ogsaa viist for liden Omhu for Ordenes Form og Lydforhold» (Aasen 1873:v). Men Aasen nemner særleg presten Markus Schnabel, som då han døydde i 1780 etterlèt seg ei uferdig avhandling om «det hardangerske Bondemaal». Denne vart trykt i 1874, og Aasen skriv at:

«... dette Stykke viser en saa alvorlig Opmærksomhed for Sproget og en saa omhyggelig Behandling af Formerne, at man inderlig maa beklage, at der ikke skulde komme noget mere fra den samme Haand.»

Han gjer tydeleg greie for den grundige, vitskaplege og kritiske arbeidsmåten sin ved å seie at:

«De Ordsamlinger, som jeg forefandt i trykte eller utrykte Skrifter, ere benyttede paa den Maade, at jeg ved adskillige Reiser og Ophold i Landdistrikterne har gjennemgaaet disse Samlinger med Forespørgsel om Ordenes Brug og Betydning.

At optage Ordene uden videre af trykte eller skrevne Optegnelser fra andre Hænder var, som mig syntes, at tage Sagen alt for let, da man derved ofte kunde komme til at indføre noget, som egentlig kun var Mishørsel eller Læsefeil eller Skrivfeil eller endog Trykfeil.» (Aasen 1873:vi).

Mykje av ordboksarbeidet hans bygde òg på *Bjørn Haldorsons islandske lexicon* frå 1785 og *Christian Molbechs dansk-norske ordbog* frå 1833. Det var desse tre verka han vart tilrådd å bruke i arbeidet sitt då han fekk oppdraget frå Det kongelige Norske Videnskabers Selskab i Trondheim om å samle inn ordtilfang til ei ordbok (Worren 2006:391).

I *Grundtanker til en Afhandling om en norsk Sprogform* frå 1854 definerer Aasen norsk språk såleis: «Ved Norsk forstaae vi det norske Landsmaal» (Aasen 1917:8). Han seier vidare at «En reen norsk Sprogform er den bedste og eneste gode Udvei til at faae et nationalt og almeentydeligt Sprog.» (op.cit. 19). Han såg ikkje ei tilnærming til dansk språk som noko alternativ, men hadde vel heller ei oppfatning av at det norske språket skulle avløyse dansken på lengre sikt. Ivar Aasen samla inn prøver av målføre frå store delar av landet, og oppgåva hans på dette stadiet var å vise at det fanst ein ubroten språktradisjon frå norrøn tid og fram til samtid. Det har ofte vore nytta som innvending mot landsmålet til Aasen at han etablerte eit hierarki av målføre som han såg på som meir eller mindre «ekte» og «fullverdige», alt etter kor nært dei stod det gamle norrøne språket. Dermed vart mange av målføra i byane, på Austlandet, Sørlandet og delar av Nord-Noreg utelatne, sjølv om Aasen utvida normgrunnlaget sitt seinare. Likevel har nynorsken heile tida stått svakare i dei nemnde landsdelane enn i dei områda der Aasen gjennomførde den mest omfattande målføreinnsamlinga si, dvs. på Vestlandet og i Midt-Noreg.

For å vise korleis det nye målet skulle brukast, skreiv han i 1853 den første boka på landsmål, *Prøver af Landsmaalet i Norge*, som først vart utgjeven i 1854 med nytt opplag i 1899. Boka er todelt, og har om lag 70 sider med tekstar frå ulike landsdelar, ei utgreiing om grammatikken i standardmålet og om lag 50 sider med tekstar på standardmål, som er eit framlegg til norm (*Prøver af almindeligt Landsmaal*). Tekstane er henta frå ulike sjangrar i

den muntlege tradisjonen, t.d. eventyr, gåter, rim, soger og segner, og kom frå alle landsdelar, bortsett frå flatbygdene på Sør-Austlandet. Aasen har òg med nokre omsetjingar frå tysk og engelsk, der han prøver å lage ny terminologi for å unngå det danske. Her er det tydeleg at syntaksen i utgangsteksten fangar, særleg i omsetjinga frå tysk. Dessutan byr ny teknologi terminologi på terminologiske problem. Som nemnt før prøver Aasen t.d. å unngå det den gongen danske ordet «jernbaner» ved å nytte «Spongvegjer» (Aasen 1853:109).

I fortalen gjer han greie for dei prinsippa han nytta, og som avslutning skriv han:

«Jeg havde foresat mig at undgaae alle fremmede Udtryk og derimod betegne endog de vanskeligste Begreber med Ord af norsk Rod, om endog disse tildeels maatte vaere sjeldne eller ubekjendte. I de vanskeligere Forsøg kræver denne Plan riktig nok megen Tænkning og Møie; men den giver dog ogsaa megen Fornøielse, idet man just ved saadanne Forsøg drives til at trænge ind i Modersmaalets Dybder og derved opdager flere Skatte og Hjælpemidler, end man egentlig havde ventet.» (Aasen 1853:Fortale s. IV).

Aasen laga nye ord på ulike måtar, t.d. ved å hente ord frå ein særskild dialekt, rein nylaging, rekonstruksjon frå norrønt eller islandsk, eller ved omsetjingslån, mest av lågtyske ord i dansk eller direkte frå tysk.

Etter utgjevinga av den første grammatikken og ordboka si, arbeidde han vidare med sikte på å utarbeide ei sameinande norm for alle målføra. På same måten som «de tydske Sprogmaend» gjekk han tilbake til det norrøne for å finne ein samnemnar for målføra som var tenleg å nytte i det nye skriftspråket. Det viktigaste var å finne ein einskap for alle målføra i landet, eit nytt, funksjonelt skriftspråk med ein moderne syntaks, eit språk som kan nyttast til alle føremål, òg til sakprosa.

3.5 Motbør og framgang for nynorsk

Mot slutten av 1800-talet vaks det fram mange organisasjonar, institusjonar og lag som var viktige ledd i den politiske demokratiseringsprosessen. Val av skriftspråk vart ei sak som det var viktig å få inn i det politiske ordskiftet. Samstundes hadde det nye landsmålet til Aasen

stor framgang, Aasen fekk mange påskjøningar for arbeidet sitt, og verksemda hans var stort sett godteken og høgt verdsett frå alle hald. Målreisingsarbeidet var ein viktig del av ideologien for den nasjonale reisinga, og ideen om eit eige nasjonalspråk stod sterkt. Men det var stor usemje om kva for eitt av språkalternativa — Aasens landsmål eller Knud Knudsens bokmål — som var mest nasjonalt. Fleire viktige akademikarar, som P.A. Munch og M.J. Monrad, såg på målforma til Aasen som eit altfor avgrensa, oppkonstruert og «bondsk» språk som ikkje tok omsyn til byen og «de dannede». Det utarta nesten til ein krangel om kva for ein av desse fløyane som var mest nasjonal (sjå t.d. Johnsen 2002:71-72). Såleis vart grunnlaget danna for ein språksituasjon som vi framleis har i dag, med to parallelle målformer.

Målforma til Aasen skulle vise seg å verte ein sentral del av ei norskdomsrørsle der Arne Garborg stod fram som den fremste ideologen. Garborg hadde stor respekt for Aasen, og meinte at målreising var naudsynt av nasjonale og sosiale grunnar, og han var svært aktiv i ordskiftet om språket. Han var samd med grunnprinsippet til Aasen om at skriftspråket måtte tuftast på bygdemåla, men han ville òg ha bymåla med i eit norsk skriftspråk. Språket som identitetsmarkør stod sentralt hos Garborg, som legg vekt på at ein eigen nasjon må ha sitt eige språk som kan samle folket og skape nasjonal samkjensle (Garborg 1877:104), men han hadde ikkje tru på den fornorskingslinja som Knud Knudsen gjekk inn for. Han var likevel samd med Knudsen i at det bør nyttast norske ord i staden for framandord. Garborg sette språket inn i ein kultursamanheng og utarbeidde ein språkideologi der han m.a. i *Den nye norske Sprog- og Nationalitetsbevægelse* skriv om den såkalla «tonasjonslæra», som i korte trekk innebar at Noreg omfatta to ulike nasjonar med kvar sitt språk — på den eine sida ein dansknorsktalande elite (byborgarskapen) og på den andre sida den meir egalitære bygdekulturen. Dette er ein kulturell dikotomi mellom by og land har stått sterkt heilt fram til våre dagar.

Då Aasen var ferdig med kodifiseringsarbeidet sitt, var utviklinga av den nynorske skriftkulturen godt i gang. Alt på 1850-1860-talet kom det litteratur på det nye skriftspråket. I tillegg til Garborg vil eg nemne Aasmund Olavsson Vinje og Olaus Fjørtoft, som begge utvikla sin eigen skrivemåte og stil. Garborg vart stadig meir oppteken av at folk skulle skrive sitt eige ortofone og talemålsnære språk, og at språket var ein viktig del av kampen til bøndene, seinare òg arbeidarane. Fjørtoft ville i endå større grad ta utgangspunkt i talemålet, og var motstandar av «daude» bokstavar og former som ikkje var i bruk. Dette kan sjåast på som ein fase med utprøving av det nye skriftspråket og eit steg på vegen mot ei meir formell norm, noko som det er heilt naudsynt å ha som eit grunnlag når folk skal lære seg eit nytt språk.

Vinje var kanskje den som gjorde mest i ein slik utprøvingsfase. Som Garborg var Vinje «bondestudent» i hovudstaden, der han tok juridisk embetseksamen og vart autorisert overrettssakførar. Han byrja tidleg å skrive i aviser, og starta i 1858 si eiga avis *Dølen*, der han ville nytte den nye målforma. Han vart sterkt kritisert for dette, særleg i *Morgenbladet*, der uttrykk som «dialektlitteratur» og «almuesprog» vart nytta på ein nedsetjande måte, og folkemålet vart plassert i bonderomantikken eller «idyllen», og sett på som utilstrekkeleg og uforedra, stygt og uekte (Stegane 1987:56).

I det første nummeret av *Dølen* gjer Vinje greie for målsynet sitt. Han vil skrive på eit «reint» og «fullnorsk» landsmål om aktuelle saker i tida. Språket til Vinje var prega av målføret hans. Han nytta ikkje Aasen-norma slavisk, men han var òg ute etter eit standardmål som kunne nyttast som allmennspråk og som hadde ein «vørdeleg framburd» (Venås 1981:323), men som journalist måtte han òg ta omsyn til kva lestarane meinte. Men i og med at Aasen var språkkonsulent for avisa, vart språket til Vinje etter kvart meir prega av Aasen-norma og medverka til å stadfeste denne. Som eit ledd i målreising, målrøkt og folkeopplysning sette Vinje ofte synonym i parentes etter ord og uttrykk for å forklare og

utvikle norske avløysarord, noko som han heile tida hadde bruk for som journalist. Såleis førde Vinje vidare det praktiske språklege arbeidet som Aasen hadde byrja på med *Prøver af Landsmaalet i Norge*. Vinje gjorde mykje for utarbeide ein nynorsk sakprosa, og bladet hans hadde mykje å seie for målreisinga. Han nytta etter måten få lånord, og boka *Ferdaminni frå sumaren 1860* er svært rik på avløysarord og «reine» norske ord. Her gjekk han òg eit steg vidare og utelét ofte det forklarande lånordet i parentes (Evensen 1979:25). Seinare, i dei siste årgangane av *Dølen*, fjerna Vinje seg meir frå den puristiske linja og slapp til fleire lånord i språket. Men alt i alt gjorde Vinje ein svært stor innsats som målreinsar. I *Ferdaminni* nytta han 732 avløysarord (usamansette substantiv) for om lag 600 lånord, for ofte hadde han fleire framlegg til avløysarord for eitt og same lånordet. I tillegg hadde han mange framlegg til avløysarord i samansette substantiv og andre ordklassar (Evensen 1979:30).

3.6 Oppsummering

Målreisingstanken står sentralt i nasjonsbygginga til alle nyskipa statar. Det å ha eit eige språk er ein viktig del av den nasjonale identiteten. Arbeidet til Ivar Aasen var tufta på dei nasjonalromantiske straumdraga i Europa, men hadde samstundes nær samanheng med framveksten av folkeopplysingstanken og av folkerørsler som var knytte til viktige samfunnssendringar. Det vitskaplege grunnlaget hans var den samanliknande språkvitskapen, og han sette seg føre å kodifisere det norske språket på grunnlag av ei jamføring av talemålsformer, med etymologiske prinsipp frå det norrøne skriftspråket som grunnlag. Sjølv om Aasen fekk stor påskjøning for arbeidet sitt, var det usemje om kva som var best eigna som norsk nasjonalspråk — nynorsk, eit lett fornorska dansk (riksmål) eller Knud Knudsens «dannede bokmål». Men det nye skriftspråket nynorsk vart straks teke i bruk, utprøvd og vidareutvikla, både som avisspråk, i sakprosa og i skjønnlitteratur og dikting.

4 SPRÅKPOLITISKE FAKTORAR — POLITISKE OG INSTITUSJONELLE FØRESETNADER

4.1 Institusjonsbygging

Sjølv om Aasens landsmål i stor grad er henta frå bygdemåla, stod målrørsla sterkest i byane i den første tida. Forkjemparane for det nye skriftspråket var å finne i ein kulturell elite der tilflytte og utdanna bygdeungdommar var svært aktive. Både Det Norske Samlaget i Oslo og Vestmannalaget i Bergen vart skipa alt i 1868, og dette var den første freistnaden på å bygge opp ein eigen litterær institusjon. Vestmannalaget var det første organiserte mållaget i landet, og hadde eit målsyn der det norrøne språket stod sterkt. Dei fleste medlemmene kom frå handelsborgarskapen og hadde ein nasjonalromantisk bakgrunn for språkinteressa si, og var lite opptekne av talemålet som grunnlag for landsmålet. Vestmennene gav ut det aller første bladet som kom på landsmål, *Ferdamannen* (1865-68).

Målreisinga var heller ikkje organisert som ei eiga rørsle før i 1906, då Noregs Mållag vart skipa. Før den tida var mykje av arbeidet drive gjennom arbeidet til andre nasjonale rørsler, t.d. den frilynde ungdomsrørsla (Noregs Ungdomslag, som vart skipa i 1896), ved folkehøgskulane og gjennom utgjeving av lærebøker og aviser. Dette sitatet frå *Fedraheimen* i 1880-åra kan kanskje karakterisere stoda for målrørsla:

«Høgre, Vinstre, Sosialistar, Skytterlagsfolk, Totalistar, Misjonsvener, allesaman, Parti elder Sekter, dei organiserar seg og arbeider. Det er det som gjer dei sterke. Men Maalmennene gjeng som Villdyr. Det hev aldri lukkast aa faa Skikk på dei.» (Haugland 1981:19).

Den frivillige organiseringa har vore viktig i den norske språkdebatten, både på nynorsk- og bokmålssida. Det kan vere fleire grunnar til slik organisering, men det sentrale har vore å synleggjere eit engasjement, ei sak, få denne saka inn i etablerte institusjonar og politiske organ, eller skipe nye institusjonar med eit bestemt føremål. Slik kan spørsmål som er knytte til dei språkspesifikke faktorane, t.d. rettskriving og normering, problem med manglande lærebøker o.l., kome inn på den politiske dagsordenen og få ei formell behandling

som kan føre til endringar i form av vedtak. Ottar Grepstad skriv at slik «her og no»- eller ad hoc-organisering er eit typisk trekk ved den nynorske skriftkulturen, og at lag er vortne skipa når det trengst og når det har vore praktisk og føremålstenleg. På 1980- og 1990-talet var det fleire sentrale personar i nynorsktiltaka som såg føremoner med eit betre samarbeid og betre samordning av ulike nynorskMiljø, og i 1997 vart det skipa eit nytt samarbeidsorgan, Nynorsk forum (Grepstad 2001:97ff).

Likeins har mykje av institusjonsbygginga gått føre seg etter eit prinsipp om parallelle eller alternativ organisering, der nynorskMiljø har bygd opp sine eigne institusjonar der nynorsk vart nytta som målform, t.d. hotell (bondeheimar) og kafear (kaffistover). Det Norske Teatret vart skipa i 1913, og straks etter var det skipa bankar med nynorsk som forretningsspråk og eit eige forsikringsselskap (Andvake) frå 1917. Det vart jamvel skipa parallelle organisasjonar for nynorskforfattarar og -journalistar, høvesvis Norsk Bokmannslag (1910) og Norsk Bladmannahlag (1913), og ikkje minst, eit nynorsk pressekontor (1969).

4.2 Viktige politiske vedtak

For å sikre det nye skriftspråket ein plass i samfunnet var det ikkje nok med språkleg idealisme og vilje. Det at nynorsk vart teke i bruk til sakprosa som den målforma som organisasjonar og institusjonar uttrykte seg på, og ikkje berre som diktarspråk, var viktig, men kanskje endå viktigare var det å sikre ein slik plass gjennom politiske vedtak. Den spesielle stillinga til nynorsk skriftspråk som eit «nytt» språk som tevla med det meir etablerte og utbreidde riksmålet og bokmålet, har òg gjort det naudsynt med spesielle støtteordningar. Eg vil kort nemne nokre slike vedtak og støtteordningar som har vore viktige for å sikre stillinga til nynorsken.

4.2.1 Jamstellingsvedtaket

I 1885 vedtok Stortinget ei oppmoding til Regjeringa om

«... at treffe fornøden Forføining til, at det norske Folkesprog som Skole- og offisielt Sprog sidestilles med vort almidelige Skrift- og Bogsprog.» (Lilleholt 1981:385).

Det var venstrefleirtalet på Stortinget som gjorde dette mogleg, og framleggget vart vedteke med 78 mot 31 røyster. Dermed hadde Stortinget plikta seg til å syte for at bokmål og nynorsk skulle få like gode vilkår. Dette jamstellingsvedtaket skapa mykje strid mellom bokmåls- og nynorskfolk. Det var mykje usemje om korleis vedtaket skulle tolkast, for det var inga lov. Nynorskfolk meinte vedtaket plikta regjeringa til å syte for at nynorsk verkeleg vart nytta i praksis, medan bokmålsfolk meinte at embetsmennene skulle stå fritt til å velje målform (Lilleholt 1981:385). Men det var ei viktig prinsippavgjerd, som gjorde at no kunne ikkje nynorsken lenger avvisast i offentleg bruk.

4.2.2 Skule- og opplæringsvedtak

Den nye målforma vart teken i bruk i skuleverket og vart jamstelt med dansk skriftspråk i skulebøkene i 1885, og nynorsk hadde stor framgang som skolemål. I 1892 vart det lovfesta at lokale skulekrinsar kunne få avgjere kva som skulle vere opplæringsmål i folkeskulen: nynorsk eller Knud Knudsens «almindelige Bogmaal». Jamstellinga førte til at det trondg fleire lærarar som kunne nynorsk, og i 1902 vart det difor vedteke at lærarstudentar skulle ha ein prøve i begge målformene. Lovvedtaket om sidemålsundervisning kom i 1907. På denne tida kom det ut fleire ordlister, både rettskrivingsordlister og lister med fagspråklege termar. I 1974 vedtok Odelstinget at alle lærebøker og læremiddel i andre fag enn norsk, skal ligge føre både på nynorsk og bokmål til same tid og same pris.

4.2.3 Lov om offentleg målbruk

Jamstellingsvedtaket frå 1885 kan seiast å vere ein viktig føresetnad for lova om målbruk i offentleg teneste, som vart vedteken i 1930 og tok til å gjelde frå 1. januar 1931. I lova står det at bokmål og nynorsk er likeverdige målformer og skal vere jamstelte skriftspråk i alle

organ for stat, fylkeskommune og kommune. Ved kongeleg resolusjon i 1932 vart det utarbeidd retningslinjer for den offentlege målbruken, og m.a. slått fast at departementa skulle følgje lova og syte for at både bokmål og nynorsk vert nytta i rimeleg høve, anten i form av parallelldutgåver (av rundskriv, skjema o.l.) eller:

«sumt ... på det eine og sumt berre på det andre målet alt etter som det høver, men likevel soleis at det vert rimeleg samhøve i mengd på både mål.»¹.

Noregs Mållag kom tidleg med krav om at nynorsk skulle innførast som jamstelt målform innanfor det offentlege, m.a. i svar frå statlege kontor og på blankettar og i rundskriv og lysingar, oppslag på jarnbanane, postkontora osv. Framlegg til ei lov om målbruk i statstenesta innebar at alle statstilsette under ein viss alder og med ei viss minsteutdanning var pliktige til å nytte nynorsk på lik linje med bokmål i tenesta. Jamvel om lova vart vedteken i 1930, fanst det — og finst framleis — ingen sanksjonar mot brot på lova. Det var gjerne Noregs Mållag som måtte både påpeike brot på lova og tolke målbruksreglane. Lova kom i ny utforming i 1980.

4.2.4 Støtteordningar

Blant dei støtteordningane som har vore viktigast for den nynorske skriftkulturen, kan nemnast Norsk kulturfond og pressestøtta. Norsk kulturfond vart skipa i 1965 som den første støtteordninga til skriftkulturen i Noreg. Med denne ordninga skulle det sytast for økonomisk støtte til forлага, og støtte til innkjøp av nye bøker til folkebiblioteka. Ordninga omfatta frå 1966 ei eiga støtte til litteratur på nynorsk, og størsteparten gjekk til innkjøp av skjønnlitteratur. Først i 2005 vart det innført ei eiga innkjøpsordning for sakprosa, men med svært avgrensa omfang, berre 50 titlar vart innkjøpte i 2007 (Tønnesson 2008:141).

¹ Punkt 5 i *Fyresegner um målbruk i statstenesta*, kongeleg res. 9. januar 1932, attgjeve i Lier 1976:34.

I 1969 innførde Borten-regjeringa ei ordning med statsstøtte direkte til dagspressa.

Denne støtteordninga vaks fort, og hadde svært mykje å seie for å halde oppe ei variert presse på begge målformer. Lokalavisene var svært viktige for nynorskbrukarane, og det kom til ei rad aviser i tida fram til 1940, då målsaka stod sterkest. Mange aviser måtte likevel gje seg på grunn av dårlig økonomi, men pressestøtta har truleg medverka mykje til at lokalavisene fekk eit oppsving att frå 1970-talet. Om lag 20 % av pressestøtta går til nynorske eller språkblanda aviser (Grepstad 2006:230). Fritaket frå betaling av meirverdiavgift på bøker, som vart innført i 1967, må òg nemnast som ei støtteordning.

4.3 Nynorsk i pressa

Nynorsk har alltid stått sterkt som pressespråk, og pressa har vore ein viktig arena for sakprosaen. Mange nynorskdiktarar markerte seg gjennom pressa, slik som t.d. Garborg og Vinje, som begge var framståande pressefolk. Avisene var ein viktig arena for å spreie den nye målforma og for å gje målfolk ein stad å uttrykkje seg og ta i bruk nynorsken.

Dølen vert rekna som den første avisa som kom ut på nynorsk. Vinje gav ut avisa på eigen kostnad, han var både utgjevar, redaktør og journalist. Avisa kom ut første gongen i oktober 1858, og deretter med ujamne mellomrom fram til Vinje døydde i 1870. *Dølen* var ikkje tenkt som noko kamporgan for nynorsken, men i og med at stiftinga av avisa fall saman med at Vinje gjekk over til å skrive nynorsk, vart *Dølen* eit talerøyr både for Vinje sine meininger og for det nye skriftspråket, og ein viktig utviklar av det nye bruksspråket.

Sidan var det først med *Fedraheimen* at det kom ei nynorskavis som etablerte seg for ei lengre tid. Arne Garborg stifta avisa i 1877, etter at han var vorten interessert i målsaka og ei allmenn nasjonal reising. Han la stor vekt på at ein eigen nasjon burde ha sitt eige språk som kan samle folket og skape nasjonal samkjensle. *Fedraheimen* vart ei av dei leiande Venstre-avisene heilt fram til ho gjekk inn i 1891.

I 1894 skipa Garborg og avismannen Rasmus Steinsvik ei ny avis som fekk namnet *Den 17de Mai*, og som vert rekna som den største nynorskavisa. Rettskrivinga vart modernisert og forenkla, sjølv om Aasen-norma låg til grunn. Dei to redaktørane satsa no på ei samlande avis med fastare drift, utan dei ekstreme ideologiske synspunkta som *Fedraheimen* til tider hadde. Denne avisa kom ut dagleg frå 1916 til ho vart nedlagd i 1935, og hadde tingarar over heile landet. I 1911 var det berre Aftenposten som hadde større opplag (Grepstad 2006:132).

Talet på nynorskaviser hadde ein jann auke frå 1900 og framover, men etter at *Den 17de Mai* gjekk inn, har nynorsken helst funne plassen sin i lokalaviser og i ein del regionaviser. Dei fleste av lokalavisene i dag nyttar nynorsk fordi det er hovudmålforma i det aktuelle distriktet, og ikkje først og fremst av målpolitiske omsyn. I perioden under og etter andre verdskrigen står målsaka svakare, men dette er samstundes ein periode då det vert skipa færre nye aviser enn før. På 1970-talet vart målsaka styrkt gjennom auka interesse for dialektbruk og bygdekultur. Samstundes hadde ny teknologi gjort det både enklare og billigare å etablere nye aviser.

I tillegg vart det skipa både aktualitetsblad (*For bygd og by*), vekeblad (*Nynorsk Vekeblad*), tidsskrift (*Syn og Segn*), kristelege blad (*Stille Stunder*) og barneblad (*Norsk Barneblad*). Dei tre sistnemnde har vore utgjevne i over hundre år og kjem ut enno, men aktualitets- og vekeblad på nynorsk er ikkje lenger å finne på marknaden i dag.

Riksavisene gjev framleis lite plass til nynorsk, sjølv om dei har den kompetansen som trengst, og truleg ville tene på å la dei nynorskunni journalistane sine få skrive morsmålet sitt. Motstanden mot nynorsk ligg truleg i gammal vane og i ein identitet og kultur som er sterkt knytt til bokmålet (sjå t.d. Hoel 2001:25), og den einskilde medarbeidaren må underordne seg den rådande språktradisjonen i avisa. Men i lokalpressa står nynorsk framleis svært sterkt, og dette avismålet er grunnstamma i den levande nynorske sakprosaen.

4.4 Forlagsdrift

Bokutgjevingar har sjølv sagt vore ein svært viktig arena for nynorsken, både skjønnlitteratur og sakprosa. Det fanst få norske forlag, dei store norske forfattarane skreiv på dansk og bøkene deira ville få ei større utbreiing dersom dei kom ut i Danmark. Det var vanskeleg for nynorsk litteratur å sleppe til på danske forlag, fordi han ville vere svært vanskeleg å marknadsføre i Danmark. Difor oppstod det ei rekkje parallelle verksemder som hadde som mål å fremje litteratur på nynorsk. I 1860-70-åra var det eit uklart skilje mellom avis- og forlagsdrift, og det var gjerne boktrykkjarane og seinare forleggjarane, som stod for sjølve boksalet. Ofte var det forfattarane som måtte betale for prentinga av bøkene sine. Målpressa stod også for ein del av bokutgjevingane på nynorsk, t.d. gav A. O. Vinje ut *Ferdaminni fraa Sumaren 1860* i staden for avisnummer som han var skuldig tingarane. Føljetongar frå avisene kunne seinare kome ut som eigne bøker. Avisa *Den 17de Mai* gav ut mange bøker i tida før 1905, og mykje litteratur vart også omsett, medan avisene *Fram* og *Fedraheimen* stod for utgjeving av politiske og historiske småskrifter.

Eit døme på det nære tilhøvet mellom avis og forlag, er forlaget til Mons Litleré i Bergen. Litleré (1867-1895) var skulemann, og vart tidleg klar over kor viktig det var å gje ut skrifter om ulike emne til folk på landsbygda. Han selde bøker og tinga bort blad på nynorsk, og omsette forteljingar m.a. av Kielland og Bjørnson til nynorsk. Dessutan gav han ut ny litteratur på nynorsk, m.a. av Garborg, men også av nye og ukjende forfattarar frå bygdene. Ikkje minst var han oppteken av folkeopplysning og gav ut både lærebøker og politisk litteratur. Då Litleré døydde i 1895, var det miljø i Oslo som tok over som den viktigaste utgjevarstaden for nynorsk litteratur, t.d. Bertrand Jensen, som i tida 1893-99 gav ut bøker av kring 20 nynorskforfattarar (Stegane 1987:111) og dessutan *Norsk brevbok* av Halvdan Koht. Ein annan bokhandlar og forleggjar var Albert Cammermeyer, som stod for fleire større

utgjevingar av nynorskordbøker, m.a. nokre av utgjevingane av Aasens *Norsk Ordbog* og Lars Eskelands *Norsk ordlista*. Forlaget hans gjekk inn i 1890.

Nokre av Oslo-forlaga gav ut litteratur på begge målformene, m.a. Olaf Norlis forlag, som ei tid først på 1900-talet gav ut like mange bøker på nynorsk som på bokmål. I 1925 stod Olaf Norli for 11,3 % all nynorsk sakprosa som vart utgjeven dette året (Lynghammar 2002:110). Stegane hevdar at den positive innstillinga som Olaf Norli hadde til nynorsken, gjorde det lettare for dei andre forlaga å godta den nye målforma, slik at «... det nynorske litterære liv tek til å bli meir ein delinstitusjon enn motinstitusjon» (Stegane 1987:121).

Nynorskboekene kom i små opplag, og forfattarane hadde vanskeleg for å livnære seg av skrivinga. Mykje av nynorsk litteraturen vart spreidd gjennom subskripsjon til medlemmene av t.d. Det Norske Samlaget eller Vestmannalaget. Såleis kunne bøkene nå fram til ei større mottakargruppe. I tillegg fanst det omreisande bokseljarar som på idealistisk vis reiste rundt og selde nynorsk litteratur på stader der det var vanskeleg å skaffe seg bøker på annan måte.

Det Norske Samlaget vart skipa i 1868 som eit litteraturselskap som skulle arbeide for målsaka og for å skaffe bøker og skrifter på nynorsk gjennom medlemsskap og subskripsjon. Bøkene som forlaget gav ut fram til midten av 1880-talet, hadde «... fyrst og fremst eit tradisjonsmedvite og kristent-kulturkonservativt preg» (Stegane 1987:79). Grepstad (2006:101) skriv at årsmøta i Samlaget var viktige som formelle og uformelle forum for dei store språk- og kulturpolitiske sakene i tida.

Noregs Boklag vart skipa i 1922, og selde først bøker i kommisjon for Det Norske Samlaget, Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag, men vart omskipa til forlag og vanleg bokhandel i 1927. Forlaget gav ut mykje sakprosa, og tok over utgjevinga av folkeopplysningsserien *Norske Folkeskrifter* frå 1939 (sjå nr. 7.8.2.1). Noregs Boklag vart teke over av Det Norske Samlaget i 1985.

Fonna Forlag vart skipa i 1940, og gav m.a. ut det store kunnskapsverket *Norsk Allkunnebok* (1948-64) i ti band, og stod for ei nyutgjeving av Aasens *Norsk Ordbog* i 1993.

4.5 Nynorsk i undervisninga

Etter at nynorsk vart jamstilt med bokmålet som skulemål, kom det ut ei nynorskutgåve av Nordahl Rolfsens lesebok i 1893, eitt år etter riksmålsutgåva, og denne boka vart lagd til grunn for den første nynorsknormalen. Men det fanst òg andre lesebøker med stykke på nynorsk, t.d. Peter Andreas Jensens *Lesebog for Folkeskolen og Folkehjemmet* frå 1863 (Grepstad 2006:94). Grepstad hevdar at Aasen sjølv hadde planar om å lage ei lesebok på det nye skriftspråket, men dette vart aldri realisert. Men han gav meir eller mindre velvillig råd til lesebokutgjevarar, og av desse var det særleg Jensen at han samarbeidde med. Arne Garborg og Ivar Egnund Mortenson gav òg ut ei *Læsebog i det norske folkesprog for høiere skoler* i 1885. Men det var rettskrivinga i Rolfsens lesebok som var rekna som normativ fram til dei første rettskrivingsnormalane kom. I 1896 vart det vedteke at «... de skriftlige Opgaver kan affattes saavel paa Landsmaalet som paa det almindelige Bogmaal» i den høgre skulen (Grepstad 2006:286). Det første offentlege landsgymnaset vart skipa på Voss i 1916, medan det første professoratet i nynorsk ved Universitetet i Oslo kom 1899, og studentar kunne nytte nynorsk til universitetseksamen frå 1908.

4.6 Den første nynorsknormalen

Framgangen til nynorsken førte etter kvart til eit stadig større pedagogisk problem, nemleg at nynorsk mangla ei samlande norm. Norma til Ivar Aasen var aldri vorten formelt vedteken, sjølv om ho danna grunnlaget for dei ulike variantane som var i bruk, og den praktiske bruken av nynorsk som avis- og litteraturspråk utvikla seg snart i fleire retningar. Fram til 1901 og innføringa av den første normalen var det stor variasjon og usemje om korleis det nye språket skulle skrivast, og den nemnda som vart sett ned for å utarbeide framlegg til ei felles norm

for nynorsk (Marius Hægstad, Arne Garborg og Rasmus Flo), klarte ikkje å verte samd om ei felles innstilling. Marius Hægstad gjekk inn for ei rettskriving som bygde på hovudformene til Aasen, medan dei andre to medlemmene, Arne Garborg og Rasmus Flo, gjekk inn for ein normal som bygde meir på talemålet i Telemark og Setesdalen, «Midlandet». Dermed var det dissens i nemnda, noko som førte til at Hægstad-normalen vart vedteken som hovudnorm, medan «midlandsnormalen» var valfri. Denne normalen fekk svært lita utbreiing, og fall bort etter kort tid. Med innføringa av nynorsk som valfritt skulemål og to valfrie rettskrivingsnormalar kan det ikkje ha vore lett for folk å vite korleis det nye språket skulle skrivast, så trongen for å få nedfelt ei språkleg rettesnor i form av ordbøker og ordlistar må ha meldt seg tidleg.

I Hægstad-normalen frå 1901 var Aasens hovudformer lagde til grunn for den offisielle nynorsknormalen. 1917-normalen representerte eit brot med dette synet. Forelda og «kunstige» former skulle no bytast ut med levande og landsgyldige former i bygdemåla, og synet var at nynorsken måtte moderniserast slik at flest mogleg former frå folkemåla kom med. Såleis skulle nynorsken verte lettare å godta og å lære for folk på Austlandet, Sørlandet og i Nord-Noreg. Det overordna målet var å få ei tilnærming mellom dei to skriftspråka og byggje bru mellom innarbeidde skriftlege former og talemålsformer, med eitt norsk språk som mål. Dei valfrie formene skulle nærmast prøvast ut for å sjå om dei ville verte innarbeidde. Men det lukkast aldri å markere ein sterk nok identitet for den språklege samlingstanken. Språkleg samling vart av mange sett på som eit åtak og trugsmål mot eigen identitet.

4.7 Nynorsk som lov- og administrasjonsspråk

Framgangen for nynorsk som lov- og administrasjonsspråk må i stor grad tilskrivast jamstellingsvedakten av 1885 og mållova av 1930. Det vart ikkje fastsett så veldig klare retningslinjer for korleis mållova skulle praktiserast, men etter kvart utvikla det seg ein

praksis der leiaren i lovkomiteen, som står for det lovførebuande arbeidet, avgjorde kva målform lova skulle ha. I dag er det formelt sett Stortinget som avgjer målforma. Målforma til statsråden kan òg ha ein del å seie for nynorskbruken i eit departement.

I hovudoppgåva si frå 1976 *Nynorske lover og nynorsk lovmål* har Ragnhild Lier talt opp lover på nynorsk og fordelt dei etter visse samfunnsområde, og ho kjem til at det er flest lover på nynorsk på område der nynorsken alt er utbreidd (Lier 1976:46). I praksis vil dette seie at (iallfall fram til midten av 1970-talet) kom det flest lover på områda undervisning, vitskap og kunst, jord- og skogbruk, medan det på område som sosialsaker, finans og pengestell, forsvar og sjøfart var lite nynorsk å finne. Lier knyter dette til at nynorsk er meir utbreidd i dei departementa som utarbeider lovene på nynorsk (t.d. Landbruksdepartementet), og på område der spesialutdanninga er på bokmål er det òg meir truleg at lovene vil ha bokmålsform, t.d. på finans- og sosialområdet. Dessutan peikar Lier på at ein därleg utvikla fagterminologi på nynorsk har ein del av skulda.

«Nynorsk lovgjeving [er] i ein viss mon ... avhengig av kor vidt denne målforma er nytta elles på eit saksområde. Utbreidd måldyrking gjev betre grunnlag for nynorske lover.» (Lier 1976:47).

Den første lova på nynorsk kom i 1894 (*Log um sams normaltid fyr kongeriket Norig*). Lova var opphavleg skriven på bokmål og omsett av Marius Hægstad, som var saksordførar for lova. Nokre år etterpå, i 1897, kom det ei oppmoding frå ungdomslaga om at alle nye lover måtte leggjast fram i begge målformer, og at flest mogleg av dei eldre lovene måtte omsetjast til nynorsk. Det vart løyvd pengar til dette arbeidet, som vart gjort av Nikolaus Gjelsvik, men når det galdt spørsmålet om lover på begge målformer, meinte Justisnemnda at lover om såkalla «landlege» tilhøve, t.d. jord- og skogbruk, kunne kome berre på nynorsk, medan andre lover t.d. om bruk av sjekkar, kunne kome berre på bokmål, og det vart til sist vedteke at regjeringa skulle oppmodast til å leggje fram lovteksten i begge målformer når det var «hensigtsmessigt» (sjå Lilleholt 1981:387). Dette syner at førestillinga om at nynorsk

passar betre til visse føremål enn til andre, har røter langt tilbake i tid, og eit slikt vedtak kan ha gjort noko for å fastleggje desse områda. Det var mykje strid kring lovmålet i åra fram til 1925, men idealistiske målfolk på Stortinget tok gjerne på seg ekstraarbeidet med å omsetje lover frå bokmål til nynorsk, og i 1952 fanst det 73 gjeldande lover på nynorsk (op.cit. 388). Fram til andre verdskrigen var det langt fleire omsette nynorske lover enn lover som var utarbeidde på nynorsk. Etter krigen vart det slutt på omsetjingsarbeidet, og det kom fleire lover med nynorsk grunntekst. Dei omsette lovene var ikkje likeverdige med grunntekstane på bokmål ettersom omsetjingane ikkje vart trykte i Noregs Lover, men berre i *Norsk lovtidend 2. avd.* (Lier 1976:54). Endringar av og tillegg til lovene kom sjeldan i omsetjing, så dei omsette lovene hadde ikkje same status som grunnteksten på bokmål.

4.8 Oppsummering

Trass i ein sterk vilje til å innføre nynorsk som bruksmål på ulike område i samfunnet var det naudsynt å innføre ulike støtteordningar for å leggje til rette tilhøva slik at nynorsk kunne takast i bruk slik Ivar Aasen hadde tenkt seg, nemleg som eit tilbod og eit alternativ til det meir etablerte bokmålet. I tillegg til lover, vedtak og ulike tiltak frå det offentlege omfattar desse språkpolitiske faktorane fastlegging av normer, slik at språket kan lærast på ein effektiv måte. Avisene har heile tida vore svært viktige som formidlar av nynorsk som bruksmål, og det at sentrale nynorskforkjemparar som Vinje og Garborg òg var sentrale bladmenn, har vore viktig for utbreiinga av den nynorske sakprosaen. Arbeidet for å fremje nynorsk som bruksmål i det norske lovverket syner at det heilt frå starten av har vore oppfatningar om kva denne målforma «passar til», og ikkje.

5 SPRÅKSPESIFIKKE FAKTORAR — SPRÅKPLANLEGGING, NORMERING OG ORDTILFANG

5.1 Teoriar om språk

Ein måte å sjå på utviklinga av eit nynorsk fagspråk og nynorske ordbøker og dei ulike stadia i utviklinga av eit nytt skriftspråk, kan vere å drøfte denne utviklinga i lys av teoriar om språkplanlegging. Her kjem òg normeringsspørsmålet inn, der framstillingane til Einar Haugen (1969), Lars S. Vikør (1994a) og Robert L. Cooper (1989) er tenlege til å identifisere og kartlegge dei språklege kategoriane og mekanismane som er verksame i eit levande språksamfunn. Språkplanlegging og normering er òg ein føresetnad for eit særskilt fagspråkmiljø.

Språkplanlegging kan vere eit sentralt omgrep når det gjeld utviklinga av fagspråk og terminologi, og eg vil òg sjå litt på om det har vore — og framleis er — andre prinsipp og tilnærningsmåtar som har vore typiske for nynorsk, og om dei har vore ulike bokmålet, og om ulike haldningiar til det å markere avstand til ei meir dominerande målform har gjort purismen sterkare i nynorsk enn i bokmål. Dersom det er slik, vil dette truleg ha ein innverknad på det nynorske fagspråket som skil seg frå bokmålet som fagspråk.

Før eg ser nærmare på kva «fagspråk» er (sjå nr. 6.2), kan det vere greitt å sjå litt på ulike definisjonar av omgrepet «språk». I ei allmennordbok som *Nynorskordboka* er «språk» definert som

«...det at mennesket lagar høyrelege (talte) el. synlege (skrivne) ytringar som kan gje meldingar om sanseinstrykk, tankar, kjensler o.l. frå individ til individ; mål / tungemål».

Her er det teke med at språket er noko som er typisk for mennesket, det kan vere talt eller skrive, det er eit uttrykksmiddel og eit kommunikasjonsmiddel, og det har slektskap med omgropa «mål» og «tungemål».

I ein språkvitskapleg samanheng finn vi meir spesialiserte definisjonar, t.d. har Lars S.

Vikør fleire ulike definisjonar i boka si *Språkplanlegging* frå 1994, der han går ut ifrå ein veldig vid definisjon som omfattar alle tenkjelege former for kommunikasjon og uttrykk:

«Språk er eit system av konvensjonelle eller instinktmessige teikn og/eller symbol som representerer eit innhald, ei meinings, ein beskjed e.l. 'Konvensjonelle' viser til menneskeskapte 'språk' som semaforering, 'fingerspråk', 'kroppsspråk' o.l. ... 'Instinktmessige' tar vi med for å inkludere også dei såkalla dyrespråka, der bestemte lydar, lukter, rørsler eller noe anna kan formidle meiningsinnhald til artsfrendar. I denne definisjonen blir i prinsippet alle former for kommunikasjonsmiddel å rekne for 'språk'.» (Vikør 1994a:48).

Den andre definisjonen er meir konkret og generaliserande: «Språk er 'menneskeleg tale og/eller skrift', også kalla 'verbalspråket'» (Sande 1987, sitert i Vikør 1994a:48). Vidare skriv Vikør at «... denne typen 'språk' ... er bygd opp av eit avgrensa tal einingar som ikkje har sjølvstendige tydingar eller funksjonar, nemleg språklydane, eller fonema, ...» (i skriftspråket bokstavane), som ikkje er meiningsberande i seg sjølve, men som kan setjast saman til å formidle alle moglege bodskapar. Denne tydinga omfattar «all menneskeleg tale og skrift» og utelét dei andre kommunikasjonsmidla som er nemnde under den første tydinga. Her kan ordet «berre ha to former: *Språk* (utan artikkel) og den bestemte forma *språket* — det er altså uteljeleg.» (Vikør 1994a:49).

Den tredje definisjonen er ei individualiserande tyding der ordet *språk* vert teljeleg:

«Det fins, har funnes og kjem til å finnas prinsipielt uendelege mengder av ulikt oppbygde system som kallas språk, og derfor bruker vi også ordet om kvart enkelt av desse systema i motsetning til alle andre.» (Vikør 1994a:XX).

Definisjonen av omgrepene «språk» i denne tydinga er svært problematisk, men samstundes den mest interessante når det gjeld språkplanlegginga, og Vikør drøftar han nærmare over fleire sider og kjem m.a. inn på kva kriterium som må ligge til grunn for definisjonen av eit teljeleg språk, t.d. om «norsk» kan reknast som eitt språk eller tre ulike språk (nynorsk, bokmål og riksmål). Han kjem fram til at det finst to felles kriterium:

«... det eine er lingvistisk avstand til andre språk, det andre er om språket eksisterer som ein sjølvstendig standardisert språkvarietet, det vil i praksis seie som skriftspråk.» (Vikør 1994a:52).

Omdal og Vikør (1996:13) kallar bokmål og nynorsk to ulike *språkvarietetar*, dvs. to fullstendige språksystem som ligg så nær kvarandre at dei kan reknast som eitt språk, men som byggjer på ulike skriftnormalar. Når det gjeld bokmål og nynorsk, kallar vi gjerne dette to ulike *målformer*. I *Nordisk leksikografisk ordbok* (1997:20) er *språkvarietet* synonymt med *delspråk*, der både allmennspråk, fagspråk, dialektar, sosiolektar og språk frå visse historiske epokar vert rekna som delspråk.

I den fjerde og mest snevre definisjonen av «språk» som Vikør tek med, trur eg at vi nærmar vi oss fagspråket. Her omfattar «språk»:

«... eit bestemt stilslag eller ein bestemt type språkbruk innanfor eit enkeltspråk. Det er denne tydinga vi tenker på når vi snakkar om godt eller dårlig språk, høgtideleg eller kvardagsleg språk, klart språk eller tungt språk osv.» (Vikør 1994a:50).

Fagspråket er ein slik «bestemt type språkbruk», og for å avgjere kva som er «godt eller dårlig språk», må vi ha ei norm som kan hjelpe oss. Det er her språkplanlegginga kjem inn.

5.2 Teoriar om språkplanlegging

Termen *språkplanlegging* vart først nytta av Einar Haugen i 1959 (engelsk *Language Planning*). Haugen var først mest oppteken av planleggingsprosessen, og definerer først *Language Planning* som

«... the activity of preparing a normative orthography, grammar and dictionary for the guidance of writers and speakers in a non-homogeneous speech community».

Seinare vart Haugen meir oppteken av resultatet av tiltaka som språkplanleggjarane sette i verk enn av språkplanlegginga i og for seg, og kom fram til ein ny og vidare definisjon som òg omfatta språkrøkt og meir formell standardisering:

«... the normative work of language academies and committees, all forms of what is commonly known as language cultivation (Ger. *Sprachpflege*, Dan. *sprogrøgt*, Swed. *språkvård*), and all proposals for language reform or standardization.» (Begge definisjonane ovanfor er attgjevne i Vikør 1994a:87).

Etter Haugens artikkel er det kome mange fleire definisjonar av *Language Planning* og dei er generelt vortne utvida, og kanskje vortne så vide at dei ikkje lenger kan nyttast. Dette kan vere grunnen til at Heinz Kloss i 1969 skilde omgrepene *språkplanlegging* i to delar:

korpusplanlegging (language corpus planning), som omfattar normeringsspørsmål som t.d. val av ordtilfang og stavemåtar, og
statusplanlegging (language status planning), som omfattar meir språkpolitiske spørsmål. Dei norske omsetjingane er Vikør sine (Vikør 1994a:88).

Vikør (1994a:93) har valt å nytte omgrepa *språkpolitikk* og *språkplanlegging* på ein slik måte at dei svarar omrentleg til skiljet mellom høvesvis *statusplanlegging* og *korpusplanlegging*.

Definisjonane til Sandøy og Vikør (*Språkplanlegging — føresetnader, retningsliner og følgjer* (først prenta i *Mål og Makt* nr. 4/1977, attgjevne i Vikør 1994a:93) kan vere tenlege å nytte her:

«*Språkpolitikk* er alle tiltak som emnar på å verke inn på eller kontrollere språksituasjonen eller språkbruken i eit samfunn.

Språkplanlegging er det same som å setje opp modellar for korleis ein viss språkstruktur skal utvikle seg, og arbeide for at desse modellane skal bli røyndom.»

Språkplanlegginga, eller korpusplanlegginga, vil då mest dreie seg om fastsetjing av normer og reglar for kva som skal reknast som godt språk (t.d. rettskrivingsformer, bøyingsverk), altså språkspesifikke faktorar, medan språkpolitikken, eller statusplanlegginga, vil omfatte saker som tilhøvet mellom ulike språk eller varietetar (t.d. bokmål og nynorsk), kva status desse skal ha i undervisninga, i det offentlege og i media, og for korleis ein varietet skal utvikle seg (t.d. kor stor grad av purisme språket bør ha), altså språkpolitiske faktorar.

5.3 Fasane i språkplanlegginga

Språkplanlegginga er ofte sett på som ein aktivitet i offentleg regi, og i all språkplanlegging står dei fire fasane til Einar Haugen sentralt: val av norm, kodifisering av form, utbygging av funksjon og gjennomføring, dvs. godkjenning frå samfunnet si side (jf. Vikør 1994a:95):

5.3.1 Val av norm

Val av norm vil seie å velje kva som skal leggjast til grunn for skriftspråket, og då gjeld det helst talemålet. Vikør (op.cit.:102) vil heller nytte termen «normgrunnlag» enn «norm», fordi det er ikkje snakk om å velje ei ferdig norm, men heller kva som skal vere grunnlaget, eller råmaterialet, i oppbygginga av eit standardspråk. Såleis vert det rom for variasjon, utprøving og utvikling. Det å velje éin variant som norm framfor andre, favoriserer dei som nyttar denne varianten (Haugen 1969:15). Når det gjeld nynorsk, har innvendingane mot denne målforma ofte vore grunngjevne med at Aasen favoriserte visse dialektar og helst ikkje ville ha med ordtilfang frå bymåla, som han meinte låg altfor nær det danske språket. Vikør tolkar termen «val» meir som ein prosess, der ein normerer i høve til noko (sjå Vikør:loc.cit.). På 1800-talet måtte Noreg ta utgangspunkt anten i det eksisterande skriftspråket (dansk) eller i noko anna (norrønt språk, målføre). Dei språkvitskaplege føresetnadene for å velje normgrunnlag den gongen var heller ikkje dei same som i dag. Grunnen til at det var vanskeleg å halde fram med dansk som nasjonalspråk, var både at det var politisk feil etter frigjeringa, og at avstanden til talemålet var for stor. Difor ville både Knud Knudsen og Ivar Aasen utvikle eit nytt skriftspråk, kvar på sin måte.

5.3.2 Kodifisering av form

Kodifisering av forma handlar om val av skriftsystem og fastsetjing av reglar for rettskriving, bøyning og ordlagning, helst etter språkvitskaplege reglar. Prinsippa for kodifisering kan vere ortofone eller etymologiske, dvs. byggje på talemålet eller på språkhistoria. Haugen skriv at

«Omfattende og grundig planlagt språkforskning er av den største betydning i ethvert kodifiseringsprogram, og kan være avgjørende for et heldig utfall.»
(Haugen 1969:17).

Aasen si kodifisering av landsmålet bygde på den samanliknande språkvitskapen og innsamling og jamføring av norske målføre. I Noreg vart kodifiseringa mogleg gjennom politiske vedtak, t.d. om rettskrivingsnormalar. Desse normalane er ikkje endeleg fastlagde. Stortinget vedtok jamstelling av eit språk som svært få nytta. Sjølv Aasen kunne ikkje ta i bruk språket på alle område.

5.3.3 Utbygging av funksjon

Utbygging av funksjon vil seie «å utvikle språket slik at det kan dekke alle behov og fylle alle funksjonar i det samfunnet der det skal brukast. Det omfattar utvikling av fagterminologiar, stilistiske verkemiddel osv.» (Vikør 1994a:94). Vikør meiner at omgrepet til Haugen svarar til omgrepet «språkrøkt», og definerer dette som

«... den stadige forbetringa og utviklinga av eit skriftspråk (og sekundært talemål) for at det skal stette alle dei behova og krava som til kvar tid blir stilt til det.»
(Vikør 1994a:113).

Eit slikt arbeid byggjer på det som alt er kodifisert, og arbeidet har både ei språkutviklingsside, som kan omfatte nye termar eller terminologiar og andre verkemiddel, og ei konserverande side der ein gjennom rådgjeving, retting og undervisning skal fremje dei ideala som er fastsette (gjerne av eit normgjevande organ som har fått mandat til slik fastsetjing) med omsyn til kva som er «godt språk». Mykje av slik språkrøkt dreier seg om rådgjeving om og ei stadig forbetring av språket. Denne fasen kan òg omfatte normering t.d.

ved at det vert fastsett reglar for uttrykksmåte, korleis ordtilfanget bør sjå ut, t.d. om ei puristisk eller meir internasjonalistisk linje skal følgjast, kva terminologi som skal nyttast innanfor eit fag o.l. Desse normene vert aldri så faste som normene i kodifiseringsprosessen, men er meir avhengige av den neste fasen — godkjennings-/gjennomføringsfasen. I nynorsk kan ein kanskje sjå eit sprik mellom teori (jamstelling) og praksis (gjennomslag, utbreiing), i og med at jamstellingslova aldri har vore følgd opp av sanksjonar eller konkrete pålegg om bruk på dei ulike saksfelta som t.d. i pressa.

5.3.4 Godkjenning frå samfunnet si side

Denne fasen, som Vikør seinare har endra til *gjennomføring* eller *implementering*, inneber å få folk til å godta skriftspråket og bruke det. Dette gjeld på alle plan, frå godtaking av ein heil varietet eller ei heil målform (t.d. nynorsk) til godtaking av einskilde rettskrivingsendringar heilt ned på ordnivå. Denne fasen er viktig når det gjeld arbeidet med fagspråk og terminologi. Dersom eit fagmiljø ikkje godtek ein term som brukande og dugande, vil han ikkje verte godkjend som fagterm og innarbeidd, sjølv om termen oppfyller språklege krav.

5.4 Om statusplanlegging og korpusplanlegging

Dei dynamiske elementa både på normeringsfeltet og i purismespørsmålet er her framstilt i lys av Haugen og Kloss sine omgrep frå språkplanlegginga. Ein av dei som har ført desse omgrep vidare, er Robert L. Cooper (1989). I tillegg til Coopers framstilling vil òg domeneomgrepet og mindretals-/fleirtalsproblematikken verte trekt inn. Cooper byggjer vidare på det todelte språkplanleggingsomgrepet til Kloss, dvs. statusplanlegging og korpusplanlegging. Han viser til medvitne tiltak for å påverke fordelinga av funksjonar blant språka i eit samfunn, og mange av døma hans er henta frå fleirspråklege land som Canada og Israel. Det gjer at framstillinga kan vere særleg relevant òg for norske tilhøve med dei to målformene som påverkar kvarandre.

5.4.1 Statusplanlegging

Statusplanlegginga dreier seg om dei ulike funksjonane som eit språk eller ein språkvarietet skal ha i eit samfunn. Den viktigaste funksjonen som Cooper nemner, er kanskje *offisiell status*, dvs. at språket skal vere juridisk høveleg for alle føremål i heile samfunnet, og denne statusen er ofte grunnlovsfesta. Her vert det skilt mellom tre ulike grupper: *lovfesta språk* (statutory language), *brukspråk* (working language) og *symbolspråk* (symbolic language). Som døme nemner Cooper språksituasjonen i Israel, der både hebraisk og arabisk er offisielle språk. Hebraisk tilhører alle dei tre gruppene, medan arabisk berre høyrer til dei to førstnemnde, og har ingen symbolstatus (for jødane). Engelsk kan òg ha status som brukspråk, men er verken lovfesta språk eller symbolspråk. Ved at arabisk òg har offisiell status, har styresmaktene vedkjent at ei gruppe har rett til å halde ved lag sitt sær preg. Eit anna døme er Irland, der irsk både har stor symbolverdi og offisiell status, men berre i liten grad er eit brukspråk. Ved lovfesting av eit språk kan ein herskande elite manipulere politiske symbol, og ulike grupper kan hevde at dei forvaltar symbolfunksjonane betre enn andre, noko som kan føre til strid. I nye statar med fleire ulike språk kan val av eit kolonispråk som lovfesta språk vere ein måte å unngå at eitt av dei lokale språka (og gjerne éi folkegruppe) vert favorisert på kostnad av andre. Eit døme på dette kan vere bruken av engelsk som eitt av fleire offisielle språk i India.

5.4.1.1 Ulike former for status

Cooper nemner ei rekke ulike former for status som eit språk kan ha eller få. Ikkje alle desse er like relevante for nynorsken, men dei er likevel tekne med her med ei kort omtale.

Regional status vil seie at språket er eit provinsspråk, at ein region eller provins har sitt eige offisielle språk. Som døme her kan nemnast Canada, der fransk er offisielt språk i Quebec medan engelsk er offisielt språk i resten av landet. Andre døme er tilhøvet mellom flamsk og fransk i Belgia, svensk og finsk i Finland og spansk og katalansk i Spania.

Det at eit språk er eit middel for *vidare kommunikasjon*, vil seie at språket ved hjelp av planlegging kan få høgare status i eit større område enn der det høyrer naturleg til. Eit døme på dette er russisk, som vart eit felles språk på tvers av landegrenser i det tidlegare Sovjetunionen, samstundes som styresmaktene oppmuntra folk til å nytte lokale språk slik at dei vart tospråklege, dvs. at dei utvikla ein funksjonell tospråkleg evne ved hjelp av språkplanlegging. Såleis kan eit språk spreie seg når moglege brukarar ser personlege føremoner ved å bruke det, og elitar kan fremje bruken av eit språk når dei samstundes kan fremje sine eigne interesser. I India er engelsk nytta både som eit kommunikasjonsmiddel internt mellom folkegrupper som ikkje har noko anna felles språk, og mellom indarar og utlendingar.

Det at eit språk har *internasjonal status*, vil seie at språket er eit medium for internasjonalt samkvem, t.d. når det vert avgjort kva framandspråk som skal undervisast i skulen eller nyttast innanfor visse bransjar, t.d. postvesen, diplomati, næringsliv eller internt i verksemder.

Hovudstadsspråket har med tilhøvet sentrum-periferi og med politisk makt og elitar å gjere. Språket spreier seg ofte frå sentrum til periferi, og som eit døme på dette kan nemnast Paris-talemålet, som spreidde seg til store delar av Frankrike slik at lokale språk (t.d. provençalsk, bretonsk) vart svekte. Fransk er òg språket i den belgiske hovudstaden, trass i at Brussel ligg i det flamske området av Belgia.

Gruppesspråket kan seiast å vere det språket som ei eller fleire grupper kan identifisere seg gjennom, ut frå statusen til det språket som dei nyttar. Slik kan språket verte ein gruppemarkør i nasjonalisme og politisk kamp t.d. mellom folkestammer, innvandrarar og etniske grupper.

Utdanningsspråket dreier seg om språket som vert nytta i skuleverket, anten nasjonalt eller i ein region. Dette kan innebere ein situasjon der fleirtalet må lære seg eit mindre brukt språk.

Danningsspråket har med formidling av kulturarven å gjere, og kan omfatte undervisning i klassiske språk som gresk og latin for å gje eit grunnlag for å lære andre framandspråk, eller som ein del av religiøs opplæring og utdanning (t.d. arabisk og hebraisk til studiar av høvesvis Koranen og Bibelen på originalspråket).

Litteraturspråket er eit språk som vert nytta både til skjønnlitteratur og som fagspråk, og som såleis får prestisje. Cooper siterer Fishman (1982), som hevdar at for at eit språk skal vinne fram, må det ha forankring og aksept i dei økonomiske og politiske elitane.

Det religiøse språket har som funksjon å lære opp, formane og lære folk å lese religiøse tekstar. Dette er viktig både i Islam og jødedommen, medan framveksten av protestantismen i Europa førde til at morsmåla vart viktigare, slik at bibelomsetjingar frå latin til folkemåla førte til domenetap for latinen. Det språket som religion vert formidla på, er også sterkt knytt til kjensler.

Språket i massemedia vil seie det språket som vert nytta i sentrale aviser og ved radio- og fjernsynsstasjonar der det gjerne er språknormering og språkstyring.

Språket i arbeidslivet kan vere underlagt vedtak om språkleg jamstelling eller «kvotar» av minoritets- eller mindretalsspråk. I Quebec er det t.d. lovfesta styrking av fransk i arbeids- og næringslivet.

Det er mange faktorar som verkar inn på språkplanlegginga. Elitar og maktgrupper i samfunnet har størst påverknad når det gjeld fordelinga av knappe ressursar og verdiar. Maktelitar kan nytte språkplanlegging til å få meir makt. Eit sentralt spørsmål er kor mykje styresmaktene skal kunne gripe inn i språkplanlegginga, og kor mykje som skal overlastast til «marknaden».

5.4.2 Korpusplanlegging

Korpusplanlegginga heng saman med språkplanlegginga, og omfattar spørsmål som kva form rettskrivinga skal ha, og kor språkgrensene går. Korpusplanleggjaren går ut ifrå at ein viss funksjon kan tenast ved at korpuset vert modifisert. Språkplanlegginga kan ofte ha andre siktemål enn dei reint språklege, t.d. hadde utviklinga av terminologi på hebraisk eit politisk siktemål. Den irlske rettskrivinga vart konsolidert i 1922 som eit ledd i tevlinga med engelsk. Cooper nemner fem kategoriar i korpusplanlegginga: *skriftfesting, standardisering, normering og kodifisering, modernisering* og til sist *renovering*, som alle vert kort omtala nedanfor, sjølv om ikkje alle desse er like relevante for nynorsken.

Ved *skriftfesting* av eit språk må det takast stilling til om eit eksisterande skriftsystem kan nyttast eller om eit nytt må lagast. Det må òg fastsetjast korleis skriftsystemet skal uttrykkjast — t.d. gjennom piktografi, stavingsskrift eller alfabetisk skrift. Ofte har skriftfestinga vore tillagt religiøs makt eller magi, t.d. har det kyrilliske alfabetet fått namn etter St. Cyril, og i norrøn religion heiter det at Odin skapte runene. Det grunnleggjande problemet er kva som skal representerast i språket — om det er underliggjande grammatiske former (idear) eller lyd (fonetisk representasjon) som skal leggjast til grunn. Prinsippa for stavemåtar må fastsetjast, og det må då avgjerast om eit ortofont eller eit etymologisk prinsipp skal danne grunnlaget.

All samhandling krev ei viss grad av *standardisering*, dvs. ei felles forståing og felles forventingar om kva som skal vere grunnlaget for ei norm. I småsamfunn er ein del normer innforståtte og internaliserte, men dess meir komplekst samfunnet er, dess større er behovet for at normene vert fastsette (sjå nr. 5.5.1). Dette krev planlegging, og normene kjem gjerne frå maktsentrums og elitar. Språkleg presisjon er ikkje alltid ønskjeleg, språket skal i blant vere tvitydig og ope for tolking. Språket er òg meir enn berre eit kommunikasjonsmiddel — det er ein identitetsmarkør, og kan nyttast inkluderande eller ekskluderande for grupper og individ, i

blant vil enkelte grupper ha språket for seg sjølve. Språk kan ikkje frysast fast, men det kan styrast.

Normering og kodifisering er nærskyld omgrep som òg er nært knytte til standardiseringa. Normering fører ikkje til standardisering i seg sjølv, språknormer må godtakast av tilstrekkeleg mange og opplevast som korrekte. Dermed vert haldningar viktige. Ei *normering* av talemålet kan gjere at folk opplever sitt eige talemål som «feil» eller mindreverdig. Når folk godtek at dei snakkar «feil», får vi eit standardisert talemål. Cooper er oppteken av kva rolle elitane har. Elitane ser på fornektinga av førestillinga om eit standardspråk som undergraving. Derfor kan rettskrivingsreformer føre til sterke reaksjonar, noko som t.d. var tilfellet under aksjonane mot samnorsk på 1950-talet.

Skriftspråket verkar normerande på talemålet. Cooper nemner t.d. statusskilnaden mellom arabisk skriftspråk (som er rekna som heilagt) og dei arabiske talemålsvariantane, noko som gjerne vert kalla ein diglossia-situasjon.

Kodifisering handlar om måten ein skriv på. Språk som ikkje er skriftesta, kan òg vere standardiserte, men ved skriftleg kodifisering vert språket uavhengig av tid og avstand. Kodifiseringa går over til å bli til ein standard først når ho vert autoritativ og når ho vert akseptert. Kodifiseringa vil a) spegle att ein eksisterande standard, b) fremje spreiinga av ein slik standard, c) danne grunnlag for ein ny standard eller d) verte allment godteken. Dersom ei kodifisering representerer noko nytt, er det truleg at ho må godtakast av ein eller fleire elitar for å verte autoritativ.

Modernisering vert av Cooper rekna som ein prosess der språket vert eit eigna medium for å drøfte moderne emne. Typiske trekk er kognitiv vekst, kunnskap på fleire område, spesialisering, behov for fagspråk og terminologiarbeid (Cooper 1989:150-151). Aktuelle spørsmål her er om ein eksisterande term kan nyttast, eller må det lagast ein ny, og kva som i så fall skal danne grunnlaget for den nye termen — omsetjingslån, lånord, omdefinering av til

eksisterande ord/uttrykk eller danning av ein heilt ny term i nasjonalSpråket (sjå nr. 6.8).

Samstundes må brukarane definerast, og det må t.d. takast omsyn til om termen skal vere forståeleg for ålmenta eller om han skal nyttast mest til kommunikasjon mellom fagfolk, og om det skal veljast ein «internasjonal» term (lån) framfor ein «nasjonal» term (avløysing) (sjå nr. 7.3). Med India som døme nemner Cooper at ved utarbeiding av terminologi på hindi vert gjerne sanskrit nytta som grunnlag for nye termar innanfor litteratur og kultur, medan engelsk ofte vert nytta innanfor vitskap og teknologi (Cooper 1989:152).

Renovering vil seie ein freistnad på å endre ei norm som alt er utvikla, ut frå omsynet til effektivitet, estetikk eller ideologi. Cooper nemner skifte av alfabet, noko som m.a. skjedde som ein del av dei omfattande reformene til Atatürk i Tyrkia på 1920-talet, feministane sine krav om eit meir kjønnsnøytralt språk og endring av stavemåtar for å gjere språket enklare. Her er det gjerne politiske eller andre ikkje-språklege motiv som ligg bak, og det syner seg ofte at det tek tid å få gjennomført slike endringar i språket.

5.5 Normer, normalar og normering

Ei norm er ei rettesnor, ein godteken regel, rettesnor, mønster eller målestokk. Dei to omgrepene *norm* og *normal* vert ofte nytta om kvarandre. Omdal og Vikør (1996:14-15) definerer *normer* som formelle eller uformelle retningslinjer for kva som vert oppfatta som akseptabelt, og ein *normal* som eit samanhengande system av normer som er fastsette for ein språkvarietet, altså kva som skal reknast som «rett» og «gale» i språkbruken. Normalen vert gjort gjeldande ved at han er fastsett av ein autoritet, t.d. eit språknormeringsorgan. Normene gjev oss eit sett med formelle reglar for kva som er rett språk, og i denne samanhengen er dette avgrensa til å gjelde for skriftspråket. Normer kan ofte gje assosiasjonar til påbod og tvang, og det beste er truleg å ha normer som gjev ein viss valfridom for språkbrukaren, særleg når det gjeld ordtilfanget, slik at ho gjev rom for å ha eit personleg uttrykk og ei viss eksperimentering med

språket. Men altfor liberale normer kan likevel gjøre det vanskeleg for brukarane å vite kva som er korrekt, og ikkje minst — gjøre språket vanskeleg å lære.

5.5.1 Fastsette og internaliserte normer

Normene er gjerne av to slag, *fastsette* og *internaliserte*, etter Kjell Ivar Vannebo¹. Dei fastsette normene er normer som er formelt fastsette gjennom grammatikkar, lærebøker, ordbøker og ordlistar av eit autoritativt organ, eller som får ein viss autoritet ved at dei vert samla i slike lister eller bøker. Desse normene har altså ein formell status som rette, men kan likevel vere utforma slik at dei gjev språkbrukaren høve til å velje mellom fleire former. Dei fastsette normene er mest knytte til skriftspråket, men begge normtypane omfattar alle nivå i språkbygnaden og vil påverke kvarandre gjennom bruk. Dei internaliserte normene, som er dei ofte umedvitne normene vi har tileigna oss, avgjer i stor grad korleis vi nyttar språket i ulike situasjonar, kva vi oppfattar som rett og gale, godt eller dårlig. Dei internaliserte normene er individuelle bruksnormer, og er gjerne knytte til talespråket og prega av miljøet rundt oss. Avvik frå dei formelle normene vert gjerne vurdert som «feil», medan avvik frå internaliserte normer vert vurdert meir fleksibelt og etter meir subjektive oppfatningar av kva som er «stygt» og «pent» eller meir eller mindre «passande». Internaliserte normer kan verte formelt fastsette dersom dei får utbreiing og oppfyller visse formelle krav, men alle fastsette normer vert ikkje nødvendigvis internaliserte. Normer er dermed nøye samanlevde med identitet og ideologi.

Det å fastsetje skrivemåtar, viser korleis vi tenkjer om språk. Eit viktig krav til skriftspråket er at det skal vere lett å lære, og dermed ha enkle grammatiske og ortografiske reglar. Dette kan byggje på to ulike prinsipp, nemleg det «ortofone» prinsippet, dvs. å leggje skriftbildet så nær opptil uttalen som råd, og det «etymologiske» prinsippet, dvs. å halde mest

¹ Desse omgrepa er opprinnelag nytta av Vannebo i artikkelen «Om språkvitenskapens normbegrep», *Tijdschrift voor Skandinavistiek* 1980, og omtala av Omdal og Vikør (1980:14-15) og Vikør (1994:66-68).

mogleg på konservative stavemåtar av omsyn til den indre samanhengen i språket og samanhengen med språkbruken i eldre tid. I utviklinga av dei norske skriftspråknormalane har begge desse prinsippa vore nytta, og røynslene viser at ein mellomting mellom dei to kanskje gjev dei mest levedyktige formene.

5.6 Normering av ordtilfang

Normering av ordtilfang er gjerne knytt til ulike bruksområde for språket, dvs. fagspråklege tydingar, det å fastsetje kva eit ord tyder eller kva eit nytt fenomen skal kallast, og er såleis nær knytt til fagterminologien. På eit meir generelt nivå dreier det seg gjerne om i kor stor grad det skal innførast reglar for kva ord og ordformer som skal tillatast i språket, og her har det alltid vore usemje. Språket speglar att samfunnet, og når samfunnet endrar seg snøgt, vil dette speglast att i språket. Nye fenomen oppstår, og desse må det finnast ord (eller termar) for, som språkbrukarane må verte samde om, og som vil vere forståelege for brukarane. Det er lite praktisk at eit fenomen vert omtala på ulike måtar, det er viktig å kome fram ei semje om kva for eit ord eller ein term som er best eller mest føremålstenleg. Ofte skjer dette ved at nye ord og uttrykk dukkar opp i pressa, på Internett eller i andre medium, eller dei spreier seg gjennom faglitteratur eller frå munn til munn. Det er då normene er nyttige, det at det finst grunnleggjande og allmenne reglar for korleis nye ord skal lagast og innpassast i språket. Ei normering vil då verte naudsynt på to plan: først om eit nytt ord eller uttrykk eller ein ny term kan godtakast som fullgod norsk, og om så er tilfelle, korleis skal stavemåten og bøyninga vere? Kan det nyttast både på bokmål og nynorsk? Dersom ordet, termen eller uttrykket ikkje vert godteke, så bør det finnast eit alternativ som høver betre. Her vil det gjerne vere eit skilje mellom allmennspråket, som er meir liberalt og ope for nye ord og tydingar, og fagspråket, som krev meir eksakte tydingar og definisjonar. Ofte vil det vere synet på språkleg konsekvens og purisme som vil vere avgjerande.

5.6.1 Ordtarfansen i nynorsk

Ordtarfansen i nynorsk har alltid vore eit stridsemne, og ofta har det vore strid om i kor stor grad det nynorske skriftmålet skal opnast for ord som har vore haldne ute tidlegare. Lånerkjem ofta inn i norsk gjennom bokmålet, og talemåla er ofte prega av bokmål. Faren ved å tillate mange bokmålsord er at gode og innarbeidde nynorskord kan verte gløymde. På den andre sida har bokmålet òg teke opp i seg mange «låner» frå nynorsk. Når det gjeld ord med germanske affiks, t.d. «an-», «be-», «-heit» og «-else», kan det verte eit problem dersom nokre ord kan godtakast, og andre ikkje. Her er det norma, eller kanskje heller mangelen på ei fast norm, som spelar inn. Mange av orda med suffikset «-else» er bytte ut med verbalsubstantivforma «-ing» i bokmålet. «-else»-orda er mykje mindre nytta i nynorsk enn ord som endar på «-heit», òg fordi det finst andre synonym som avløysarord. Ofte kan suffikset «-heit» bytast ut med andre suffiks som «-dom», «-leik», «-nad», «-skap», men nokre gonger kan framordet vere det einaste alternativet (fruktbarheit-fertilitet, tospråklegheit-bilingvisme) dersom «-heit»-ordet skal unngåast, og då bør det vurderast kva som er mest fornuftig å bruke, ut frå kven brukarane er.

I den tidlegaste fasen til nynorsken var det viktig å markere avstand til det danske språket. Dette er eit grunnleggjande trekk ved purismen — det å setje grenser mot eitt eller fleire språk som vert opplevd som trugande (sjå Brunstad 1997:18). Når det gjeld nynorsk, har denne grensemarkeringa vore retta både mot framandspråk, særleg tysk/dansk og i nyare tid mot engelsk, og mot bokmålet. Ivar Aasen var tvitydig når det gjeld slike ord. På den eine sida skreiv han i *Grundtanker* at «Efterligning af Dansken med dens udenfra optagne Ord og dens lærde Konstruktion er meget at vogte sig for.» (s. 4). På den andre sida var han inne på tanken om å godta eindel ord med «-heit», men kom «... senerehen til andre resultater» (sjå Venås 1983:91). Aasen skriv i *Prøver af Landsmaalet i Norge*:

«Jeg havde foresat mig at undgaae alle fremmede Udtryk og derimod betegne endog de vanskeligste Begreber med Ord af norsk Rod, om endog disse tildeels maatte vaere sjeldne eller ubekjendte.» (Aasen 1853:VI).

I *Norsk Ordbog* finst det fleire ord med «-heit», men sjeldan som eigne oppføringar. Under «Godskap» skriv Aasen i parentes: «... (Hedder oftere Godheit. f.)». Aasen har ført opp suffikset «heit» som eige oppslag, men rår til at andre «tilsvarende hjemlige Former» er betre:

«[Heit, f. med Betydn. Beskaffenhed, brugt som Endelse i Subst. (ligesom ‘het’ i Svensk og ‘hed’ i Dansk), f. Ex. Godheit, Rolegheit, Lystigheit, o.s.v., synes ogsaa at forekomme som saerskilt Ord, f. Ex. ‘stygga Heiti’, Sogn. Ordet er i en senere Tid indkommet fra Tydsk og maa her ansees som en Forvanskning, da det nemlig skulde hedde ‘heid’; jf. Holl. heid; Eng. *hood* (Ang. *hád*); Goth. *haidus*, etc. Art, Maade. Tilsvarende hjemlige Former ere: leike, skap, dom (og semd). Gram. § 279.» (Aasen 1873).

Dette kan tyde på at Aasen ikkje var heilt framand for å ta i bruk «-heit»-ord, men berre dersom det ikkje fanst andre og betre alternativ.

Når det gjeld nyare lånord, har det gått eit viktig skilje mellom meir internasjonale ord (frå latin og gresk) og lånord frå dansk og tysk. Ettersom nynorsk vaks fram som ein motsetnad til dansk-norsk, har motstanden vore større mot den sistnemnde typen lånord, sjølv om slike ord heile tida har vore å finne i folkemålet. Kjell Venås (1998:11) hevdar at det gjennom heile nynorskhistoria har vore to hovudsyn på ordtilfanget i nynorsk skriftmål. Det eine er at det nynorske skriftmålet skal vere mest mogleg nasjonalt, og difor klare seg mest mogleg med «heimlege, nedervde ord». Det andre synet er at det som er vanlege ord i talemålet, òg bør få plass i skriftnormalen, utan omsyn til korleis orda er laga eller kva opphav dei har. Motsetnaden har såleis stått mellom ei puristisk linje og ei meir liberal linje.

Sanksjonane mot dansk/tyske ord er ein del av nynorsk skriftradicjon, sjølv om mykje av den språklege arven kjem frå lågtyske ord og samstundes gjerne finst t.d. i svensk, og i norske målføre. Dette er eit dilemma, som òg kan gjere det tyngre for folk å bruke nynorsk. Eit argument for å ta opp nye ord, er at dei gjer språket rikare på nyansar og lettare å bruke, og viser at språket er levande og utviklar seg. Men opptaket bør skje etter visse kriterium, og

ikkje etter vilkårlege oppfatningar om t.d. ordet er utbreidd i talemålet, og om det finst gode synonym som alt er i bruk. Det er grammatikken, dvs. bøyingsystemet og syntaksen, som saman med lydverket utgjer grunnstrukturen i språket, og det er normene, eller normalane, som utgjer desse kriteria for opptak av nye ord.

Den norske ordtilfangsnormeringa og den nynorske purismen har parallellar i andre land, fordi det er nokså vanleg med ein slik målreisingsfase i oppbygginga av språk, særleg for språk som har ei utsett stilling i høve til eit meir dominerande språk. Men både utgangspunktet og utviklinga av slike språksyn heng nøye saman med politiske og sosiale tilhøve, eller språkpolitiske faktorar. Som døme kan t.d. nemnast tilhøvet mellom dei to språkvarietetane katharevoussa (reint språk) og dimotiki (folkespråk) i Hellas (sjå Jahr og Trudgill 1993).

5.7 Purisme

Med purisme innanfor språket meinest «strev etter eit reint språk» (Vikør 1998:22), dvs. strev etter å halde språket mest mogleg reint for uønskte ord og ordtypar, alt etter kva det måtte vere. Purismen kan sjåast som ein måte å verne eit språk mot «skadeleg» påverknad utanfrå og påfølgjande trugsmål om «utvatning» og «forflating» og ei frykt for at om ein ikkje passar på, vil språket til sist verte oppslukt i eit større og mektigare språk og forsvinne. Når eit språk skal skriftfestast, er purismen eit hjelpemiddel til å skape avstand frå andre og nærskyldne språk, og kanskje til å knyte det nye språket nærmare til historiske røter, noko som har ideologisk verdi. Puristiske haldningar inneber medvitne språkval for å nå eit mål, men er òg med på å definere kven som er med i eit språkleg fellesskap, og kven som er utanfor.

Lars S. Vikør nemner det nasjonale som det mest vanlege kriteriet på purisme, og deler den nasjonale purismen inn i to: den *generelle purismen*, som er retta mot alle framandelement utan omsyn til kvar dei kjem frå (som i islandsk), og den *spesifikke purismen*,

som er retta mot lån frå visse andre språk, t.d. språk som har vore særleg dominerande, undertrykkjande eller vert oppfatta som eit trugsmål (t.d. mot engelsk) (Vikør 1998:22). Purismen kan såleis vere ein måte å verne om eit språk som er utsett eller under press frå å verte dominert av andre språk. Samstundes kan ein altfor stor grad av purisme føre til at språknormalen fjernar seg frå folkemålet, og det vert for stort sprik mellom språknormalen og det språket som faktisk vert nytta. Purismen kan òg ha ei politisk side, der språket medvite vert nytta til å skape avstand mellom nye statar som før var samla i éin stat. Vikør nemner serbokroatisk som eit døme på dette. Etter delinga av det tidlegare Jugoslavia vart òg språket delt inn i tre språk, serbisk, kroatisk og bosnisk, som alle prøver å fjerne seg frå kvarandre som ein viktig del av det nasjonale sjølvbiletet i dei tre nye statane (1998:23).

5.7.1 Purismen i nynorsk

Nynorsk har gjerne vore sett på som eit forbodsspråk der strengt puristiske haldningar gjer seg gjeldande, og normeringa av ordtilfanget har alltid stått sentralt i utviklinga av nynorsken.

I språkplanlegginga høyrer ordtilfanget inn under «utbyggingsfasen», dvs. fasen etter at ei norm er vorten etablert og kodifisert, der det er viktig å lage nye ord som før har mangla i språket. I utviklinga av nynorsk var det viktig å lage tekstar på ulike område, for såleis å auke ordtilfanget og vise at språket kunne vere tenleg til alle føremål. Ivar Aasen gjorde òg dette, m.a. ved å setje om tekstar frå tysk og engelsk. Nynorsken skulle etablerast som eit alternativ til dansk/norsken, det var ikkje snakk om eit heilt nytt språk, men eit språk som ikkje hadde vore skriftfesta før. Folk vert difor usikre på om visse ord kunne nyttast i nynorsk, fordi det var viktig å markere opposisjon til og grenser mot dansk og tysk, og til riksmalet/bokmalet. Ofte kan skilnaden mellom talemål og skriftmål verte stor dersom ein skal halde på ei altfor puristisk linje i nynorsk. Ettersom nynorsk i stor grad byggjer på talemålet, meiner nok mange at dette er eit godt nok argument for å tillate talemålsformer som ligg nærmare bokmalet. Men

dersom det skal opnast opp for typiske bokmålsord, kan samstundes grensene verte utviska mellom dei to målformene. Dette har vore, og er stadig, eit dilemma for og eit stridsemne innanfor nynorsken.

Ivar Aasen var i store trekk purist, både i prinsipp og praksis, men opna likevel for bruk av tysk-danske lånord (t.d. ein del ord med føreleddet «be-»), i *Norsk Ordbog* (1873), sjølv om dei stod i klammer. Såleis var han først nokså liberal med omsyn til bruk av ord, men vart strengare etter kvart, t.d. i *Norsk Grammatik* (1864). Den første ordboka hans (1850) var deskriptiv, og hadde ingen klammer. Den andre (1873) var normativ. Knud Knudsen hadde same grunnsyn som Aasen, og gjekk inn for at elevar i skulen skulle lærast opp til å unngå framandord (t.d. i boka *Skolen og fremmedordene*, 1881). Han kritiserte òg målfolka for det han heldt for å vere «ureint mål», og førde opp ein del framandord som i dag er innarbeidde både på nynorsk og bokmål (t.d. porto, reform, politikk, kontor).

I dag òg kan det vel seiast at nynorskbrukarane er meir opptekne av å nytte reine norske ord enn det bokmålsbrukarane er. Lånorda frå engelsk har lenge vore eit problemområde både i bokmål og nynorsk, og haldninga har vel i store trekk vore at dersom slike ord ikkje kan haldast heilt ute frå ordlistene, bør dei anten tilpassast aktivt til norske språkreglar, eller det kan lagast gode omsetjingslån, gjerne i samarbeid med dei andre nordiske landa.

5.8 Domeneomgrepet

I underpunkta til nr. 5.6.1 ovanfor har eg omtala dei funksjonane som Cooper hevdar at språket kan ha. Nynorsk kan plasserast innanfor alle desse funksjonane, kanskje bortsett frå den funksjonen som gjeld *internasjonal status*, i og med at dei to norske målformene er såpass like, og at norsk ikkje vert nytta som eit internasjonalt språk. Nynorsk har status som offisielt språk, det står sterkare i nokre regionar jamfört med andre, det er nytta som undervisningsspråk og litteraturspråk, i massemedia og i arbeidslivet. Desse ulike funksjonane

kan avklarast nærmare ved hjelp av domeneomgrepet og ved å sjå på korleis det nynorske fagspråket gjer seg gjeldande på ulike domene.

I strategirapporten *Norsk i hundre!* fra 2005 er *domene* definert som eit område for menneskeleg aktivitet som er knytt til visse tidspunkt, omgjevnader og rollerelasjonar (*Norsk i hundre!* 2005:16). Johan Myking har avgrensa domeneomgrepet til å gjelde meir spesifikt for språkbruk: «... eit fagområde eller kunnskapsområde som eit språk er brukande for». (Myking mfl. 2005:59). Myking forklarar denne definisjonen slik:

«Dette vil altså seia at det respektive språket har til disposisjon nødvendige uttrykksmiddel og derfor er brukande innan det domenet som det er tale om. Men det at vi definerer 'domene' som 'fagområde' eller 'kunnskapsområde', inkluderer òg den sosiale dimensjonen: Eit fagleg kunnskapsdomene utgjer òg eit sosialt bruksområde for eit språk, for til dette området må det høyra kommunikative middel dersom kunnskapen skal vera intersubjektiv.» (op.cit. 59).

Denne definisjonen høver godt når det gjeld bruk av både skriftleg og munnleg fagspråk innanfor domene som her kan vere klart avgrensa, t.d. jus, medisin, landbruk og tekniske fag, og meir samansette og diffuse domene som t.d. forvalting, næringsliv og kultur. Her er det òg plass til å definere meir spesifikke domene. Myking har òg laga eit oversyn med definisjonar av andre omgrep som er knytte til domene, t.d. domenetap, domenefråskriving, domenefordeling, domeneerobring, domenegjenerobring, domeneoppdyrkning og domeneutviding. Alle desse er knytte til endringar i statusen til eit språk. Når det gjeld *domenetap*, dvs. ei utvikling der eitt språk trengjer bort eit anna frå domenet, dreier det seg gjerne om at engelsk trengjer bort norsk språk, anten det er bokmål eller nynorsk. Når eit språk ikkje lenger vert nytta innanfor domenet og tapar bruksområde i samfunnet, har vi fått eit domenetap, men omgrepet omfattar òg sjølve prosessen, sjølve «tapet». Nynorsk og bokmål er parallelle språkvarietetar med lik status, men det faktiske tilhøvet mellom dei er ujamt.

5.9 Mindretals-/fleirtalsproblematikk — nasjonalspråk

Her kan det vere tenleg å avklare nokre av dei omgrepene som vert nytta innanfor mindretals-/fleirtalsproblematikken, t.d. «minoritetsspråk», «majoritetsspråk», «offisielt språk» og «nasjonalspråk», og sjå litt nærmare på desse omgrepene i lys av fagspråk og terminologi. «Nasjonalspråk» kan definerast som:

«... det eller de språk som landets lover er forfattet i, og som offentlig kommunikasjon normalt foregår på. Nasjonalspråket er det viktigste opplæringsspråket i skolen, og det fungerer som et lingua franca på tvers av interne språkgrenser.» (*Norsk i hundre!* 2005:17).

I *The Concise Oxford Dictionary of Linguistics* er det sett eit skilje mellom nasjonalspråk og offisielt språk. *Nasjonalpråk* er der definert som «... a source or sign of identity for a nation. Potentially distinguished from an official language», medan *offisielt språk* er definert som eit språk som er «... recognized or approved for use in the administration of a country or some other political unit». I den norske definisjonen vert det altså lagt større vekt på kva praktisk funksjon nasjonalspråket skal ha enn på den identitetskjensla som språket gjev, og det er brei semje om at nasjonalspråket er norsk, og at norsk har to offisielle, jamstelte målformer, varietetane bokmål og nynorsk.

Når det gjeld omgrepet *minoritetsspråk*, er dette definert i *Nynorskordboka* som eit «språk som blir brukt av eit mindretal i eit land», medan Peter Trudgill har ein litt meir omfattande definisjon i boka *Sociolinguistics*, der han definerer språklege minoritarar (*linguistic minorities*) som:

«... groups of speakers who have as their native variety a language other than that which is the official, dominant or major language in the country where they live». (Trudgill 2000:120).

I *Norsk i hundre!* vert det lagt meir på minoritetsspråka som etnisk definerte språk: «Et minoritetsspråk er et språk som tales av en mindre gruppe i samfunnet, definert på etniske kriterier» (s. 17), t.d. samisk og kvensk, men òg urdu og vietnamesisk høyrer òg med her.

Samisk har status som offisielt språk i Noreg, men har samstundes ei etnisk tilhørsle som nynorsk manglar. Nynorsk vert her omtala som «mindretalsspråk», kanskje for å fjerne assosiasjonar til minoritetsomgrepet slik det kan vere knytt til etnisitet. I St.meld. nr. 35 *Mål og mening* (2008) vert òg dette spørsmålet drøfta, og her vert det tilrådd å omtale nynorsk som «eit mindre brukt språk», slik organisasjonen *The European Bureau for Lesser-Used Languages* gjer det. Omgrepet «minoritetsspråk» inneber ein etnisk skilnad som ikkje finst mellom bokmåls- og nynorskbrukarar. Dermed vert det feil å kalle nynorsk for eit minoritetsspråk, og betre å bruke omgrepa «mindretalsspråk» og «fleirtalsspråk» i ein slik samanheng. Dette syner at det kan vere vanskeleg å kome fram til eintydige definisjonar, men for føremålet med denne oppgåva, som er å sjå nærmare på nynorsk fagspråk i lys av ordbøker og andre oppslagsverk, vert det mest tenleg å nytte omgrepa «mindretalsspråk» og «fleirtalsspråk». I tillegg er det viktig å ta omsyn til den identitetsdimensjonen som høyrer språket til.

5.10 Oppsummering

Det finst fleire teoriar om kva språk er, likeins om språkplanlegging. Omgrepet *språkplanlegging* kan førast tilbake til Einar Haugens arbeid frå 1959, der norm, form, funksjon og gjennomføring er dei sentrale fasane. Cooper nyttar eit todelt språkplanleggingsomgrep der *statusplanlegging* og *korpusplanlegging* står sentralt. Statusplanlegginga er knytt til språkleg funksjon, og ulike former for status eit språk kan ha eller få i eit samfunn. Korpusplanlegginga har å gjere med standardisering og kodifisering av språket gjennom val av normer både for grammatikk, stavemåte og ordtilfang. Gjennom heile historia til nynorsken har det vore usemje om korleis ordtilfanget bør vere, og om eit puristisk eller meir liberalt syn skal leggjast til grunn for kva som kan godtakast som eit godt ordtilfang. Purismen har stått sterkare i nynorsk enn i bokmål, truleg fordi nynorsk er eit

mindretalsspråk som det er viktig å markere og halde ved lag grensene mot eit meir dominerande fleirtalsspråk.

6 SAKPROSA, FAGSPRÅK OG TERMINOLOGI

I dette kapittelet vil eg avklare omgrepene *fagspråk* i høve til det vidare omgrepene *sakprosa* (sjå nr. 6.1) og sjå på fagspråket i høve til allmennspråket (sjå nr. 6.3). Heilt fram til våre dagar har omgrepet «litteratur» vore nærmast synonymt med «skjønnlitteratur». Dette har prega utdanningsinstitusjonane, sakprosaen har til no vore lite påakta i lærebøkene, og det har vore underforstått at «litteraturstudentane» studerer fiksionslitteratur. Likeins er det med omgrepene «forfattar» — den populære oppfatninga har gjerne vore ein person som skriv romanar eller noveller. Sjølv har eg møtt den same haldninga som omsetjar. Når eg seier at eg ikkje arbeider med skjønnlitteratur, men sakprosa og fagtekstar t.d. i form av lærebøker, dataprogram, bruksrettleiringar og lover, er gjerne reaksjonen at dette høyrest vanskeleg og keisamt ut. Alt dette fortel noko om kor sakprosaen har hørt til i statushierarkiet. Mykje av sakprosaen har vore tekstar som berre «er der» og som folk tek for noko sjølvsagt, og har difor hatt ein lågare status enn fiksionslitteraturen. Bortsett frå biografi- og essaysjangrane, dvs. dei sjangrane som nærmar seg skjønnlitteraturen, har sakprosaen vore ein lite påakta del av litteraturhistoria. Underforstått kan ein kanskje seie at fiksionslitteratur har vorte rekna som kunst, medan sakprosaen til no har vore meir å rekne «berre» som handverk.

6.1 Hovuddrag ved sakprosa

Sakprosaomgrepet er heller nytt, og har til no vore lite påakta som forskingsobjekt. Først i 2005 vart det skipa eit eige professorat i sakprosastudiar ved Universitetet i Oslo. Ein vid definisjon av omgrepet sakprosa kan omfatte alt som ikkje er skjønnlitteratur eller fiksiontekstar. Det dreier seg altså om tekstar som fortel noko om verda, som gjev faktiske

opplysningar, og vil kunne omfatte alt frå rutetabellar og kinoannonsar til lærebøker, reklame, årsmeldingar og leksika. Oftast dreier det seg om formidling av faktaopplysningar, men sakprosaen kan òg grense opp mot skjønnlitteraturen, t.d. i reiseskildringar, biografiar og essay.

Den opplysande karakteren til sakprosaen er sentral, og dermed vert òg form og formidling viktige element når det skal vurderast om ein sakprosatekst er vellukka eller ikkje. Sakprosateksten har som regel ei definert målgruppe, som kan vere heile ålmenta (t.d. når det gjeld rutetabellar, kinoannonsar eller leksika) eller eit smalare utval av brukarar (t.d. elevane innanfor eit visst fag på eit visst klassesteg, eller aksjonærane i eit selskap). Ofte kan utforminga vere underlagd visse konvensjonar når det gjeld oppbygging og form, og den grafiske utforminga kan òg spele ei viktig rolle når det gjeld formidlinga av opplysningane.

Ein slik vid definisjon krev avgrensing og nærmare inndeling. I boka si *Det litterære skattkammer* definerer Ottar Grepstad sakprosa som:

«... føremålsretta og situasjonsprega saksframstillingar av individuelle eller kollektive forfattarar som styrer lesinga av tekstane i retning av deira intensjonar. Framstillinga er prega av etterlikning av etablerte skrivemåtar og sjangrar, dominert av tekstsamspelet og autorisert gjennom tekstar som alt ligg føre. Tekstane har ein relativ litterær kvalitet som varierer med brukssituasjonen. Tekstane blir publiserte i avisar, periodika, småtrykk eller bøker, og fungerer som underhaldning, opplysning eller nytte.» (Grepstad 1997:500).

Grepstad har delt inn sakprosaen i fire hovudkategoriar, som er «utgreiande og argumenterande tekstar» (m.a. pamflettar, vitskapsprosa, dialogar, brev, essay), «forteljande og skildrande tekstar» (biografiske, topografiske og historiske skildringar), «pedagogiske tekstar» (lærebøker, populærvitskap og religiøse skrifter) og «rettleiande tekstar» (oppslagsbøker og juridiske tekstar) (op.cit. 116). Dei rettleiande tekstane kan etter Grepstad anten vere rådgjevande (oppslagsbøker, leksika, ordbøker og almanakkar) eller befalande (juridiske tekstar). (op.cit. 372).

Ein annan definisjon på omgrepet «sakprosa» er å finne hjå Johan L. Tønnesson i boka *Hva er sakprosa?*:

«Sakprosa er tekster som adressaten har grunn til å oppfatte som direkte ytringer om virkeligheten. Sakprosateksten kommuniserer gjennom skriftlig verbalspråk, men dette skjer ofte i samspill med andre tegnsystemer.» (Tønnesson 2008:34).

Her er sakprosaen delt inn i to hovudbolkar: *den litterære sakprosaen*, som er utgjeven av forlag av namngjevne forfattarar og kan ha ein verdi som åndsverk lausriven frå kravet om nytte, og *den funksjonelle sakprosaen*, der forfattarforståinga er meir kollektiv, og forfattaren representerer ein institusjon og vender seg til ålmenta eller til andre institusjonar (op.cit. 34, 46). Tønnesson strekar under at denne inndelinga skal forståast institusjonelt, og seier ikkje noko om litterær kvalitet på tekstane. Både hjå Grepstad og Tønnesson er kommunikasjon og formidling sentrale trekk ved sakprosaen.

6.2 Hovuddrag ved fagspråk

Omgrepa sakprosa og fagspråk vert ofte nytta overlappande, men av definisjonane av sakprosa som er nemnde ovanfor, går det fram at fagspråket er ein del av sakprosaen. For føremålet med denne oppgåva er det naudsint å avgrense omgrepet fagspråk til å gjelde det språket som vert nytta av fagfolk innanfor eit avgrensa fagområde. I inndelinga som Tønnesson har gjort mellom litterær og funksjonell sakprosa meiner eg at fagspråket kan finnast begge stader, ettersom definisjonane legg mest vekt på kven som er utgjevar, og om det er forfattaren eller ein institusjon som vert rekna som opphav til teksten.

I dei fire hovudkategoriane av sakprosa som Grepstad har stilt opp (sjå nr. 6.1), kan fagspråket truleg finnast innanfor alle fire, men mest i kategoriane «pedagogiske tekstar» og «rettleiande tekstar». Men vitskapsprosa i kategorien «utgreiande og argumenterande tekstar» kan òg vere fagspråk. Det kjem i stor grad an på kven tekstane er skrivne for, og kva som er føremålet med dei.

Fagspråket står ofte i motsetnad til allmennspråket, men det er ikkje alltid klare avgrensingar mellom dei to. Allmennspråket vert òg påverka av fagspråket. Mange ord vil òg ha fleire tydingar, alt etter om dei står i ein allmennspråkleg eller fagspråkleg samanheng eller i ulike fagspråklege samanhengar. Det er gjerne det spesielle vokabularet, dvs. terminologien, som skil ein allmennspråkleg tekst frå ein fagspråkleg tekst, og dei høge krava til presisjon i fagspråket bør innebere ein høg grad av standardisering av språkføring og terminologi. I allmennspråket vert gjerne språkleg variasjon og bruk av synonymi sett på som positivt og ønskjeleg, men i ein fagspråkleg tekst vil slik variasjon kunne føre til mistydingar og manglande klarleik og presisjon, og gjere kvaliteten dårligare.


På engelsk vert fagspråk gjerne kalla «Language for Specific Purposes», forkorta til LSP. Hellekjær (1997) viser til ein bruksretta definisjon av LSP frå Stetting og Gorm Hansen¹, der LSP er definert ut frå tre ulike nivå, alt etter kva kommunikasjonssituasjon det er snakk om:

- 1) Fagintern kommunikasjon: språknivået som vert nytta når ein ekspert innanfor eit fag kommuniserer med ein annan ekspert innanfor det same fagområdet. Både sender og mottakar er då ekspertar innanfor det same fagområdet, og kan t.d. vere to lækjarar som snakkar saman om kreft.
- 2) Fagekstern kommunikasjon: språknivået som vert nytta når ein ekspert kommuniserer med ein ikkje-ekspert om fagområdet sitt. Som døme kan nemnast formidling av eit fag til studentar eller til ålmenta, eller ein lækjar som snakkar med ein journalist om kreft.
- 3) Allmennspråk: vanleg eller daglegdags språk, t.d. to lekfolk som snakkar saman om kreft.

¹ Stetting, Karen og Gorm Hansen, Inge. 1977. *Specialsprog. Fræmmedsprogsprædagogik*. E. Glahn et al (red). København: Gyldendal, s. 138-167.

På desse tre nivåa vil det vere eit gradvis «minkande» nivå av fagspråk og fagterminologi. Nr. 1) kan vel seiast å vere arena for det reine fagspråket, kommunikasjon innanfor eit fag, nr. 2) for populærvitskap, undervisning eller folkeopplysning, og nr. 3) for allmennspråk eller daglegtale. Den same språkbrukaren kan såleis skildre det same fenomenet på alle dei tre nivåa. Som typiske trekk ved fagspråket nemner Hellekjær spesialisert terminologi, bruk av upersonleg stil og passiv form, låg redundans, lange og kompliserte setningar, mykje bruk av standardfraser og lite bruk av synonym (Hellekjær 1997:4). Det er altså heile ordleggingsmønsteret som skil seg frå allmennspråket, ikkje berre den spesialiserte terminologien.

Ei slik inndeling er òg illustrert i *Norsk leksikografisk ordbok* (1997:21), der allmennspråket (AS) og fagspråket (FaS) delvis overlappar kvarande i eit fellesområde med element frå begge delar, eit fellesspråk (FeS):



Grensene mellom fagspråk og allmennspråk kan flytte seg etter kvart som eit nytt fag vert gjort meir kjent, og ord og uttrykk som først var rekna som reine fagtermar, er vortne ein del av allmennspråket (t.d. ord som «tsunami» og «breiband»), dei vandrar mellom dei to, og kan også få nytt tydingsinnhald etter kvart som utviklinga i faget gjer det naudsynt.

På alle tre nivåa står likevel *kommunikasjon* sentralt, og kravet til ein effektiv fagleg kommunikasjon set størst krav til presisjonsnivå i nr. 1) ovanfor. Det kan vere eit spørsmål om liv og død at dei to lækjarane har den same oppfatninga av innhaldet i den terminologien som dei nyttar. Samstundes kan det også vere svært uheldig at ein journalist gjev att og formidlar feil eller uklare opplysningar til ålmenta.

Bergenholtz og Tarp (1994:13) presenterer òg andre måtar å skilje mellom allmennspråk og fagspråk på: dersom vi forstår allmennspråket som identisk med nasjonalspråket, er alle typar fagspråk ein del av allmennspråket, der fagspråket kan sjåast som ein mindre sirkel inni ein større, og alle fagspråk gjer då bruk av ein større eller mindre del av dette allmennspråket. Dette kan òg sjåast på ein heilt motsett måte, dvs. at alle allmennspråklege uttrykk òg er å finne i fagspråket, slik at allmennspråket vert ein del av fagspråket, slik at allmennspråket kan sjåast som ein mindre sirkel inni ein større. Ein tredje modell syner fagspråket og allmennspråket som to åtskilde sirklar, som fenomen som er likestilte, men vert nytta i heilt åtskilde situasjonar.

6.3 Allmennspråk og fagspråk

Fagspråk vert gjerne sett i høve til allmennspråket, og dei to språkkategoriene har store fellestrekks når det gjeld grammatikk og vokabular, men samstundes kan mange ord ha ei særskild tyding i fagspråket. Dette spesielle vokabularet må lærast spesielt innanfor faget. Men for at fagfolk skal kunne nytte det til kommunikasjonsføremål, må det setjast inn i ein allmennspråkleg kontekst. Alle som har drive med fagomsetjing, veit truleg kor håplaust det kan vere å omsetje ei rein oppramsing av fagtermar som ikkje inngår i nokon språkleg samanheng som kan vere til hjelp for forståinga, eller utan at det finst ei teikning eller ein illustrasjon som kan vere til liknande hjelp.

Fagspråk kan òg sjåast på som eit samleomgrep for ulike *teknolektar*:

«En teknolekt är den delmängd som utgörs av ett enda fackområdes språkbruk; det språkbruk som används i kommunikationen mellan experter på tal om det gemensamma fackområdet.» (Laurén 1993:14, her attgjeve i Myking 1999:22).

I allmennspråklege tekstar kan det vere eit mål i seg sjølv å variere vokabularet, mens ein fagspråkleg tekst helst skal ha ein mest mogleg eintydig terminologi. Språkleg variasjon vil her kunne føre til mistydingar og gjere teksten uklar. Ofte er det ikkje nok å standardisere

berre terminologien, men det kan òg vere heile setningar eller avsnitt som går att i ulike tekstar innanfor same fagfelt, og då kan det vere eit mål at desse òg er mest mogleg standardiserte. Dei må ikkje vere det av omsyn til forståinga, men det kan vere praktiske og kvalitetsmessige omsyn som ligg til grunn. Når det gjeld omsette fagtekstar, er det god grunn til å bruke om att eit avsnitt som alt er kvalitetssikra og rekna som klart, godt og forståeleg språk. I allmennspråklege tekstar er språkleg variasjon eit særmerke, medan det i sakprosaen skal vere mest mogleg eintydig språk der både terminologi og den språklege stilen bør vere mest mogleg einsarta og eintydig.

6.4 Korleis kan språkplanleggingsprinsippa nyttast på vurderinga av fagspråk?

Når det gjeld fagspråket, er det nokre av dei språklege funksjonane til Cooper som er nemnde i nr. 5.4.1, som er meir sentrale enn andre. Fagspråket er sterkt knytt til utdanning og arbeidsliv, men det er òg viktig å sjå på den offisielle statusen til språk, og på språket som vert nytta i massemedia. Her tek eg utgangspunkt i Vikørs prinsipp for språkplanlegging (Vikør 1994a). Tilhøvet mellom bokmål og nynorsk er vorte nærare, og dei to målformene har påverka kvarandre. Syntaksen i bokmål er vorten enklare og meir talemålsnær enn den danske skrivestilen som målforma opphavleg bygde på. På same måte som Ivar Aasen gjorde Knud Knudsen eit stort arbeid for å innføre ord frå folkemålet. Han utvikla det moderne bokmålet med grunnlag i «den dannede dagligtale» i byane, og utarbeidde m.a. den store ordboka *Unorsk og norsk eller fremmedords avløsning*, som kom ut i 1881. Nynorsken, som opphavleg bygde på målføre frå ulike delar av landet og var tufta «på folkemåls grunn», har på si side vorte påverka av bokmålet for å verte vidareutvikla til spesielle føremål, t.d. som fagspråk og administrasjonsspråk. Derved har nynorsken teke opp i seg ein del lånord frå bokmålet, men samstundes er det ein markert avstand til visse ord, særleg substantiv som har eit tysk/dansk opphav som mange meiner ikkje «passar inn», og som difor ikkje er vortne

godtekne fullt ut. Såleis kan nynorsk lett få preg av å vere det Cooper kallar «symbolspråk», der det er viktig å markere tilhørsle til ei gruppe (sjå nr. 5.4.1).

I nynorsk fagspråk har ein gjerne sett at det er lettare å godta faguttrykk med latinsk opphav enn visse ordformer med germansk opphav. Det vert t.d. av mange rekna som dårlig nynorsk å nytte ord som «dødelegheit», medan det latinske «mortalitet» godt kan nyttast. Vikør (1994a:167) nemner to former for purisme på ordnivå: ein moderat variant der nye framandord og lånord vert motarbeidde, men der ein del innarbeidde ord vert godtekne (t.d. betale, som er eit germansk ord av den «forbodne» typen, men som det ikkje finst noko tilsvarande og dekkjande nynorskord for). Den andre varianten går ut på å reinse språket meir aktivt for lånord som er innarbeidde, men som ikkje vert rekna for å passe inn. Vikør skriv at «... det blir da nærmast ei smakssak om ein slik politikk skal kallas radikal eller reaksjonær.» (Vikør 1994a:168). Så kan det vel drøftast kva det skal takast mest omsyn til — kommunikasjonsaspektet eller trongen for å halde språket «reint». Samstundes kan det vere farleg å tillate bokmålsord berre fordi dei er frekvente i talemålet og for å unngå det stempelet som somme har gjeve nynorsk som eit «forbodsspråk».

Likevel er det naudsynt med ein viss grad av purisme for å kunne normere ordtilfanget, elles ville alle nye ord kome inn i språket utan styring. Eit grunnleggjande prinsipp for eit systematisk terminologiarbeid på norsk har vore å prøve å halde ute engelske termar ved å prøve å utarbeide flest mogleg norske termar. I slike tilfelle kan det ofte vere ein konflikt mellom språkfolk og fagekspertar innanfor det aktuelle området som det skal utarbeidast ein terminologi for. Fagekspertane legg gjerne mest vekt på at termene skal vere eintydige og fagleg korrekte, og at visse termar (gjerne engelske eller anglisismar) alt er innarbeidde på området, og at eit nytt og meir fornorska termframlegg ikkje vil verte forstått av andre fagekspertar. Likevel er det vorte utarbeidd terminologi innanfor ein del ulike fagfelt på norsk i form av samarbeid mellom språkfolk og fagekspertar. Døme på dette er dataspråk,

oljespråk og ein del tekniske fag, men det avgjerande spørsmålet er om denne terminologien vert teken i bruk av fagfolk. Det er dette Cooper tek opp under kategorien «modernisering» i korpusplanlegginga (sjå nr. 5.4.2). Det vert eit stadig større problem at utviklinga innanfor ulike fagområde skjer altfor fort til at eit slikt terminologiarbeid kan halde tritt, slik at dei ordbøkene og ordlistene som vert utarbeidde innanfor eit fag, ofte kan vere forelda når dei vert utgjevne, og fagmiljøa utviklar eit fagspråk der termene gjerne er lånte direkte frå eit dominerande framandspråk, helst engelsk, utan at det er teke særleg omsyn til det språklege.

6.5 Leksikografi

Leksikografien er ein del av lingvistikken, og kan omfatte både læra om ord, ordtyding og orddanning (leksikologi) og terminologi/terminografi og arbeid med encyklopediar og leksika. For meir praktiske føremål er arbeidet med oppslagsverk det sentrale, anten det dreier seg utarbeiding av ordlister, ordbøker eller leksika, men utarbeiding av ordbøker er nok det mest sentrale. Ordbøkene skal dokumentere dei orda som finst i eit språk til ei viss tid, og gje døme på korleis dei vert nytta. Skiljet mellom ordbøker og leksika kan òg vere vanskeleg å trekkje opp, men ein kan vel kort seie at ordboka inneheld opplysningar om rettskriving, bøyning og uttale, og kan ha praktiske døme på bruken av orda. Leksikonet gjev opplysningar om fenomen i verda og eigenskapane ved desse, og inneheld ikkje reine språklege opplysningar om det fenomenet som er omtala (Fjeld og Vikør 2008:21).

6.6 Ordbøker

Nynorskordboka definerer omgrepet «ordbok» som ei

«(alfabetisk ordna) oppstilling av ordtilfang frå eit visst språk med tydingsforklaring på same språket el. eit anna språk, dessutan ofte opplysningar om uttale, bøyning, ordhistorie og bruksmåtar, til skilnad frå *ordliste*».

Med «oppstilling» kan nok denne definisjonen tøyast til øg å omfatte elektroniske oppslagsverk. Ei *ordliste* eller eit *glossar* er mindre i omfang og innhold enn ordboka, er oftest eittspråkleg og har færre tilleggsopplysningar. Ordlista er mest til hjelp for å finne stavemåte og visse andre formelle sider ved orda, og inneholder færre opplysningar om tyding og bruk. Likevel har ein del nyare ordlister utvikla meir ordboksliknande trekk, slik at skiljet mellom ordbøker og ordlister er ikkje så skarpt som før (Fjeld og Vikør 2008:124). I denne oppgåva har eg ikkje laga noko skilje mellom desse to omgrepene.

Ottar Grepstad trekker fram ordboka som ein av dei store sjangrane innanfor nynorsk skriftkultur, på linje med historieframstillinga og essayet (Grepstad 1997:160). Men tala på ordboksutgjevingar som Lynghammar har funne fram til i hovudoppgåva si, viser at dette på langt nær er tilfelle. Tala hans viser at i 1925, 1950 og 1975 var berre 1-2 % av utgjevingane ordbøker, og av desse var svært mange dialektksamlingar som var utgjevne av lokalhistorielag og ungdomslag (Lynghammar 2002:70). Men ordboka er sjølv sagt ein svært viktig sjanger, ordboka inneholder det ordtilfanget som språket omfattar og gjev rettleiing i kva orda tyder og korleis ordtilfanget skal nyttast.

Ordboka i alfabetisert form slik vi kjenner henne i dag, oppstod etter at boktrykkjarkunsten vart innførd. Både assyrarane og babylonarane utvikla oversikter over ordtilfanget i språket, men verken grekarane eller romarane laga ordbøker på same måten som vi gjer i dag (Grepstad 1997:385). Det var munkar som i mellomalderen utarbeidde såkalla *glossar*, som var forklaringar på vanskelege eller sjeldne latinske ord i handskriftene deira. Såleis oppstod det eit behov for tospråklege ordbøker. På 1600-talet vart det skipa språkakademi i mange land, m.a. *Accademia della Crusca* i Italia. Dette akademiet gav ut ei ordbok i 1612. I England utarbeidde Samuel Johnson den kjende *Dictionary of the English Language*, som kom ut i 1755. Framveksten av den samanliknande språkvitskapen førte til at det vart utarbeidd ordbøker som hadde ordforklarings, etymologi og døme på praktisk bruk

av orda. I Tyskland kom første bandet av Jakob og Wilhelm Grimm si *Deutsches Wörterbuch* ut i 1854, medan det engelske standardverket *Oxford English Dictionary* kom ut i 1884-1928. Over 1 300 personar medverka i arbeidet. I USA er det Noah Webster si *American Dictionary of the English Language*, utgjeven i 1828, som er standardverket. Ivar Aasen starta på det store ordboksarbeidet sitt etter modell av ordbøkene til Molbech og Haldorsen, og Steinar Schjøtt kom med *Dansk-norsk ordbog* i 1909, deretter *Norsk ordbok med ordtyding på dansk-norsk* i 1914. I tillegg til dei store ordbøkene til Aasen er *Norsk Riksmålsordbok* (1937-57, to tilleggsband i 1995) den førebels største ordboka i Noreg, inntil *Norsk Ordbok* vert ferdig i 2014.

6.6.1 Normative og deskriptive ordbøker

Det finst mange ulike måtar å klassifisere ordbøker på (sjå t.d. NLO, Fjeld og Vikør 2008), men eit viktig skilje går mellom normative og deskriptive ordbøker. Ei *normativ ordbok* er ei ordbok der «... det inngår i formålet å påvirke brukernes språkbruk» (NLO:191). Ei slik ordbok kan vere *normskapande*, og er såleis ein reiskap for språkplanlegging, t.d. ved skriftfesting av språk eller ein strategi for val av ordtilfang, eller *normbeskrivande*, og såleis ein reiskap for språkrøkt innanfor ramma av etablerte standardspråk (loc.cit.). Likeins er terminologiske ordbøker ofta normative, fordi det her vert teke sikte på å standardisere terminologi som ikkje har vore fastlagt innanfor eit fag. Ei *deskriptiv ordbok* «... har til formål å beskrive språket, ikke å påvirke brukernes språkbruk» (NLO:96), dvs. ei ordbok der det først og fremst er førekomensten og bruken av ordet som er registrert. Ei slangordbok kan vere døme på dette, saman med dialektordbøker og frekvensordbøker, der ord vert rangerte etter kor ofte dei er nytta.

Dei to ordbokstypane har til dels ulike føremål, og ein kan kanskje seie at dei normative legg ein del premissar for deskriptive. Ein ordboksforfattar vil alltid vere styrt av visse normer

når det gjeld rettskriving, uttale, grammatikk o.l., og ordboksinnhald som i utgangspunktet verkar deskriptivt, som t.d. døme på bruk, definisjonar og forklaringar, vil som regel få eit normativt preg berre ved at det står i ordboka.

6.6.2 Eittspråklege og fleirspråklege ordbøker

Eit anna viktig skilje kan setjast mellom dei eittspråklege og dei to- eller fleirspråklege ordbøkene. To- eller fleirspråklege ordbøker definerer det norske ordtilfanget i høve til eitt eller fleire framandspråk (eller motsett), og er eit heilt sentralt hjelpemiddel ved innlæring av framandspråk og omsetjing til/frå eit framandspråk. Dei eittspråklege ordbøkene dokumenterer berre eitt språk. I begge kategoriane finst det både allmennordbøker og spesialordbøker (sjå nedanfor). Bergenholtz og Tarp (1994) skil mellom *språkordbøker* (ordbøker med språklege opplysningar), *fagordbøker* (ordbøker med faglege opplysningar, medrekna leksika) og *encyklopediske ordbøker* eller *allordbøker* (ordbøker med både språklege og faglege opplysningar).

6.6.3 Allmennordbøker og spesialordbøker

Eit anna viktig skilje, særleg når det gjeld dei eittspråklege ordbøkene, finn vi mellom allmennordbøker og spesialordbøker. Mange tenkjer gjerne på ordbøker som reint språklege hjelpemiddel, t.d. ved innlæring av eit framandspråk eller til kontroll av rettskriving. Men dei kan like gjerne vere eit hjelpemiddel til å auke forståinga innanfor eit særskilt fagområde, og til å utarbeide nye termar på grunnlag av etablert terminologi.

Allmennordbøker er ordbøker som ikkje er spesialiserte når det gjeld språkvarietetar, tekstar, ordboksstil, brukargrupper o.l. Her finn vi rettskrivingsordlister og definisjonsordbøker med ordforklarings og definisjonar, grammatiske opplysningar og praktiske døme på bruken.

Spesialordbøker er ordbøker som er spesialiserte når det gjeld språkvarietetar, tekstar, ordboksstil og brukargrupper, t.d. høyrer dei etymologiske ordbøkene og framandordbøkene høyrer heime her og likeins rimordbøker, namneordbøker, kryssordbøker o.l. Den viktigaste gruppa i denne samanhengen er likevel fagordbøkene eller dei terminologiske ordbøkene.

6.6.4 Fagordbøker, terminologiske ordbøker

Fagordbøker eller *terminologiske ordbøker* er spesialordbøker som tek for seg terminologien på eitt eller fleire fagområde med sikte på standardisering. Dei kan omhandle terminologi innanfor eitt eller fleire fag, og kan rette seg både mot lekfolk og fagfolk. Ofte er slike bøker eit resultat av eit samarbeid mellom fleire fagfolk og/eller terminologar. Desse ordbøkene kan vere eittspråklege, tospråklege og fleirspråklege, og dei to- eller fleirspråklege ordbøkene kan ha ordlister til/frå begge eller fleire språk. I fagordbøkene vert det gjerne lagt mindre vekt på språkinformasjon (grammatikk, bruk o.l.) og meir på definisjonar og forklaringar.

6.7 Leksika

I boka *Det litterære skattkammer* nemner Ottar Grepstad at det kan vere vanskeleg å trekke noko skarpt skilje mellom leksika og ordbøker (Grepstad 1997:384). Begge inneheld kunnskap som er systematisert gjennom alfabetisk ordna oppslag, og mange ordbøker har forklaringar og faktaopplysningar på same måte som leksikonet har. Grepstad kallar leksikonet ein rettleiar i kunnskap og ei samling av «... den kunnskapen ein sat inne med på eit bestemt tidspunkt» (op.cit. 380) eller ein «nasjonal hukommelse» (op.cit. 401), og nynorskordet *allkunne* dekkjer godt denne funksjonen. I ordboka er det ord og omgrep som er det sentrale, medan leksikonet inneheld kunnskap om dei fenomena som orda og omgrep refererer til. Leksikonet skulle vere «... ein rettleiar i den allment aksepterte kunnskap» (op.cit. 382). Det mest kjende leksikonet er truleg *Encyclopaedia Britannica*, som først vart utgjeve i 1771 i tre band, og som framleis kjem ut. Det første norske leksikonet som kom ut,

var *Illustrert Norsk Konversationsleksikon*, redigert av Haakun Nyhuus og utgjeve av Aschehoug forlag. Seinare vart dette til det som i dag er kjent som *Gyldendal og Aschehougs store norske leksikon*. Dette verket kom først i seks band (1913), og dei etterfølgjande utgåvene vart stadig utvida, slik at den siste utgjevinga (2004) har 16 band.

Ulike rørsler og politiske og sosiale miljø har gjeve ut sine eigne «parallelle» leksika, for å få fram og leggje større vekt på opplysningar og emne som dei meiner har vore mangefullt framstilt i dei store leksikalske oppslagsverka. Av desse kan nemnast *Arbeidernes Leksikon* (1931-36) og *Pax Leksikon* (1978-81).

6.7.1 Leksika på nynorsk

Den parallelle organiseringa som har prega nynorskmiljøet, har ført til to eigne leksikonutgjevingar på nynorsk: *Norsk Allkunnebok* (ti band, 1948-1964) og *Nynorsk leksikon* (to band, 1987). I tillegg kom *Hermes leksikon* i 1979, som det einaste leksikonet som ligg føre både på bokmål og nynorsk. *Norsk Allkunnebok* vart utgjeven av Fonna Forlag, og nær 400 personar medverka, med «... emne og personomtalar som ingen andre leksikonredaksjonar har teke med, og omgrep som ikkje var utvikla i nynorsk før» (Grepstad 1997:527). Dette verket omfatta òg atlas (1962) og ei juridisk oppslagsbok (1969). Opplaget var på 10 000 eksemplar, og men utgjevingane vart hemma av at forlaget fekk problem med økonomien på slutten av 1950-talet, slik at verket måtte kortast ned. Dei første åtte banda går fram til og med bokstaven *n*, medan dei siste to banda inneheld resten av alfabetet. I føreordet trekkjer redaksjonen fram Aasens *Heimsyn* som inspirasjonskjelde (sjå nr. 7.7.1.2), og arbeidet med ei allsidig og moderne allkunne på nynorsk vart sett i gang etter frigjeringa i 1945. I føreordet nemner redaktørane dei særlege problema som er knytte til at det mangla nynorsk fagterminologi på mange område. Dei fagordbøkene og -listene som var komne ut i 1945, vert nemnde (av Os, Sagen, Gjelsvik mfl.), og i tillegg hadde redaksjonen tilgang til

kjeldemateriale frå ordbøker som enno ikkje var utgjevne (t.d. *Norsk teknisk ordbok*, *Norsk Ordbok*). I byrjinga hadde verket 235 medarbeidarar. Ikkje alle desse skreiv på nynorsk, så ein del av artiklane er omsette av redaksjonen. Det vart lagt større vekt på norske tilhøve enn det som var vanleg i andre leksika, særleg på tilhøva i bygdene, og emne som gjeld bygdesoge, norsk språk, folkeminne og den nynorske bokheimen. I tillegg er det omfattande opplysningar om norske tilhøve.

Nynorsk Leksikon inneheld om lag 40 000 artiklar og vart utgjeve med støtte frå Noregs Mållag og Norsk kulturfond. Artiklane er heller kortfatta, og etter føreordet skal verket vere «eit brukeleg hjelphemiddel i kvardagen».

I føreordet til *Hermes leksikon* står det at dette leksikonet skal liggje mellom framandordboka og konversasjonsleksikonet i form og omfang, og vere «... eit hendig hjelphemiddel for alle som ønskjer ei snøgg førsteorientering om aktuelle ord og emne».

Pax Leksikon frå 1976 inneheld artiklar på nynorsk, men i så lite omfang at det ville vere feil å rekne det med blant nynorske leksika.

6.8 Terminologi

Termar er byggjesteinane i fagspråket. Omgrepet «terminologi» er fleirtydig, og omfattar både det teoretiske fagfeltet og det praktiske terminologiarbeidet. Terminologi er etter kvart òg vorte ei eiga vitskapsgrein, men er samstundes både ein del av eit fagområde og ein del av språkvitskapen elles, der terminologiarbeid er knytt til språkstyring og standardisering. Det har òg vore drøfta i kor stor grad språkfolk bør drive med fagterminologisk arbeid og såleis «blande seg opp i» fag som dei elles ikkje har greie på (sjå m.a. Myking 1991, Christensen 1986). Ideelt sett trengst begge partar, fagpersonen kan avklare innhaldet og omfanget av *omgrepet* og avgrense dette i høve til andre omgrep, medan språkeksperten kan gje råd om kva som er språkleg korrekt, skrivemåte, bøyingsformer, og til å utarbeide omgrepssystem og

jamføre termen med andre termar og fagområde, slik at samanblanding kan unngåast. Såleis får terminologifaget og det praktiske terminologiarbeidet ein tverrvitskapleg karakter, ettersom både språkkunnskapar og fagkunnskapar trengst for å kome fram til eit best mogleg resultat. Fagtermane må då kunne reknast både som ein del av språket og ein del av faget.

I *Nynorskordboka* er «term» definert som 1) «ord el. uttrykk som har ei fast avgrensa tyding og er knytt til eit visst emne el. fagområde; fagord, faguttrykk, nemning». Myking (1999:24) kallar termen eit «språkleg uttrykk for eit fagleg omgrep», og Vikør (1994b:3) kallar termen «eit ord eller eit uttrykk som står for eit begrep og som inngår i ein terminologi». Termen kan såleis vere enkeltståande ord («kran»), samansette ord («heisekran») eller eit samansett uttrykk med fleire ord («svingande kran»).

«Terminologi» er definert som «samling el. system av termar; nemnings bruk, nomenklatur, fagspråk», og som «læra om terminologi, nomenklaturlære». *Nomenklatur* er «ei liste over namn og spesialuttrykk i eit fag, ein vitskap e.l.» (framleis *Nynorskordboka*), og er nærskyld og til dels overlappande med terminologien, men er ofte knytt til klassifiseringar innanfor naturvitskaplege fag som botanikk, zoologi og kjemi, men kan også vere andre lister som gjerne er knytt til ei hierarkisk inndeling. Terminologi er altså både eit fagvokabular — eit spesialisert ordtilfang innanfor eit visst fag — og eit eige fag og vitskapleg felt, men i tillegg er det uttrykk for eit praktisk arbeid som gjerne går føre seg innanfor institusjonar og organ som har mandat til å drive med dette, eller innanfor større verksemder som har bruk for ein slik terminologi — altså ein metode for å nå eit mål. For føremålet med denne oppgåva er det sistnemnde det viktigaste, og det kan vere tenleg å nytte andre delen av denne definisjonen i *Norsk teknisk fagordbok*: «terminologi er ... settet av begreper og termer innenfor et fagområde.» (Hjulstad og Norevik 1984:671), og «... læren om fagtermer og fagspråklige begreper» (NLO 1997:13). Endå meir presist for føremålet med denne oppgåva kan vere denne definisjonen til Johan Myking:

«... den typen terminologiarbeid som knyter seg til produksjon av fagordbøker og normering av ordtilfang etter hevdvunne fagterminologiske areidsprinsipp, og som m.a.o. sjølv definerer seg innanfor eit terminologifagleg rammeverk.» (Myking 1991:164).


Terminologi er altså ordtilfanget i eit fagspråk. Terminologien som eigen fagdisiplin og eige forskingsfelt skal eg ikkje kome så mykje inn på her, eg er her interessert i terminologiarbeidet i samband med normering av ordtilfang innanfor ulike fagfelt, det å fastsetje kva eit omgrep skal kallast og avgrense det i høve til andre omgrep og plassere det i eit omgrepshierarki. Som eit resultat av slik normering og som ei stadfesting og systematisering av dette resultatet vert ordtilfanget gjerne samla og ordna i ordlister og ordbøker. *Omgrepet* står sentralt, og dette må definerast før det kan fastleggjast ein term som er dekkjande for omgrepet. I tillegg bør terminologane ha ein normerande funksjon, og prøve å finne termar som definerer omgrepet mest mogleg presist og eintydig, samstundes som dei tek omsyn til den reint språklege kvaliteten.

«Terminologer prøver å *forbedre* språket på et bestemt fagfelt slik at betegnelsene i faget blir eintydige og systematiske, mens leksikografer skal *registrere* ordbruk, som regel i allmennspråket, slik den kommer naturlig og spontant. (Fjeld og Vikør 2008:22).

Normeringa av terminologi vert gjerne kalla standardisering, og har som mål å skape eit eintydig uttrykk — dvs. ein term — for eit omgrep, der ideelt sett eitt omgrep skal kome til uttrykk i éin term. I eit godt fagspråk må termen altså vere eintydig og avgrensa og ha ein tydeleg definisjon som avgrensar tydinga innanfor det aktuelle fagområdet, i motsetnad til slik det er i allmennspråket, der språkleg variasjon og bruk av synonymi er eit teikn på god språkkjensle og stilistisk evne. Slik normering er avhengig av aksept, både språkleg og fagleg. Det verkar føremålslaust å fastsetje ein term som fagmiljøet ikkje godtek og nyttar, og likeins er det uheldig at ein innarbeidd fagterm ikkje stettar språklege kvalitetsmål. I større miljø som arbeider med utarbeiding og fastsetjing av terminologi, kan det vere ein terminolog som har rolla som ein slags «meklar» mellom ei språkside og ei fagside og har fullmakt til å gjere eit

endeleg val der det vert teke mest mogleg omsyn både til det faglege innhaldet og det språklege uttrykket (t.d. orddanningsmåte, stavemåte, bøyning osv.). Ettersom føremålet med terminologiarbeidet kan seiast å vere «fagkommunikativ effektivitet» (Myking 1991), krevst det både fagkunnskap og språkvitskaplege metodar for å utarbeide ein best mogleg terminologi.

Som nemnt ovanfor står avgrensinga av det som «ligg bak» termen, nemleg *omgrep*, sentralt i terminologiarbeidet. Før eit omgrep kan få ei høveleg nemning, må det fastleggjast kva innhaldet er (og ikkje er); omgrepet må avgrensast, definerast og gjerne plasserast innanfor eit hierarki av nærskyldne termar og innanfor eit avgrensa fagfelt. Éin og same term kan ha ulikt innhald (ulike omgrep) innanfor ulike fagfelt. (døme: «interoperabilitet» = samverknadsevne, samtrafikklevne, kompatibilitet — eller rett og slett — interoperabilitet?) Døme på eit slikt hierarki kan vere:



Dette hierarkiet gjeld dersom «køyretøy» vert definert som eit framkomstmiddel som har hjul. Skiljet går her mellom køyretøy med motor (motorvogn) og utan motor (sykkel). Ein annan definisjon kan vere eit framkomstmiddel som går på bakken, og då kan undergruppene utvidast til å omfatte t.d. stridsvogner, som ikkje har hjul. Dersom det er føremålstenleg, kan underkategorien «sykkel» delast vidare inn i grupper etter kor mange hjul desse køyretøya har eller kva føremålet med dei er, og underkategorien «bil» kan igjen delast inn i underkategoriar som «personbil», «varebil», «drosje» osv. I ei anna oppstilling kan sjølv sagt termen «sykkel» vere overordna termen «motorsykkel». Dømet viser dermed at slike hierarki er avhengige av korleis termane vert definerte. I tekniske og kanskje særleg i juridiske tekstar er det svært

viktig å halde orden på eit slikt hierarki, og det kan få alvorlege følgjer dersom dette presisjonsnivået er feil eller for dårlig.

6.9 Termdanning

Som nemnt i nr. 6.7 har alt terminologisk arbeid ein tverrvitskaplege karakter. Fagfolk kan avklare omgrep og setje opp omgrepssystem og -hierarki, og språkvitarane vil kunne medverke til å finne eller lage ein term som vil dekkje innhaldet og vere eintydig. Ofte kan det alt finnast ein norsk term på eit anna fagområde som kan takast i bruk på eit nytt fagområde, mens andre gonger må det lagast nye termar, og då helst etter dei same grammatiske og syntaktiske reglane som gjeld for danning av allmennord i språket. I praksis dreier det seg ofte om å setje saman eksisterande termar eller deltermar på ein ny måte, anten gjennom *avleiring* eller *samansetjing*, eller ved å innføre termar frå eit anna språk og tilpasse desse best mogleg til norsk (*import*). Eg skal ikkje gå altfor grundig inn på det grammatiske her, men berre kort nemne desse ordlagingsmåtane:

6.9.1 *Avleiling og samansætjing*

Ved *avleiring* vert eitt eller fleire affiks (anten det er prefiks eller suffiks), eller andre ordlagingselement lagde til ei rot som har eit leksikalsk innhald, eit leksem. Ved *samansetjing* vert to eller fleire leksem sette saman til eit nytt ord. Andre ordlagingsmåtar i denne kategorien kan vere ulike former for forkortinger som går inn i språket og etter kvart får ei ny og/eller sjølvstendig tyding (t.d. radar, modem, mobil).

6.9.2 *Import (framandord og lånord)*

Ved *import* vert ord tekne inn i norsk frå andre språk, anten som framandord eller lånord. Her er det framandorda som avvik mest, både i uttale, stavemåte og bøyingsmønster. Etter ei tid vil svært mange av dei importerte orda verte tilpassa norske språkreglar. Det kan ofte vere

svært vanskeleg å skilje mellom eit framandord og eit lånord, særleg når det gjeld fagspråk.

Framandorda har gjerne:

«... bevart særmerke fra det långivende språket slik at de på en eller annen måte skiller seg fra hjemlige norske ord og også kan føles som fremmede» (Faarlund, Lie & Vannebo 1997:18),

medan lånorda vert rekna som:

«... innlånte ord som har glidd inn i språket, og som er tilpasset norsk språkstruktur». (loc.cit.).

Gjennom bruk går framandorda over til å verte lånord, ei språkstrukturell tilpassing som Sandøy (1990:23) kallar *norvagisering*. Denne prosessen kan kome på «naturleg» måte ved språkbruk og påfølgjande utbreiing og aksept (eller avvising), eller vere styrd gjennom vedtak, eller framlegg til vedtak, i Språkrådet.

Når det gjeld lånord, vert desse gjerne delte inn i fleire ulike typar. Denne inndelinga (med døme) byggjer eg dels på Grønvik (1991), dels på Leira (1992):

- *direkte lån* (døme: clutch/kløtsj, chauffeur/sjåfør)
- *omgrepsslån* (døme: park and ride — innfartsparkering)
- *omsetjingslån* (døme: broadcasting — kringkasting)
- *tydingsslån* (døme: mus og skrivar, i tydinga dataverktøy)
- *lånte ordformer, medrekna dellån* (døme: team, sprayboks)
- *pseudolån* eller *falske lån* (døme: binders, softis)

Bruk av *omgrepsslån* er uttrykk for den største graden av språkleg purisme, der målet er å halde språket mest mogleg reint frå framande innslag på leksemnivå. Dei andre tilpassingsmåtane som er nemnde ovanfor, kan òg seiast å vere utslag av purisme ved at dei tilpassar utanlandske ord i større eller mindre grad.

6.9.3 Avløysarord

Ved bruk av avløysarord, eller *fornorsking* (Sandøy 2000:21) prøver ein å unngå utanlandske innslag fullt ut. Det å finne gode avløysarord er truleg den mest krevjande forma for orddanning, og kanskje den som har vore mest ønskjeleg og har høgast status i Noreg, i og med at purismen i språket har stått såpass sterkt (sjå nr. 5.7). Dette arbeidet krev at den eller dei som skal lage eit nytt ord eller ein ny term, finn ein norsk ekvivalent som fullt ut dekkjer innhaldet i ordet eller termen som skal avløysast, og som ikkje kan forvekslast med andre ord eller termar eller mistydast på andre måtar. I tillegg skal det nye ordet kanskje tevla med eit utanlandsk eller innlånt ord som til dels kan vere innarbeidd, særleg i eit fagmiljø.

6.9.4 Terminologisering

Terminologisering er «... en prosess som fører til at termer får et fast og avgrenset innhold innenfor et bestemt fag» (NLO 1997:253), det vil seie ei overføring der eit allmennspråkleg ord vert til ein term som har eit klart avgrensa innhald. I motsett fall, når ein term eller eit faguttrykk vert ein del av allmennspråket og misser det klart avgrensa innhaldet sitt, er det snakk om *avterminologisering*, «... en prosess som gjør at et fagspråklig uttrykk mister sitt fagspråklige preg» (op.cit. 73).

6.10 Terminologiarbeid

Samfunnsutviklinga, med ein stadig aukande grad av spesialisering og teknologiske nyvinningar, gjer det meir og meir naudsynt med terminologiarbeid på alle nasjonalspråk. I små språksamfunn kan dette arbeidet vere svært ressurskrevjande, og det krev òg at dei som utviklar og nyttar terminologien, er medvitne om at dette er eit viktig arbeid. Her kan nok omfanget av det aktuelle fagområdet, og kor viktig dette området er for samfunnet, vere avgjерande. Det er t.d. kostbart og arbeidskrevjande å utarbeide læremiddel innanfor smale

fagfelt. Oftast kjem fagterminologien frå dei store verdsspråka, og særleg frå engelsk. Eit sams fagspråk er viktig slik at fagfolk kan kommunisere over landegrensene, men er òg viktig for å formidle faget. I små språksamfunn kan det ofte oppstå eit skilje der fagspråket og terminologien på avansert nivå er på engelsk, medan nasjonalspråket er å rekne berre som «allmennspråk». Likevel kan dette verke utilfredsstillande og gje ei kjensle av at nasjonalspråket er «ufullkome», at språket ikkje er ferdig utbygd. I eit mindretalsspråk vert dette endå meir tydeleg når det skal utarbeidast fagterminologi som både skal vere like tydeleg og presis som i fleirtalsspråket, og som samstundes stettar dei språklege krava til kva som er «akseptabelt» både innanfor språknormene og fagleg sett, alt etter kva prinsipp som er lagde til grunn.

Terminologiarbeidet kan drivast anten etter ei puristisk eller internasjonalistisk linje (Vikør 1994a:114). Den puristiske linja er uttrykk for ein vilje til å stå på eigne bein, og markere at eit språk er godt eigna til å uttrykkje alt kva det skal vere. Ei slik linje er ofte vanleg i unge språk der brukarane ikkje har den same sjølvkjensla som brukarar av eldre og meir utbreidde språk har. Norsk er eit døme på dette. Eit anna døme er islandsk, som har vore prega av ein mykje større grad av purisme enn norsk. Her har språkleg interesse og ei puristisk haldning til språkutvikling hatt mykje å seie, og på Island finst det ein annan tradisjon for å lage nye ord framfor å ta i bruk framordet slik vi gjerne har gjort i Noreg. Ein slik tradisjon har òg nedfelt seg i fagspråket ved at det innanfor ulike fagområde finst språknemnder som syter for å lage nye islandske termar etter kvart som det dukkar opp nye tekniske omgrep.

Andre språk, t.d. dansk, er meir liberale når det gjeld inntak av framande lånord, men her òg må det takast stilling til korleis eit framord skal tilpassast dei gjeldande reglane for rettskriving (ortofon tilpassing av t.d. engelske fonemsamanstillingar som «ph», «x», «ch» osv.) og grammatikk (t.d. fastsetjing av kjønn og bøyning av substantiv).

Ein strategi som er midt imellom den puristiske og den internasjonalistiske linja er omsetjingslånet, der ord og uttrykk frå eit framandspråk får ei direkte omsetjing (t.d. ved at engelsk *frogman* vert til *froskemann* på norsk).

6.11 Normering av terminologi

Ved all normering av språk vil det ligge ein ideologi til grunn, og det same gjeld ved normeringa av terminologi og fagspråk. Vikør (1994) nemner motsetnaden mellom dei «språkoriente» og dei «fagorienterte» som ein klassisk motsetnad mellom språkfolk og fagfolk når det gjeld terminologiarbeid. Filologar som arbeider med terminologi og fagspråk, vil gjerne at termene skal vere mest mogleg «norske» i staden for at det vert nytta innlånte termar som gjerne er tekne direkte frå engelsk, og dersom slike termar skal nyttast, så skal dei tilpassast norsk rettskriving og norsk formverk.

Termene bør helst òg vere mest mogleg forståelege for folk flest, sjølv om det er delte meningar om kor viktig dette er (jf. Christensen 1986). Ofte er det slik at nye termar vert lånte inn frå engelsk og vinn innpass i eit fagmiljø utan at det er teke særleg omsyn til det språklege. Språkfolk vil då gjerne seie at fagfolka har teke minste motstands veg og medvitslaust teke til den lettaste løysinga, dvs. å nytte den engelske termen, kanskje med ei viss fornorsking og språkleg tilpassing. Utan medviten styring kan det òg lett utvikle seg parallelle terminologiar i ulike fagmiljø. Når språkfolk kjem med framlegg til fornorsking i form av eit avløysarord i staden for lånordet, skjer dette gjerne etter at ein innlånt term alt har fått innpass i fagmiljøet. Fagmiljøet kan då oppleve dette som utdig innblanding og forkaste termframlegget fordi det fagleg sett er for därleg. Dette kan i verste fall utvikle seg til ein prestisjekamp i staden for eit samarbeid. Løysinga må vere at språkfolk og fagfolk tek til å samarbeide så tidleg som mogleg, før termen har fått fotfeste. Men dette er i ei ideell verd, og kan vere vanskeleg å få til i praksis dersom det ikkje finst vilje eller rutinar for dette. Denne

konflikten som kan oppstå mellom fagfolk og språkfolk, vart drøfta av ingeniøren Sigmund Christiansen, som i 1986 skreiv ein artikkel om nynorsk teknisk fagspråk i *Norsk Tidend*. Han var sjølv nynorskbrukar, men hadde ei klar oppfatning om at «Terminologien er ein del av faget, ikkje først og fremst ein del av språket» (Christensen 1986:10).

6.12 Terminologiarbeid i Noreg

Johan Myking (1999) hevdar at terminologiarbeidet i Noreg er prega av produksjon av fagordbøker på den eine sida, og nokre større terminologiprosjekt som t.d. fornorskinga av oljespråket på den andre. Terminologiarbeidet i Noreg har vore drive av ulike instansar og institusjonar og for ulike føremål, ofte med små ressursar, og ofte som ein del av anna arbeid, t.d. dokumentasjon, omsetjing, standardisering, forsking, undervisning, leksikografisk arbeid og forlagsverksemrd. Arbeidet er òg gjerne ad hoc-prega, lite samordna og lite tilgjengeleg, med liten grad av samarbeid mellom dei ulike miljøa. Det er svært få terminologstillingar i Noreg, og vanskeleg å utdanne seg i terminologi som eit praktisk retta fag.

Av dei norske organa og institusjonane som driv eller har drive terminologiarbeid, bør dei følgjande nemnast:

6.12.1 Rådet for teknisk terminologi (RTT)

RTT vart skipa ved NTH i 1938 som eit samarbeidstiltak mellom fleire universitet, bransjeforeiningar innanfor tekniske fag og offentlege styresmakter. RTT flytte til Oslo i 1956, og i 1990 vart rådet gjort om til ei stifting som var finansiert dels gjennom statlege midlar og dels gjennom oppdrag. 37 instansar var då representerte, m.a. Språkrådet. I tillegg til å gje praktiske råd om terminologi var føremålet med RTT å gje ut tekniske ordbøker, og over 60 slike bøker er gjevne ut innanfor ulike tekniske fagområde. I føremålsparagrafen står det at RTT skal «... arbeide aktivt for klarhet, entydighet og ensartethet i en fagterminologi som er hensiktsmessig for norske forhold» (attgjeve i Myking 1991:172). Det står ingenting

om ansvar for utarbeiding av terminologi på nynorsk, men i den grad nynorske termar er tekne med, er dette gjort av Språkrådet ved den språklege gjennomgangen av bøkene, eller av språkfolk i RTT. Ordbøkene og ordboksarbeidet er det gjort nærmare greie for i nr. 7.8.3.

RTT vart lagt ned etter konkurs i 2001, funksjonen er no førd over til Språkrådet, der «arven» i form av ordbøker og elektronisk materiale er teken vare på av ei eiga faggruppe.

6.12.2 *Standard Norge (SN)*

Standard Norge er ein halvstatleg organisasjon der både bransjeorganisasjonar og offentlege styresmakter er representerte, og som er knytt til den europeiske standardiseringsorganisasjonen (CEN). Hovudoppgåva til SN er å fastsetje og offentleggjere standardar på ulike fagområde, mykje på grunnlag av omsette internasjonale standardar, og fastsetjing og standardisering av terminologi er ein integrert del av dette arbeidet. Termar og definisjonar frå dei omsette standardane vert lagra i ein eigen termdatabase som førebels berre er til intern bruk. Mykje av denne terminologien kjem frå byggfaga. I tillegg rår SN over ein base med norsk/engelsk miljøterminologi. SN har til no ikkje omsett standardar til nynorsk, og utarbeider heller ikkje nynorsk terminologi, truleg fordi det til no ikkje har vore noko aktuelt tema for standardbrukarane, og fordi det heller ikkje har vore stilt reelle krav om dette frå styresmaktene.

6.12.3 *Aksis — Avdeling for kultur, språk og informasjonsteknologi*

Aksis er ei vidareføring av Norsk Termbank (NT) fram til 1997 og Senter for humanistisk informasjonsteknologi (HIT) fram til 2001. Norsk Termbank utvikla seg frå eit prosjekt for datamaskinell språkbehandling ved Universitetet i Bergen i 1979, der hovudvekta av arbeidet låg på dataføring av termar. Frå midten av 1980-talet vart arbeidsområdet til NT utvida til å omfatte rådgjevings- og omsetjingstenester, kurs i terminologi og fagspråk, datastøtta ordboksframstilling og utvikling av terminologidatabasar. Aksis er no organisert som ei meir

frittståande stifting som driv kommersiell verksemd. Det største og mest kjende prosjektet til NT var omsetjinga av driftshandbøker til Gullfaks A-feltet frå engelsk til norsk på oppdrag frå Statoil. Parallelt med omsetjingsarbeidet vart det utvikla ein oljeterminologi på norsk som er registrert i termbasen NOT (Norsk terminologisk database), som òg inneheld terminologi frå andre prosjekt. Det vart ikkje registrert terminologi på nynorsk i denne basen. Når han likevel inneheld 1 761 tempostar med nynorsk hovudterm¹, kjem dette av at desse termene vart lagde inn på frivillig basis, som ulønt arbeid hausten 1994².

6.12.4 Språkrådet

Språkrådet har som hovudoppgåve å drive språkrøkt og normering av allmennspråket og gje råd om språkbruk i skuleverket og statstenesta. Terminologiarbeid var nemnt som ei viktig oppgåve alt for Norsk språknemnd, og dette ansvaret vart ført vidare etter at språknemnda vart avløyst av Norsk Språkråd i 1972, og no seinast av Språkrådet slik det vart omorganisert i 2005. Kontroll av språket i lærebøker har stått sentralt, men Språkrådet har heile tida samarbeidd med andre institusjonar som arbeider med terminologi, og vore aktiv i komitear og nemnder som var nedsette for å drive praktisk terminologiarbeid. Språkrådet har vore rådgjevar for andre terminologiorgan når det gjeld rettskriving og språkleg uttrykksform, men bortsett frå heftet *Terminologien i norsk språklære* (1977) og omsetjinga og utgjevinga av heftet *Termlosen* (2008) har ikkje Språkrådet drive eige terminologiarbeid. Av fagordbøker kan nemnast *Norsk dataordbok* (først utgjeven i 1976, med fem etterfølgjande reviderte utgåver) og *Norsk markedsføringsordbok* (1981). Dataordboka er tospråkleg, og vart utarbeidd i ein komité som var samansett av både språkfolk og dataekspertar. *Ordbok om petroleumsvirksomhet* kom i 1980 (i samarbeid med RTT), og ei lita *Oljeordliste* med 400 oppslagsord vart utgjeven i 1982. Elles har Språkrådet gjeve ut *Bokmålsordboka* og

¹ Paul Meurer, personleg kommunikasjon, 4.11.2008.

² Johan Myking, personleg kommunikasjon, 13.11.2008.

Nynorskordboka (i samarbeid med leksikografimiljøet ved ILN, Universitetet i Oslo), skuleordlister, ordbøkene *Nyord i norsk*, *Norsk forkortingsbok* (1976), *Geografilista* (1991) og fleire ordlister mellom dei nordiske språka. Språkrådet har no skipa eit eige fagråd for terminologi og fagspråk, med representantar for sentrale norske terminologimiljø, og er norsk representant i det nordiske samarbeidsforumet for terminologi — Nordterm.

6.12.5 Utanriksdepartementet (UD)

UD har medverka i to større terminologiprosjekt: ADNOM og arbeidet med EØS-EU-basen. *ADNOM-prosjektet* (Prosjektet for flerspråklig administrativ nomenklatur) var eit samarbeidsprosjekt mellom universiteta i Oslo, Bergen og Surrey, Norsk Termbank, UD og seinare RTT. Målet var å samle og standardisere namna på alle norske institusjonar, organisasjonar o.l. på engelsk. Arbeidet med ADNOM førte til to ordboksutgjevingar (1984 og 1988), men prosjektet vart nedlagt på 1990-talet. Begge ordbøkene har nynorskoppføringar der det er skilnad mellom nemningar på bokmål og nynorsk.

Arbeidet med *EØS-EU-basen* er direkte knytt til omsetjinga av rettsakter som vert tekne inn i norsk lovverk gjennom EØS-avtala, og av heile EU-regelverket slik det låg føre då Noreg søkte om medlemsskap i EU i 1994. Sentral terminologi i rettsaktene vert lagt inn i basen av omsetjarane etter kvart som dei støyter på termane i tekstar som skal omsetjast, og termframlegga vert kontrollerte av ein terminolog og av fagekspertar i dei departementa og underliggjande fagetatane som har ansvaret for gjennomføringa av rettsaktene i norsk lov. Dei fleste rettsaktene vert omsette til bokmål. Termar på nynorsk vert lagde inn i eksisterande bokmålpstar eller registrerte som nye termpstar, på same måte som for bokmål. Det har altså ikkje gått føre seg noko systematisk omsetjingsarbeid av termar frå bokmål til nynorsk.

6.13 Oppsummering

I tillegg dei organa og institusjonane som er nemnde ovanfor, vert det drive forsking og undervisning i terminologi og fagspråk ved fleire universitet og høgskular, og det vert drive eit omfattande terminologiarbeid ved større private verksemder og i samband med større omsetjingsprosjekt som omsetjingsbyråa utfører. Dette arbeidet er vanslegvis ikkje tilgjengeleg for ålmenta.

Når det gjeld nynorsk, er det kanskje ikkje så overraskande at det er Språkrådet som har vore flinkast til å ta omsyn til språkjamstellinga. Dei eldste ordbökene til RTT inneheldt berre bokmålstermar, men frå 1980-talet, då Språkrådet kom sterkeare med i RTT sitt arbeid, vart termekvivalentar på nynorsk sette inn av språkfolk, anten i Språkrådet eller i RTT.

Standardane til SN vert utgjevne på bokmål — og nynorsk har aldri vore noko prioritert område verken i standardane eller når det gjeld utarbeidinga av terminologi. Aksis har lenge hatt nynorskkompetanse, men har hatt få oppdrag med utvikling av terminologi på nynorsk.

I 2004 vart det gjennomført ei kartlegging av personar, verksemder og andre nasjonale fagmiljø som arbeider med terminologi i Noreg (Jonassen 2004). Denne kartlegginga syner at terminologiarbeidet vert organisert på ulike måtar og med ulike metodar og format, og ofte utan dokumenterte retningslinjer. Ein av grunnane til dette kan vere at Noreg har mangla ei praktisk utdanning i terminologiarbeid, utanom det som høyrer inn under ulike språkstudium. Mykje terminologiarbeid vert gjort innanfor tekniske og naturvitenskaplege fagområde, og det meste av terminologien er å finne på bokmål og engelsk. Ofte er terminologien berre tilgjengeleg internt, og bruken av ulike format og publiseringsmåtar gjer det ofte vanskeleg for utanforståande å finne fram til han. Trongen for kvalitetssikring er òg stor. Rapporten konkluderer med at det er viktig å leggje til rette for utvikling, publisering, standardisering og kvalitetssikring av norsk terminologi. Rapporten syner at det meste av terminologiarbeidet vert utført som ein naudsynt og integrert del av anna arbeid. Difor trengst det eit samlande

organ som har språkleg og terminologisk fagkunnskap, og som samstundes har god kontakt med både offentlege instansar, universitet og høgskular og private aktørar. Det verkar som om det er brei semje om at eit slikt overordna ansvar fell inn under Språkrådet (sjå t.d. *Norsk i hundre!* 2005:146 og St.meld. nr. 35 *Mål og mening* 2008:108-109).

7 SAKPROSA, FAGSPRÅK OG TERMINOLOGI PÅ NYNORSK

På bakgrunn av dei teoretiske føresetnadene frå kapittel 5 og 6 vil eg i dette kapittelet prøve å gje eit oversyn over stoda for sakprosa, fagspråk og terminologi på nynorsk. Her kan det vere grunn til understreke at ein av føresetnadene er mindretalsspråkperspektivet. Eg vil nytte utgjevingane av fagleksikografi på nynorsk, dvs. fagordlister, fagordbøker, spesialordbøker og leksika som utgangspunkt. Desse utgjevingane er samla i ein hovudtabell i nr. 7.6.1, som er inndelt i mindre tabellar etter typen utgjeving.

Når det gjeld sakprosa, vart nynorsk nytta alt frå slutten av 1800-talet, først og fremst innanfor humanistiske fag. Som nemnt i nr. 4.3 var avisene, og særleg pioneravisa *Dølen*, særs viktige for utviklinga av den nynorske sakprosaen. Tilhøva når det gjeld nynorsk i dags- og vekepresse er elles gjort grundig greie for i andre studiar (t.d. Sande 2000, Grepstad 2005).

7.1 Nynorsk sakprosa

Når det gjeld dokumentasjon av den nynorske skriftkulturen har Ottar Grepstad sine utgjevingar av *Nynorsk faktabok* vore eit sentralt referanseverk. Den første utgåva kom i 1998, og føremålet var å gje ei statistisk oversikt over utbreiinga av nynorsk skriftspråk. Den nyaste utgåva frå 2005 er nesten dobbelt så stor som den første, og i tillegg til dei 351 tabellane og 45 figurane som syner bruk og utbreiing av nynorsk frå 1800-talet og fram til i dag, så inneholder den nye utgåva mykje stoff som før har vore publisert i form av artiklar, avhandlingar og nettpublikasjonar. Den neste utgåva er planlagd i 2009.

Tidlegare hadde læraren Peder Elenius Hovdan gjort eit viktig arbeid for å dokumentere korleis nynorsk vart teke i bruk i kommunane rundt om i landet, særleg med dei såkalla målkarta sine frå 1908, 1920 og 1948, der han viste den statistiske utbreiinga av og veksten for nynorsk på ulike samfunnsområde.

I tillegg til *Nynorsk faktabok* har Vidar Lynghammar ei nyttig oversikt over den nynorske sakprosaen i hovudoppgåva si *Nynorsk sakprosa 1900-1999. Nynorsk skriftkultur sett gjennom den nynorske sakprosaen* frå 2002. Lynghammar har kvantifisert den nynorske sakprosaen ved å registrere utgjevingane i fem jamt fordelte år frå 1900 til 1999. Sakprosaomgrepet er her avgrensa til å gjelde dei tekstane (bøker og småtrykk på minst 49 sider) som ikkje er registrerte som skjønnlitteratur i *Norsk bokfortegnelse* (Norbok). Men mykje skriftleg materiale vert utelate når berre bokutgjevingar er tekne med, t.d. offentlege dokument, lover og forskrifter o.l. som ikkje har bokform. Brosjyrar, hefte, aviser og tidsskrifter er heller ikkje tekne med av omsyn til plassen. Difor gjev ikkje dette oversynet eit heilt rett bilet av korleis stoda har vore for heile den norske sakprosaen.

Om lag 20 % av materialet til Lynghammar er såkalla språkblanda bøker, dvs. bøker som både har bokmål og nynorsk, og som vert gjevne ut med statsstøtte. Det meste av dette er artikkelsamlingar, populære fagbøker og lærebøker. Språk og språkvitskap er òg eit viktig domene. Mykje av teksttilfanget i denne emnegruppa handlar om målsak, språkgransking og målførstudiar, men her finst det òg lærebøker i norsk og ordbøker. Ottar Grepstad (1997:160) hevdar at ordboka har vore ein viktig sjanger innanfor nynorsk litteraturen, på linje med historiske framstillingar og essay. Talmaterialet til Lynghammar syner at ordet «viktig» ikkje skal lesast som synonymt med «stor i omfang». Over halvparten av ordbøkene og ordlistene i tilfanget hans, er dialektordbøker. Blant utgjevarane kan ein sjå at dei tre store forlaga Aschehoug, Gyldendal og Cappelen knapt gjev ut annan sakprosa på nynorsk enn lærebøker. Dei andre sakprosautgjevingane er det Det Norske Samlaget, andre uavhengige

forlag og eigne forlag som tek seg av. Det er dei humanistiske faga som er det viktigaste domenet for nynorsk sakprosa gjennom det 20. hundreåret. Lærebøkene peikar seg òg ut som den største sjangeren innanfor nynorsk sakprosa. Lokalhistoriske bøker er òg ein stor sjanger, medan område som realfag, teknologi og fritid/hobby er så godt som fråverande i materialet til Lynghammar. Det meste av den omsette sakprosaen i materialet hans er omsetjingar frå bokmål, og i praksis vil dette seie lærebøker. Resultata hans syner at dei sakprosadomena som nynorsken vann tidleg, framleis er dei dominerande.

7.2 Nynorsk fagspråk

Den nynorske skriftkulturen utvikla tidleg eit folkeleg preg der det har vore sett på som positivt å skrive enkelt og lettfatteleg. Eit enkelt og lett språk burde vere eit mål i fagspråket òg, men denne sjangeren har ofte vore prega av ein akademisk stil som fort kan verte tung og innfløkt. Mykje av den nynorske sakprosaen vart utvikla i avisene, og den munnlege stilen som rådde i dei store nynorskavisene som *Dølen* og *Fedraheimen*, kan ha vorten teken med inn i det meir akademiske språket og har gjeve dette eit lettare preg enn det som bokmålet hadde.

Den spesielle norske språksituasjonen med to jamstelte, offisielle språkvarietetar er spesiell, og har påverka utarbeidinga og normeringa av fagspråket både når det gjeld terminologi og syntaks. Språknormeringa har stått sterkt i Noreg, og nynorsken har vore mykje prega av purisme i ordtilfanget, særleg når det gjeld bruken av dansk/tyske lånord og motvilje mot å nytte dei fornemnde «an-be-het-else»-affiksa (sjå nr. 5.6.1). Dermed kan det lett oppstå visse problem når det skal lagast parallelle termar og faguttrykk på bokmål og nynorsk. På dette området har det heller ikkje vore nokon klar normeringspraksis. Den statusen som nynorsk har som eit mindre brukta språk, eit mindretalsspråk, gjer òg at nynorsken vert ekstra sårbar.

Når det gjeld terminologi og fagspråk, nemner Myking (1999:51) tre sider ved dette problemet som krev merksemd:

- 1) Det krevst ei aktiv utvikling av nynorsk fagterminologi og fagspråkleg tekst.
- 2) Det krevst ein teoretisk refleksjon over allmenne nynorske normprinsipp og kva følgjer dei har for utviklinga av eit funksjonelt nynorsk fagspråk, altså refleksjon over normene for nynorsk ordtilfang, syntaks og stil.
- 3) Denne refleksjonen må òg omfatte ei vurdering av fagspråklege omsyn og om fagspråklege omsyn skal verke inn på normeringa av nynorsk reint allment.

Spørsmålet om fagspråket bør ha ei anna ordnормering enn allmennspråket, dvs. ei mindre puristisk haldning, er m.a. drøfta av Vikør (1990) og dessutan i ein artikkel av ingeniøren og nynorskbrukaren Sigmund Christensen ved NLH frå 1986. Christensen peika på at farane ved ei altfor puristisk haldning til nynorsk fagspråk vil kunne føre til vanskar for brukarane, og rår til at nynorske termekvivalentar bør vere mest mogleg like bokmålstermane. Myking meiner at det har vore lagt lite vekt på desse problemstillingane, truleg fordi emnet teknisk terminologi har hatt ein heller liten plass i det nynorske fagmiljøet som steller med normeringsspørsmål og normeringsprinsipp (Myking 1999:52).

Oversikta over norske institusjonar som driv terminologiarbeid (sjå nr. 6.11), kan tyde på at dess meir kommersielt dette arbeidet vert drive, dess mindre terminologi er det å finne på nynorsk. Det er «marknaden» som avgjer. Dersom det finst ein marknad som spør etter terminologi og fagspråk på nynorsk, bør kompetansen kunne finnast hjå eller hentast inn av alle desse institusjonane. Når det gjeld fasane i språkplanlegginga, er det *utbygginga av funksjon* (sjå nr. 5.3.3) som er mest sentral her, saman med ei oppfølging i form av ein *godkjennings- eller gjennomføringsfase* (sjå nr. 5.3.4). I Cooper sine kategoriar for statusplanlegging (sjå nr. 5.4.1) kan kategoriane for litteraturspråk og utdanningsspråk vere viktige, i og med at språket må vere godteke av dei som har prestisje i det aktuelle fagmiljøet,

og utdanningsnivået for nynorsk kan spele ei rolle for utbreininga av nynorsk som fagspråk. Endå viktigare er kanskje kategorien hans for språket sin status i arbeidslivet, men så lenge det ikkje finst lovfesta krav om meir bruk av nynorsk, vil dette punktet spele ei mindre rolle. I kategoriane hans for korpusplanlegging (sjå nr. 5.4.2) er både *standarisering* og *normering* og *kodifisering* viktige kategoriar, men kategorien *modernisering* er kanskje den som er mest sentral når det gjeld fagspråk og terminologi.

7.3 Nynorsk terminologi

Krava til språkleg purisme, bruk av avløysarord og termdanning med avleiing skapar gjerne problem på nynorsk i og med at terminologien inneber bruk av affiks som i ein puristisk tradisjon gjerne vert rekna som stigmatiserte og kan «... støyta mot normtradisjonen i nynorsk» (Myking 1991:175). Myking stiller spørsmålet om ein i den faginterne kommunikasjonen — ekspertspråket — kan krevje at andre stilnormer og ordnormeringsprinsipp vert tekne i bruk enn dei som gjeld for allmennspråket, og om det kan forsvara å vere mindre streng når det gjeld å stette det nynorske stilidealet og kanskje tolerere større bruk av dei affiksa som er «forbodne» i nynorsken. Vikør (1990, 1994b) er inne på det same. Mykje av striden mellom fagfolk og språkfolk har truleg årsak i slike spørsmål, særleg når den normative *Nynorskordboka* og tillét slike former som mange reknar som «dårleg nynorsk», og som gjer det vanskeleg for mange å skilje nynorsk frå bokmål.

I nynorsk har det gjerne vore eit mål å unngå nominalisering og skrive om med verbalformer. Dette er ei løysing som ofte er å finne i fornorskingsordbøker eller synonymordbøker mellom bokmål og nynorsk, og som gjerne kan fungere bra i allmennspråklege tekstar. Det gjer språket enklare og meir forståeleg enn ved ein overdriven bruk av substantiv. Terminologiar er svært dominerte av substantiv og substantivsamansetningar, noko som ofte skapar tilleggsproblem på nynorsk. Omskrivingar

kan ofte fungere dårlig og skape problem, t.d. ved indeksering og bruk av oppslagsord i faglitteratur og fagordbøker. Dersom terminologien skal fungere godt sett frå fageksperten si side, er det vanskeleg å kome utanom bruk av substantivkonstruksjonar, og ein del av «antisubstantiv»-kampanjen har truleg vore altfor unyansert og skapt unødvendig motvilje mot nynorsk terminologi. Kva gjer ein då med termar som vert rekna som «dårlig nynorsk»? I slike tilfelle er ofte språkeksperten og fageksperten usamde.

Det beste for forståinga og for å sikre kravet til eintydige og presise termar, er at dei same termane vert nytta både i bokmål og nynorsk, jf. Christensen 1986. Difor bør det takast omsyn til begge målformene når terminologien vert utarbeidd. I praksis er det gjerne då bokmålet som dannar utgangspunktet (dersom termen/terminologien i det heile finst på nynorsk). Utarbeidingsa eller valet av ein term på nynorsk vil i stor grad vere prega av det som alt finst på bokmål. Dersom bokmålstermen har ei form og eit leksikalsk innhald som kan godtakast i begge målformer, så risikerer ein ikkje noko endring av innhaltsnyansar og fare for mistyding eller ulik tolking, og heller ikkje at termen går ut over særpreget eller formverket. Men ofte vil ein bokmålsterm vere såpass avvikande frå det nynorske formverket at det må utarbeidast ein eigen nynorskterm. Alternativet kan vere å nytte eit framord med gresk/latinsk opphav, for framordet er like «framandt» i bokmål som i nynorsk.

Ein vellukka term er alltid avhengig av at han vert godteken av fagmiljøet. Dersom det vert utarbeidd ein eigen nynorsk terminologi på eit fagområde der bokmålsterminologien dominerer, set det krav til at nynorsktermene vert aktivt nytta og innarbeidde, og det vil i praksis seie at det finst medvitne nynorskbrukarar i fagmiljøet. Det er ikkje nok å føre termene opp i ei ordbok. Men det er trass alt større sjanse for at ein term vert nytta når han står i ordboka enn når han ikkje står der, og at slike termar kan verte nytta som utgangspunkt til å lage nye termar.

Mykje av terminologiarbeidet på nynorsk har vore drive av språkfolk som har utarbeidd nynorske termekvivalentar i fagordbøker, t.d. etter påbod eller oppmoding frå Språkrådet. Dette er i stor grad tilfelle i fagordbøkene som RTT har gjeve ut, i *Norsk dataordbok* og i *Norsk markedsføringsordbok*. Vikør (1994b:13) kallar dette ein «påhengsterminologi», dvs. ei omsetjing av ein term som alt er utarbeidd (og innarbeidd) på bokmål. Ein slik «påhengsterminologi» gjer seg godt i ordbøkene og stettar krava til språkleg jamstelling, men er ikkje alltid forankra i eit fagmiljø, og kan difor ha små sjansar til å verte nytta i praktisk arbeid. På den andre sida vil kanskje den nynorske terminologien aldri nå fram til fagmiljøa dersom han ikkje er å finne som slike «påheng». Nynorsk som målform har gjerne hatt ein lågare status i mange fagmiljø, eller kanskje i like stor grad: den spesielle språksituasjonen i Noreg med to jamstelte målformer har ikkje vore sett på som relevant eller interessant når terminologien skal fastsettjast. Ikkje alle fagfolk kan ventast å vere opptekne av det språklege, så behovet for termar som fungerer like godt på nynorsk som på bokmål, har ikkje vore noko aktuelt tema før det vert påpeika av brukarar eller lesarar (dvs. nynorskbrukande fagfolk). «Påhengsterminologien» vert difor ei form for terminologiarbeid der bokmålsmiljøet har lagt premissane, fordi bruken av bokmål vert rekna som det «normale». Ettersom nynorsk er eit fullverdig språk på lik linje med bokmål, «... kan vi altså ikkje seia at det er nynorsken sitt termdannande potensial det er noko i vegen med ...» (Myking 1991:177). Det er nynorsken sin status som fagspråk som manglar.

«I bokmålet rår derfor *usus*, same om det er språkleg gale, medan nynorsk står i ein 'parasittisk' omsetjingsstatus: Sjølv om ein nynorskterm kanskje skulle vera språkleg og semantisk betre enn bokmålstermen, så vil ikkje dette vera eit fullnøyande argument for å leggja nynorsktermen til grunn i bokmål.» (loc. cit.).

Sigmund Christensen hevdar at det skal sterke argument til for å nytte ein annan term i nynorsk enn ein innarbeidd bokmålsterm. Han skriv:

«I fagterminologien må ein heller ikkje vera for varsam med engelske termar — så sant skrivemåten og uttalen kan måtast til. Ikkje noko er betre enn at termen i

norsk vert den same som i svensk og dansk, i engelsk og tysk og andre språk». (Christensen 1986:10).

Eit slikt syn kan vel fort takast til inntekt for at ein ikkje treng å slite så veldig for å lage norske termar i det heile — det beste er å bruke dei engelske! Det er neppe dette Christensen har meint, men ut frå dette vesle sitatet kan det kanskje tolkast slik. På den andre sida kjempar puristane mot engelsk påverknad og ukritisk inntak av framord. Den «parasittiske påhengsterminologien» har opphavet sitt i språkpolitiske faktorar, nemleg pålegg om at bokmål og nynorsk skal vere jamstilte målformer, og vere både lovfesta språk og bruksspråk etter inndelinga til Cooper (sjå nr. 5.4.1). I ordbøker som er utarbeidde på denne måten, er det tydeleg at det er bokmålsterminologien som er det viktige. Nynorskvariantar er tekne med berre der det er skilnad mellom dei to målformene. I dei fleste tilfelle vil òg «påhengsterminologien» vere utarbeidd etter at terminologien er ferdig utarbeidd på bokmål. Dersom ein skal følgje Christensen sitt råd ovanfor, kan det verte innført meir terminologi med større utbreiing av framord som ofte har same skrivemåte i begge målformene, slik at ein unngår «problemet» med at termane kan verte ulike på grunn av at visse trekk ved bokmålstermen kan vere i strid med dei krava til purisme som gjerne har prega nynorsk språk. Slik vert òg den tredje gruppa til Cooper òg trekt inn her, nemleg den funksjonen nynorsk har som symbolspråk, som eit «reinare» språk enn bokmål (sjå nr. 5.4.1).

For å kome fram til gode termar som fungerer både på bokmål og nynorsk, må det ideelle vere å få til eit samarbeid mellom språkfolk og fagfolk der det alt på eit tidleg stadium i terminologiutviklinga vert teke omsyn til at terminologien skal kunne nyttast i begge målformene.

7.4 Nynorske ordbøker

Ordbokssjangeren har vore viktig for nynorsken ettersom det er i ordbøkene og ordlistene ein finn både ordtilfanget i nynorsk og rettleiing både i grammatikk, uttale og praktisk språkbruk.

7.4.1 Dei første nynorskordlistene

Den første rettskrivingsordlista for nynorskskulane kom i 1895 og var utarbeidd av Lars Eskeland, og i 1901 kom Matias Skard med ei større liste, *Landsmaalsordlista*, som ved kongebrev var «naadigst godkjendt til skolebrug og bliver at anvende i alle lærebøger skrevet paa landsmaal som bruges i skolen» (i føreordet). Seinare kom fleire og større lister (Eskeland 1906, Skard 1912). Desse listene er førde vidare i det som truleg er den fremste skuleordlista gjennom alle tider, *Nynorsk ordliste*, som først kom i 1938 ved Einar Breidsvoll og Knut Liestøl på Det Norske Samlaget. Alf Hellevik kom med i arbeidet frå 1959-utgåva, og var eineredaktør frå 1962. Frå 9. utgåva er Kåre Skadberg og Aud Søyland medredaktørar. Hellevik medverka i redaksjonen heilt fram til han døyde i 2001. Ordlista har med synonym og ordforklaringer, og inneholder grundig rettleiing om nynorsk grammatikk og tilrådingar om god språkbruk.

7.5 Fagordbøker, andre spesialordbøker og leksika på eller med nynorsk

Nedanfor følgjer ein tabell der målet har vore å føre opp alle prenta utgjevingar av fagordbøker, andre spesialordbøker og leksika som er utarbeidde på nynorsk eller har nynorskoppføringar. Under dette arbeidet samla eg også opplysningar om utgjevingar av allmennordbøker på nynorsk, men i og med at emnet for denne oppgåva er fagspråk og fagleksikografi, har eg valt å ta med den fullstendige oversikta over ordboksutgjevingar i form av eit vedlegg til oppgåva, der også utgjevingane av allmennordbøker er sorterte og ordna i eigne små tabellar etter type, på same måte som fagordbøkene er det i hovudtabellen i nr. 7.6.1. Talet på utgjevingar av allmennordbøker og –lister kan då lettare jamførast med talet på utgjevne fagordbøker og leksika. Tabellane er sett opp kronologisk etter utgjevingsår. Slik er det lettare å sjå kva slags ordbøker som har kome ut i visse periodar, og kanskje finne ei forklaring på kvifor.

Klassifiseringa av bøkene kan avvike litt frå ei strengt fagleksikografisk inndeling av ordbøker, m.a. har eg rekna synonymordbøkene til allmennordbøkene, sjølv om dei kanskje helst er å rekne som spesialordbøker. Mange av dei eldste nynorskordbøkene er å rekne som synonymordbøker med oppslag på dansk/norsk og rettleiing til ålmenta om norsk skrivemåte. Eg har heller ikkje klassifisert ordbøkene som normative eller deskriptive i og med at eit slikt skilje kan vere vanskeleg å trekke. Fagordbøker med er t.d. normative fordi dei ofte skal standardisere eit fagområde der det har mangla ein normert terminologi. Ordbokstypen er ført opp i ei eiga kolonne med ulike kodar som er forklart i sluttnotar til tabellen. Desse kodane er nytta til å lage eigne inndelingar, t.d. av fleirspråklege bøker, bøker med både bokmål og nynorsk osv.

Eg har ikkje skilt mellom ordbøker og ordlister, fordi skiljet mellom dei kan vere vanskeleg å trekke, og tittelen seier ikkje alltid det rette om innhaldet. Innhaldet i tabellane er teke frå fleire kjelder. Mykje er henta frå kjeldematerialet til *Norsk Ordbok* (med søkjeordet «ordbok» eller «ordliste» i tittel eller undertittel) og frå Alf Hellevik (1968) «Ordskattar» i *Det Norske Samlaget 1868-1968*. I tillegg har lista «Nynorske fagordlister og fagordbøker», utarbeidd av Terje Aarset ved Høgskulen i Volda, vore ei nyttig kjelde. Eit par eldre lister er tekne frå Eli Ellingsve (2005) «Fagord i Norsk Ordbok», og noko er rett og slett funne i eiga bokhylle og i bibliotekhyller. Lokale ordsamlingar og målførelister er ikkje tekne med i tabellane.

I tilfelle der det finst fleire utgåver, er utgjevingsåret for første utgåva teke med. Seinare utgåver er berre førde opp dersom boktittelen eller forfattarnamnet er vorte endra. Lista omfattar berre trykte bøker. Opplysningar om elektroniske utgåver er førde opp i merknadsfeltet. Opplysningar om sidetal er ikkje tekne med som eiga kolonne, fordi mange av bøkene har kome ut i fleire utgåver, og veks då gjerne i omfang. Dermed ville det ha vorte manglande samsvar mellom utgjevingsåret og sidetalet. Men talet på utgåver kan seie ein del

om kor vellukka bokprosjektet har vore, og om forlaget har valt å satse på ei vidareføring i form av nye utgjevingar.

Nokre av bøkene som er nemnde, er tekne med under tvil i og med at dei ikkje først og fremst er ordbøker eller –lister, men fagbøker som inneheld ordlistar. Dette gjeld t.d. brevboka til Edvard Os (1927), den språkvitskaplege ordlista i språkvitskaplæreboka til Even Hovdhaugen (1978) og ordlista i boka *Frå det gamle arbeidslivet* (Einar Hovdhaugen 1993). Elles finst det språkdelte yrkesfaglege lærebøker som inneheld ordlistar, og nokre av desse har omsetjingar til og frå engelsk. Desse er ikkje tekne med i tabellane.

7.6 Tabellar

Sjølv om fagordbøker er å rekne som spesialordbøker reint leksikografisk, har eg valt å skilje dei ut i ei eiga gruppe, medan spesialordbøker som framandordbøker, stadnamnleksikon o.l. er samla i gruppa «Spesialordbok eller nomenklatur» (forklaring på forkortingane i typefeltet står etter tabellen). Dei eldste nynorskordbøkene, som oftast er redigerte på dansk, er førde opp som fleirspråklege.

Kvar bok er førd opp éin gong, med mindre tittelen eller forfattarnamnet har vorte endra. Difor har eg valt å utelete opplysningane om sidetal i tabellen, fordi det er vanskeleg å få til ein korrekt statistikk utan at alle utgåvene er førde opp separat. Men bøker som kjem i fleire utgåver, vert gjerne større for kvar utgjeving, og det at dei kjem i nye utgåver er i seg sjølv eit teikn på at dei har vore naudsynte og omtykte. Eg har difor valt å leggje meir vekt på utgjevingsåret enn på storleiken på boka.

7.6.1 Hovudtabell med fagleksikografiske verk på eller med nynorsk

Tabellen er sortert kronologisk etter utgjevingsår.

Forfattar	År	Tittel	Type	Utgjevar og stad	Merknader
Ivar Aasen	1875	Heimsyn. Ei snogg Umsjaing yver Skapningen og Menneskja, tilmaataad fyre Ungdomen	L, n	Det Norske Samlaget. I kommisjon hjå P.T. Mallings Bokhandel, Kristiania	Elektronisk utgåve ved Det Norske Samlaget 1997.
Ivar Aasen	1876	Norsk Maalbunad	F, n	Det Norske Samlaget, Oslo	Utgjeven først i 1925. Elektronisk utgåve 1997.
J.O. Hennum	1886	Anatomiske Termini fra det Norske Landsmål	F, n, fr	Det Steenske Bogtrykkeri, Kristiania	Utgjeve som «Tilægshefte til Norsk Magazin for Lægevidenskaben».
Halvdan Koht	1898	Ordbok. Norsk umsetjing utav danske, franske, latinske og andre framande handelsord	F, n, fr	Bertrand Jensen, Kristiania	I <i>Norsk brevbok</i> (s. 41-74). Ordliste med meir enn 1 800 handelsord.
Severin Eskeland	1919	Framandordbok	S/N, n	Norsk bokreidingslag, Kristiania	Utgjeven på nytt i fotografisk avprent i 1995.
Alf Torp	1919	Nynorsk etymologisk ordbok	S/N, n	H. Aschehoug & Co, Kristiania	Ny faksimileutgåve 1992 ved Bjørn Ringstrøms Antikvariat, Oslo. Ordforklaringane er på dansk.
Edvard Os	1920	Norske namn og nemningar i heren	S/N, n	L.L. Hadelands prenteverk, Brandbu	Ikkje alfabetisert og systematisk som ordbok.
Edvard Os	1927	Norsk brevbok	F, n, fr	Det Norske Samlaget, Oslo	I alt fem utgåver, den siste kom i 1958. Oppslagsordliste på 15 sider med framlegg til nynorske termar.
Knut Knutson Fiane	1928	Norsk (landsmål). Ei lita ordliste til bruk i Telegrafstyret og andre telegrafkontor	F, b→n	Oslo	Kjenner ikkje til utgjevar. Er òg usikker på om boka er fleirspråkleg, men det dreier seg truleg om ei fornorskingsordliste.
Nikolaus Gjelsvik	1929	Juridisk ordliste: med ei utgreiding om den juridiske stilten	F, b→n	Prenta hjå Nikolai Olsen, Oslo	Oppslagsord på bokmål.
Egil Lehmann mfl.	1931	Theologisk ordliste	F, b→n	Noregs Mållag, Oslo	Utarbeidd av ei nemnd av teologistudentar.
Einar Sagen	1933	Militær ordliste med nynorsk tyding	F, b→n	Forsvars-departementet, Oslo	Ny utgåve av ordboka frå 1910.
Gustav Kullerud	1935	Nynorsk i apotek	F, b→n	Øens Prenteverk, Førde	Inneheld òg «bruksrettleidinger» og brevdøme.
Medisinarmållaget «Eir»	1939	Norsk medisinsk ordliste	F, n	Olaf Norlis Forlag, Oslo	Utgjeven av medisinarmållaget «Eir», Oslo.
Edvard Os	1941	Militær fagmålordliste. Liste over ord og nemningar i det militære fagmålet	F, n	Det Norske Samlaget, Oslo	Seinare utgjeven som <i>Militær ordliste</i> (1949).
Johannes og Dagny Tande Lid	1944	Norsk flora	S/N, n	Det Norske Samlaget, Oslo	Sju utgåver. Olav Gjærevoll var

Forfattar	År	Tittel	Type	Utgjevar og stad	Merknader
					medredaktør i 2. og 3. utgåva, seinare kom òg Reidar Elven med.
Arnulf Sudman (hovudred.)	1948	Norsk Allkunnebok	L, n.	Fonna Forlag, Oslo	Ti band, det siste kom i 1964.
Edvard Os	1949	Militær ordliste	F, b→n	Det Norske Samlaget, Oslo	Ny utgåve av <i>Militær sagmålordliste</i> (1941). Nynorsk-bokmål og bokmål-nynorsk.
Torstein Torsrud	1950	Teknisk ordliste	F, b→n	Studentmållaget i Trondheim	Bokmål-nynorsk.
Ingeniørermållaget	1956	Teknisk ordliste. Bokmål-nynorsk	F, b→n	Noregs Boklag, Oslo	
Ingvald Svandal (red.)	1969	Norsk Allkunneboks juridiske oppslagsbok	L, n	Fonna Forlag, Oslo	Signerte artiklar om jus og økonomi frå <i>Norsk Allkunnebok</i> .
Einar Austlid	1971	Norsk-engelsk ordliste för fiskarar	F, n, fr	Bjarne H. Reenskaug forlagsaksjeselskap, Oslo	Hovudoppslag og ordforklaringer på nynorsk, med synonym på bokmål og engelsk.
Johan Ottesen	1971	Engelsk-norsk sosiologisk ordliste	F, n, fr	Skuleboknemnda åt Studentmållaget i Oslo	Liste utan ordforklaringer.
Johan Ottesen	1973	Engelsk-norsk ordliste i EDB	F, n, fr	Skuleboknemnda åt Studentmållaget i Oslo	Liste utan ordforklaringer.
Johan Ottesen	1974	Engelsk-norsk ordliste i politikk	F, n, fr	Skuleboknemnda åt Studentmållaget i Oslo	Liste utan ordforklaringer.
Johan Ottesen	1974	Engelsk-norsk ordliste i sosiologi	F, n, fr	Skuleboknemnda åt Studentmållaget i Oslo	Liste utan ordforklaringer. Ny utgåve av ordlista frå 1971.
Kolbjørn Heggstad (red.)	1976	Norsk dataordbok	F, b+n, fr	Universitetsforlaget, Oslo	Tospråkleg bok. Nynorsk er oppført der det er avvik frå bokmål.
Asgeir Olden	1978	Juridisk ordliste	F, b→n	Skuleboknemnda åt Studentmållaget i Oslo	Bokmål-nynorsk. Fleire utgåver.
Magne Rommetveit (red)	1978	Norsk landbruksordbok I-II	F, b+n, fr	Det Norske Samlaget, Oslo	Fleirspråkleg ordbok i to band. Utarbeidd av nemnda for Norsk landbruksordbok / Studentmållaget i Ås.
Even Hovdhaugen (red.)	1978	Språkvitenskap: en elementær innføring	F, b+n, fr	Universitetsforlaget, Oslo	Språkvitskapleg ordliste s. 172-185, v/ Jan Engh og Lars Anders Kulbrandstad.
Rolf Ridar, Ingebrigts Davik, Jan Strand og Olav Åm	1979	Hermes leksikon. For skule og heim	L, n	Hermes Forlag, Oslo	Nynorsk leksikon i to band. Finst òg på bokmål.
Rådet for teknisk terminologi, RTT	1979	Ordbok for teleteknikk (RTT 40)	F, b+n, fr	Universitetsforlaget, Oslo	Fleirspråkleg ordbok. Nynorsk er oppført der det er avvik frå bokmål.
Rådet for teknisk terminologi, RTT	1980	Ordbok for varslings- og alarmteknikk (RTT 41)	F, b+n, fr	Universitetsforlaget, Oslo	Fleirspråkleg ordbok. Nynorsk er oppført der det er avvik frå bokmål.
Rådet for teknisk terminologi, RTT	1980	RTT 42: Ordbok for VVS (RTT 42)	F, b+n, fr	Universitetsforlaget, Oslo	Fleirspråkleg ordbok. Nynorsk er oppført der det er avvik frå bokmål.
Rådet for teknisk terminologi, RTT	1980	Ordbok for petroleumsvirksomhet (RTT 43)	F, b+n, fr	Universitetsforlaget, Oslo	Norsk-engelsk / engelsk-norsk. Nynorsk er oppført der det er avvik frå bokmål.
Rådet for teknisk	1980	Ordbok for	F, b+n, fr	Universitets-	Fleirspråkleg ordbok.

Forfattar	År	Tittel	Type	Utgjevar og stad	Merknader
terminologi, RTT		bygningsglass (RTT 44)		forlaget, Oslo	Nynorsk er oppført der det er avvik frå bokmål.
Tom Schmidt	1981	Fagordliste for norsk namnegransking	F, n	Universitetet i Oslo, Inst. for namnegransking	
Rådet for Norsk teknisk ordbok	1981	Norsk teknisk ordbok	F, b+n, fr	Det Norske Samlaget, Oslo	Oppslag på både bokmål og nynorsk. Ny utgåve 1984.
Norsk språkråds komité for markedsføringsterminologi	1981	Norsk markedsføringsordbok	F, b+n, fr	Universitetsforlaget, Bergen	Språkblanda bok. Nynorsk er oppført der det er avvik frå bokmål.
Rådet for teknisk terminologi, RTT	1981	Ordbok for vann-turbiner (RTT 45)	F, b+n, fr	Universitetsforlaget, Oslo	Fleirspråkleg ordbok. Nynorsk er oppført der det er avvik frå bokmål.
Vigleik Leira (red.)	1982	Nyord i norsk 1945-1975	F, b+n, fr	Universitetsforlaget, Bergen	Språkblanda bok. Nynorsk er oppført der det er avvik frå bokmål.
Norsk språkråd	1982	Oljeordliste	F, b+n, fr	Universitetsforlaget, Oslo	Engelsk og norsk. Nynorsk er oppført der det er avvik frå bokmål. Samarbeid mellom Språkrådet og RTT.
Rådet for teknisk terminologi, RTT	1983	Ordbok for varmekraft. Del 2: Kjel- og turbinanlegg (RTT 47)	F, b+n, fr	Universitetsforlaget, Oslo	Fleirspråkleg ordbok. Nynorsk er oppført der det er avvik frå bokmål.
Patrick Chaffey (red.)	1984	ADNOM Norsk-engelsk glossar Navn og termer fra offentlig og privat virksomhet	S/N, b+n, fr	Universitetsforlaget, Oslo	Samarbeid mellom UiO, Norsk termbank, UD og Univ. of Surrey. Språkblanda bok. Nynorsk er oppført der det er avvik frå bokmål.
Håvard Hjulstad og Bjarne Norevik (red.)	1984	Norsk teknisk fagordbok	F, b+n, fr	Universitetsforlaget, Bergen	Språkblanda bok med engelske ekvivalentar. Nynorsk er oppført der det er avvik frå bokmål.
Rådet for teknisk terminologi, RTT	1984	Ordbok for varmekraft. Del 1: Reaktoranlegg (RTT 46)	F, b+n, fr	Universitetsforlaget, Oslo	Fleirspråkleg ordbok. Nynorsk er oppført der det er avvik frå bokmål.
Rådet for teknisk terminologi, RTT	1985	Ordbok for arbeidervern (RTT 49)	F, b+n, fr	Universitetsforlaget, Oslo	Fleirspråkleg ordbok. Nynorsk er oppført der det er avvik frå bokmål.
Rådet for teknisk terminologi, RTT	1986	Ordbok for energiteknikk (RTT 51)	F, b+n, fr	Universitetsforlaget, Oslo	Fleirspråkleg ordbok. Nynorsk er oppført der det er avvik frå bokmål.
Rådet for teknisk terminologi, RTT	1986	Ordbok for maling-, lakk- og trykkfarge-teknikk (RTT 52)	F, b+n, fr	Universitetsforlaget, Oslo	Fleirspråkleg ordbok. Nynorsk er oppført der det er avvik frå bokmål.
Rådet for teknisk terminologi, RTT	1986	Ordbok for korrosjonsteknikk (RTT 53)	F, b+n, fr	Universitetsforlaget, Oslo	Fleirspråkleg ordbok. Nynorsk er oppført der det er avvik frå bokmål.
Ottar Lundstøl	1987	Nynorsk leksikon	L, n	Faktum forlag, Oslo	To band.
Rådet for teknisk terminologi, RTT	1987	Ordbok for varslings- og alarmteknikk (RTT 54)	F, b+n, fr	Universitetsforlaget, Oslo	Fleirspråkleg ordbok. Nynorsk er oppført der det er avvik frå bokmål.
Audun Øyri	1988	Norsk medisinsk ordbok	F, n, fr	Det Norske Samlaget, Oslo	Åtte utgåver. Den siste utgåva har med engelske termar. Finst òg i elektronisk utgåve.
Patrick Chaffey (red.)	1988	Norsk-engelsk administrativ ordbok.	S/N, b+n, fr	Universitetsforlaget, Oslo	Nomenklatur. Ny utg. av ADNOM.

Forfattar	År	Tittel	Type	Utgjevar og stad	Merknader
		Navn og termer fra offentlig virksomhet			Samarbeid mellom UiO, Norsk termbank, UD og Univ. of Surrey og RTT. Språkblanda bok. Nynorsk er oppført der det er avvik frå bokmål.
Ingrid Dahlø og Aksel Lydersen	1988	Ordbok for kjemiteknikk	F, b+n, fr	Tapir, Trondheim	Norsk-engelsk / engelsk norsk. Nynorsk er oppført der det er avvik frå bokmål.
Rådet for teknisk terminologi, RTT	1988	Ordbok for plast- og gummiteknikk (RTT 55)	F, b+n, fr	Universitets-forlaget, Oslo	Fleirspråkleg ordbok. Nynorsk er oppført der det er avvik frå bokmål.
Rådet for teknisk terminologi, RTT	1988	Ordbok for fluid-teknikk (RTT 56)	F, b+n, fr	Tapir, Trondheim	Fleirspråkleg ordbok. Nynorsk er oppført der det er avvik frå bokmål.
Rådet for teknisk terminologi, RTT	1989	Ordbok for kart og oppmåling (RTT 57)	F, b+n, fr	Statens Kartverk	Fleirspråkleg ordbok. Nynorsk er oppført der det er avvik frå bokmål.
Per Vestbøstad (red.)	1989	Nynorsk frekvensordbok. Dei vanlegaste orda i skriftleg nynorsk	S/N, n	Alma Mater Forlag AS	Henta frå aviser, sakprosa og romanar 1978-84.
Norsk språkråd	1991	Geografilista	S/N, b+n	Novus Forlag, Oslo	Namn og nemningar på bokmål og nynorsk. Boka er redigert på nynorsk. Finst òg i nettutgåve.
Einar Hovdhaugen	1993	Frå det gamle arbeidslivet.	F, n	Ringebu Historielag	Ordliste med ordforklaringer s. 190-207.
Rådet for teknisk terminologi, RTT	1994	Ordbok for romvirksomhet (RTT 59)	F, b+n, fr	Formatic AS	Fleirspråkleg ordbok. Nynorsk er oppført der det er avvik frå bokmål.
Rådet for teknisk terminologi, RTT	1994	Ordbok for fiberoptikk (RTT 62)	F, b+n, fr	Formatic AS	Fleirspråkleg ordbok. Nynorsk er oppført der det er avvik frå bokmål.
Kjell E. Innli	1995	Gastronomisk ordbok	F, b+n, fr	Yrkesslitteratur	Fleirspråkleg ordbok. Nynorsk er oppført der det er avvik frå bokmål.
Kristoffer Kruken og Ola Stemshaug	1995	Norsk personnamnleksikon	S/N, n	Det Norske Samlaget, Oslo	Fleire utgåver.
Henning Bergenholtz, Ilse Cantell, Ruth Vatvedt Fjeld, Dag Gundersen, Jón Hilmar Jónsson og Bo Svensén	1997	Nordisk leksikografisk ordbok	F, b+n, fr	Universitets-forlaget, Oslo	Fleirspråkleg ordbok. Redigert på bokmål. Nynorske paralleltermar.
Jørn Sandnes og Ola Stemshaug	1997	Norsk stednamnleksikon	S/N, n	Det Norske Samlaget, Oslo	Fleire utgåver.
Erling Joar Fløttum	1997	Ordliste og definisjoner i økonomisk statistikk. Engelsk – bokmål – nynorsk	F, b+n, fr	Statistisk sentralbyrå, Oslo	Engelsk-norsk / norsk-engelsk ordliste. Eigne bolkar med nynorsk og bokmål.
Rådet for teknisk terminologi, RTT	1997	Ordbok for energi (RTT 60)	F, b+n, fr	Formatic AS	Fleirspråkleg ordbok. Nynorsk er oppført der det er avvik frå bokmål.
Rådet for teknisk terminologi, RTT	1998	Ordbok for elektronikk (RTT 64)	F, b+n, fr	Formatic AS	Fleirspråkleg ordbok. Nynorsk er oppført der det er avvik frå bokmål.
Kolbjørn Hauge	2000	Stor norsk rimordbok	S/N, b+n	Det Norske Samlaget, Oslo	Både bokmål og nynorsk. To utgåver.
Norsk språkråd	2000	Ordbok for fysikk og	F, b+n, fr	Norsk språkråd,	Norsk språkråds skrifter

Forfattar	År	Tittel	Type	Utgjevar og stad	Merknader
		kjemi til skolebruk		Oslo	nr. 7. Nynorsk- og bokmålstermar. Både nynorsk og bokmål er nytta som redigeringspråk.
Olav Veka	2000	Norsk etternamnleksikon	S/N, n	Det Norske Samlaget, Oslo	
Arild Tørvund Olsen og Ingvild Aursøy Måseide	2002	Medieordlista: nynorske fagomgrep for film- og medievitskap	F, b→n, fr	Studentmållaget i Trondheim	Bokmål-nynorsk, med eindel engelske oppslagsord. Finst òg i elektronisk utgåve.
Karl Arne Utgård	2002	Juridisk og administrativ ordliste	F, b→n	Det Norske Samlaget, Oslo	
Audun Øyri	2002	Medisinsk lommeordbok	F, n	Det Norske Samlaget, Oslo	
Hallstein Grønstøl	2004	Veterinærmedisinsk ordbok	F, n	Det Norske Samlaget, Oslo	
Jens Morten Nilsen	2005	Realfagsordlista	F, b→n, fr	Studentmållaget i Trondheim	Ein del av oppslagsorda er på engelsk.
Sigbjørn Hjelmbrekke	2007	Økonomisk ordliste: nynorske fagomgrep for samfunnsøkonomi	F, b→n, fr	Studentmållaget, Oslo	Todelt liste der hoveddelen er ei engelsk-norsk liste og den andre delen har oppslag på bokmål med nynorsk omsetjing.
Språkrådet	2008	Kort administrativ ordliste bokmål-nynorsk	F, b→n	Språkrådet, Oslo	

Forkortinger i «Type»-feltet:

Tal på utgjevingar i dei ulike kategoriane:

F, b+n, fr	= Fagordbok eller -liste, språkblanda med hovudoppslag på bokmål og nynorskoppføringar der det er skilnad mellom målformene, til/frå framandspråk.	33
F, b→n	= Fagordbok eller -liste, frå bokmål til nynorsk.	11
F, n, fr	= Fagordbok eller -liste, nynorsk til/frå framandspråk.	9
F, n	= Fagordbok eller -liste, berre nynorsk.	7
F, b→n, fr	= Fagordbok eller -liste, frå bokmål til nynorsk, til/frå framandspråk.	3
S/N, n	= Spesialordbok eller nomenklatur, berre nynorsk.	8
S/N, b+n	= Spesialordbok eller nomenklatur, språkblanda med hovudoppslag på bokmål og nynorskoppføringar der det er skilnad mellom målformene.	2
S/N, b+n, fr	= Spesialordbok eller nomenklatur, språkblanda med hovudoppslag på bokmål og nynorskoppføringar der det er skilnad mellom målformene, til/frå framandspråk.	2
L, n	= Leksikon, nynorsk.	5
I alt:		80

7.6.2 Tabellar inndelte etter type

For å få fram litt klarare når dei ulike typane ordbøker har kome ut, har eg skilt ut dei ulike ordbokstypane i eigne oversikter, der berre felta forfattar, år og tittel er tekne med. Dei er førde opp etter talet på utgjevingar i same rekjkjefølge som i hovudtabellen ovanfor.

Tabell 1: Fagordbok eller –liste, språkblanda med hovudoppslag på bokmål og nynorskoppføringer der det er skilnad mellom målformene, til/frå framandspråk (kode «F, b+n, fr» i hovudtabellen ovanfor):

Forfattar	År	Tittel
Kolbjørn Heggstad (red.)	1976	Norsk dataordbok
Even Hovdhaugen (red.)	1978	Språkvitenskap: en elementær innføring
Magne Rommetveit (red)	1978	Norsk landbruksordbok I-II
RTT	1979	Ordbok for teleteknikk (RTT 40)
RTT	1980	Ordbok for varslings- og alarmteknikk (RTT 41)
RTT	1980	RTT 42: Ordbok for VVS (RTT 42)
RTT	1980	Ordbok for petroleumsvirksomhet (RTT 43)
RTT	1980	Ordbok for bygningsglass (RTT 44)
Rådet for Norsk teknisk ordbok	1981	Norsk teknisk ordbok
Norsk språkråds komité for markedsføringsterminologi	1981	Norsk markedsføringsordbok
RTT	1981	Ordbok for vannturbiner (RTT 45)
Vigleik Leira (red.)	1982	Nyord i norsk 1945-1975
Norsk språkråd	1982	Oljeordliste
RTT	1983	Ordbok for varmekraft. Del 2: Kjel- og turbinanlegg (RTT 47)
Håvard Hjulstad og Bjarne Norevik (red.)	1984	Norsk teknisk fagordbok
RTT	1984	Ordbok for varmekraft. Del 1: Reaktoranlegg (RTT 46)
RTT	1985	Ordbok for arbeidvern (RTT 49)
RTT	1986	Ordbok for energiteknikk (RTT 51)
RTT	1986	Ordbok for maling-, lakk- og trykkfarge-teknikk (RTT 52)
RTT	1986	Ordbok for korrosjonsteknikk (RTT 53)
RTT	1987	Ordbok for varslings- og alarmteknikk (RTT 54)
Ingrid Dahlø og Aksel Lydersen	1988	Ordbok for kjemiteknikk
RTT	1988	Ordbok for plast- og gummiteknikk (RTT 55)
RTT	1988	Ordbok for fluidteknikk (RTT 56)
RTT	1989	Ordbok for kart og oppmåling (RTT 57)
RTT	1994	Ordbok for romvirksomhet (RTT 59)
RTT	1994	Ordbok for fiberoptikk (RTT 62)
Kjell E. Innli	1995	Gastronomisk ordbok
Henning Bergenholz, Ilse Cantelli, Ruth Vatvedt Fjeld, Dag Gundersen, Jón Hilmar Jónsson og Bo Svensén	1997	Nordisk leksikografisk ordbok
Erling Joar Fløttum	1997	Ordliste og definisjoner i økonomisk statistikk. Engelsk – bokmål – nynorsk
RTT	1997	Ordbok for energi (RTT 60)
RTT	1998	Ordbok for elektronikk (RTT 64)
Norsk Språkråd	2000	Ordbok for fysikk og kjemi til skolebruk

Tabell 2: Fagordbok eller -liste, frå bokmål til nynorsk
 (kode «F, b→n» i hovudtabellen ovanfor):

Forfattar	År	Tittel
Knut Knutson Fiane	1928	Norsk (landsmål). Ei lita ordliste til bruk i Telegrafstyret og andre telegrafkontor
Nikolaus Gjelsvik	1929	Juridisk ordliste: med ei utgreiding om den juridiske stilen
Egil Lehmann mfl.	1931	Teologisk ordliste
Einar Sagen	1933	Militær ordliste med nynorsk tyding
Gustav Kullerud	1935	Nynorsk i apotek
Edvard Os	1949	Militær ordliste
Torstein Torsrud	1950	Teknisk ordliste
Ingeniørnållaget	1956	Teknisk ordliste. Bokmål-nynorsk
Asgeir Olden	1978	Juridisk ordliste
Karl Arne Utgård	2002	Juridisk og administrativ ordliste
Språkrådet	2008	Kort administrativ ordliste bokmål-nynorsk

Tabell 3: Fagordbok eller -liste, nynorsk til/frå framandspråk
 (kode «F, n, fr» i hovudtabellen ovanfor):

Forfattar	År	Tittel
J.O. Hennum	1886	Anatomiske Termini fra det Norske Landsmål
Halvdan Koht	1898	Ordbok. Norsk umsetjing utav danske, franske, latinske og andre framande handelsord
Edvard Os	1927	Norsk brevbok
Einar Austlid	1971	Norsk-engelsk ordliste for fiskarar
Johan Ottesen	1971	Engelsk-norsk sosiologisk ordliste
Johan Ottesen	1973	Engelsk-norsk ordliste i EDB
Johan Ottesen	1974	Engelsk-norsk ordliste i politikk
Johan Ottesen	1974	Engelsk-norsk ordliste i sosiologi
Audun Øyri	1988	Norsk medisinsk ordbok

Tabell 4: Fagordbok eller -liste, berre nynorsk
 (kode «F, n» i hovudtabellen ovanfor):

Forfattar	År	Tittel
Ivar Aasen	1876	Norsk Maalbunad
Medisinarnållaget «Eir»	1939	Norsk medisinsk ordliste
Edvard Os	1941	Militær fagmålordliste. Liste over ord og nemningar i det militære fagmålet
Tom Schmidt	1981	Fagordliste for norsk namnegranskning
Einar Hovdhaugen	1993	Frå det gamle arbeidslivet
Audun Øyri	2002	Medisinsk lommeordbok
Hallstein Grønstøl	2004	Veterinærmedisinsk ordbok

Tabell 5: Fagordbok eller -liste, frå bokmål til nynorsk, til/frå framandspråk
 (kode «F, b→n, fr» i hovudtabellen ovanfor):

Forfattar	År	Tittel
Arild Torvund Olsen og Ingvild Aursøy Måseide	2002	Medieordlista: nynorske fagomgrep for film- og medievitskap
Jens Morten Nilsen	2005	Realfagsordlista
Sigbjørn Hjelmbrekke	2007	Økonomisk ordliste: nynorske fagomgrep for samfunnsøkonomi

Tabell 6: Spesialordbok eller nomenklatur, berre nynorsk
 (kode «S/N, n» i hovudtabellen ovanfor):

Forfattar	År	Tittel
Severin Eskeland	1919	Framandordbok
Alf Torp	1919	Nynorsk etymologisk ordbok
Edvard Os	1920	Norske namn og nemningar i heren
Johannes og Dagny Tande Lid	1944	Norsk flora
Per Vestbøstad (red.)	1989	Nynorsk frekvensordbok. Dei vanlegasteorda i skriftleg nynorsk
Kristoffer Kruken og Ola Stemshaug	1995	Norsk personnamnleksikon
Jørn Sandnes og Ola Stemshaug	1997	Norsk stadnamnleksikon
Olav Veka	2000	Norsk etternamnleksikon

Tabell 7: Spesialordbok eller nomenklatur, språkblanda med hovudoppslag på bokmål og nynorskoppføringar der det er skilnad mellom målformene
 (kode «S/N, b+n» i hovudtabellen ovanfor):

Forfattar	År	Tittel
Norsk språkråd	1991	Geografilista
Kolbjørn Hauge	2000	Stor norsk rimordbok

Tabell 8: Spesialordbok eller nomenklatur, språkblanda med hovudoppslag på bokmål og nynorskoppføringar der det er skilnad mellom målformene, til/frå framandspråk
 (kode «S/N, b+n, fr» i hovudtabellen ovanfor):

Forfattar	År	Tittel
Patrick Chaffey (red.)	1984	ADNOM. Norsk-engelsk glossar. Navn og termer fra offentlig og privat virksomhet
Patrick Chaffey (red.)	1988	Norsk-engelsk administrativ ordbok. Navn og termer fra offentlig virksomhet

Tabell 9: Leksikon, nynorsk
 (kode «L, n» i hovudtabellen ovanfor):

Forfattar	År	Tittel
Ivar Aasen	1875	Heimsyn. Ei snøgg Umsjaaling yver Skapningen og Menneska, tilmaataad fyre Ungdomen
Arnulf Sudman (hovudred.)	1948	Norsk Allkunnebok
Ingvald Svandal (red.)	1969	Norsk Allkunneboks juridiske oppslagsbok
Rolf Ridar, Ingebrigt Davik, Jan Strand og Olav Åm	1979	Hermes leksikon. For skule og heim
Ottar Lundstøl	1987	Nynorsk leksikon

7.7 Nynorsk fagleksikografi i ulike periodar

Når tabellane ovanfor er sorterte etter utgjevingsår, er det lettare å jamføre utgjevingane med utviklinga og utbreiinga av nynorsk i samfunnet. Det verkar då tenleg å dele inn lista etter tre hovudbolkar som kan skiljast ved innføringa av viktige nynorsknormalar: pionertida, frå den første ordboka til Ivar Aasen kom ut i 1850 og fram til 1917, ein mellomperiode frå 1917 til 1959, og ein konsolideringsperiode frå 1959 og fram til i dag.

7.7.1 Pionertida fram til 1917

I dette tidsrommet kom dei store grunnleggjande verka til Ivar Aasen, Hans Ross og Steinar Schjøtt og einskilde skuleordbøker. I tillegg til *Heimsyn* og *Norsk Maalbunad* kom det berre ut to fagbøker med «norsk umsetjing» i denne perioden, nemleg «Anatomiske termini» av O.J. Hennum og den første brevboka til Halvdan Koht, som inneheldt handelsterminologi.

Denne perioden var prega av målpolitisk arbeid og stor framgang for nynorsken.

Gjennom nynorsknormalane av 1901 og 1907 hadde det nye skriftspråket til ein viss grad stabilisert seg, og mellom 1907 og 1917 gjekk det føre seg ei tilnærming mellom dei to målformene gjennom ei modernisering av Aasen-formene og ei fornorskning av dei danske formene. Difor skulle ein kanskje venta at det vart gjeve ut fleire ordbøker i siste delen av denne perioden enn det som verkeleg skjedde. Det var viktig å syne at nynorsk kunne passe som bruksmål på alle område, og behovet for ordbøker var stort, både i skulane og for andre

som ønskete å skrive og lære seg nynorsk. Den samla tabellen med nynorsk leksikografi i vedlegget syner at det var allmennordbøkene som dominerte i denne perioden.

Det vart òg utført eit stort omsetjingsarbeid, både av lover, lærebøker og ymse offentlege dokument, og etter kvart kom det òg faglitteratur som var skriven på nynorsk, t.d. kom det ut heile 60 utgåver av *Norske Folkeskrifter* frå 1902-1912 (Skipenes 2005:117). I denne perioden verka både Vinje og Garborg som journalistar, og synte at det nye språket var eit dugande bruksmål. Mange ville lære seg språket, så det kom ut mange ordlistar og rettskrivingsordbøker, og den første tospråklege allmennordboka til nynorsk, *Fransk-norsk ordliste for gymnasi* av Ola og Aslaug Raknes kom i 1914.

Mykje av arbeidet med omsetjing og uarbeiding av ordbøker var prega av idealisme, og vart utført av fagfolk som ikkje først og fremst var filologar, men som var svært inspirerte av arbeidet til Ivar Aasen, og opptekne av at det norske språket skulle kunne nyttast på alle område.

7.7.1.1 *Aasen som fagleksikograf — Heimsyn og Norsk Maalbunad*

Dei to store ordbøkene til Ivar Aasen danna grunnlaget for det nynorske ordtilfanget. I tillegg til ordbøkene og grammatikken utarbeidde han den mindre kjende allkunneboka *Heimsyn* og synonymordboka *Norsk Maalbunad*, der oppslagsorda er ordna etter emne. Desse to bøkene fortener ein nærmare omtale, fordi dei legg grunnlaget for ein ordlagningstradisjon som i stor grad har prega nynorsken seinare, nemleg bruken av avløysarord.

7.7.1.2 *Heimsyn*

Heimsyn er ei lita og lettfatteleg allkunnebok med åtte kapittel og knappe hundre boksider, som var tenkt både til allmenn folkeopplysning på nynorsk og som eit døme på korleis det nye språket kunne nyttast i sakprosa. Men arbeidet med grammatikken og ordbøkene tok det meste av tida til Aasen, slik at det var først i 1875 at boka vart fullførd og utgjeven.

Aasen såg det som viktig at det nye språket skulle ha eit rikt ordtilfang, òg når det gjeld abstrakte omgrep og tekniske emne, det vi i dag kallar fagspråk. Alt i 1850 hadde han tankar om å utarbeide ein «Lomme-Encyclopædie» og ein «Naturhistorisk Terminologie» (Walton 1996:559), som seinare skulle danna utgangspunktet for *Heimsyn* og *Norsk Maalbunad*. Men det var først i 1874 at han fekk teke opp att arbeidet med *Heimsyn*, og då parallelt med synonymsamlinga *Norsk Maalbunad*, der ordtilfanget i stor grad er teke frå tekstane i *Heimsyn*. For å skrive dei populærvitenskaplege tekstane i *Heimsyn*, måtte han ha forståelege norske avløysarord.

Den første utgåva av *Heimsyn* kom ut anonymt. Ein mogleg grunn til dette kan ha vore at Aasen sjølv var med på å avgjere kva Det Norske Samlaget skulle gje ut, og han var difor uigild (Venås 1997:268). *Heimsyn* er det lengste samanhengande prosastykket som Aasen skreiv på landsmål (Walton 1996:556), og har undertittelen *Ei snøgg Umsjaaling yver Skapningen og Menneskja*. Her skriv han m.a. om geografi («Um Jordflata», «Um Luft og Veder»), astronomi («Um Himmelklotarne») og etnologi/kulturgeografi («Um Menneskja», «Um Folkeskipnad») og har dessutan med ei verdshistorie («Um Tilstand i fyrra Tider»), som er det lengste stykket i boka.

Dei fleste av dei norske avløysarorda er sjølvforklarande og gjer at teksten vert lettare tilgjengeleg. Som døme på nyord kan nemnast «ravkraft» (elektrisitet), «eldberg» (vulkan), «flutningsstjerna» og «klot» (planet) og «teiknestreng» (telegraf), «dragstein» (magnet), «toppmaatet» (senit) og «jorddeilder» (verdsdelar). Nokre stader er det teke med forklarande fotnotar eller parentesar. Dei faglege forklaringane som Aasen har teke med, kan mest sjåast som eit døme både på korleis nye ord vert laga av folk som treng dei, og av fagfolk som arbeider innanfor eit vitskapleg system:

«Elles er Steinslaget oftaste nemnt etter dei Ting, som Folk hava brukat det til, so som: Kverneberg, Slipesteinsgrjot, Bryneberg, Heineberg, Tavlestein og Takstein. I Bøker, som høyra til Bergkunnskapen, finna me derimot mange andre og mest berre framande Namn paa Steinkyndi, so som Granit, Gneis, Skifer, Sandstein,

Kisel og fleire slike; men desse Nemningarne retta seg berre etter Grunntelet i Steinen, og dermed fylgjer daa, at det same Namnet kann gjelda um fleire ulike Ting. Soleides høyra me, at baade Kverneberg og Bryneberg og Telgjestein er reknat til 'Skifer', og at baade Kvitestein (Qvarz) og Tinna (Flint) og Dvergsmide (Krystall) er altsaman reknat til 'Kisel'.» (Aasen 1875:249).

Boka har eit rikt tilfang av nye ord, og det har vore nemnt at Vinje kan ha vore opphavet til ein del av nyskapingane, utan at dette er vorte granska nærmare (Venås 1997:273).

7.7.1.3 *Norsk Maalbunad*

Norsk Maalbunad er ei synonymsamling (eller ein synonymikk) som har undertittelen *Samanstilling av norske Ord etter Umgrip og Tyding*. Mykje av tilfanget er henta frå prosastykka i *Heimsyn*. Boka var ferdig i 1876, men vart først utgjeven av Det Norske Samlaget i 1925. Aasen hadde utarbeidd andre synonymsamlingar til bruk i arbeidet med den store ordboka si, men desse var meinte meir som hugselister enn til utgjeving. Først i arbeidsmeldinga si for 1880 var han inne på tanken om å gje ut boka som eit eige verk (Walton 1996:569). *Norsk Maalbunad* var resultatet av ei ordsystematisering som Aasen hadde halde på med heilt sidan han systematiserte dyre- og plantenamn på 1830-talet. Då Aasen skulle byrje å skrive tekstar på det nye landsmålet, hadde han bruk for ei anna oppstilling av ord og omgrep enn den som ein kan finne i ei alfabetisk ordliste. Han utarbeidde fleire samlingar, (eller «ordningar») av ord etter ordklassar, m.a. ei «Ordning af de norske Verber efter Betydningen», og *Samanskaring af Norske Ord* frå 1856, som likeins med *Norsk Maalbunad* vart utarbeidd med utgangspunkt i ordklassar. I *Samanskaring* fann Aasen dei avløysarorda som han hadde bruk for i ei norsk naturvitakapleg utgreiing. Det store synonymtilfanget var til hjelp i normeringa, men kunne òg vere eit problem, slik han skriv i «Om en Ordbog» (sjå Walton 1996:574) og i fortalen til *Ordbog over det norske Folkesprog*. I *Grundtanker til en Afhandling om en norsk Sprogform* skriv Aasen:

«Det kunde forudsættes som Fortrin ved et Sprog, at det har et Navn paa ethvert Begreb, som fortjener et Navn, at det har flere Betegnelser for de viktigste

Begreber, at der ikke gives for mange lige Ord, og at Ordene ikke have for meget forskjellige Betydninger.» (Aasen 1854:11).

Det er nett dette som er eit mål innanfor eit presist fagspråk — det å finne éi nemning for eitt omgrep. Han nemner òg problemet med mangel på ord for «abstrakte videnskabelige Begreper», men hevdar at dette er eit problem i alle språk, eit problem som kan løysast ved språkdyrkning. «Nabosprogene have egentlig de samme Mangler, og man har blot avhjulpet dem ved Laan af andre Sprog» (loc.cit. 12). Likevel var Aasen svært puristisk i *Norsk Maalbunad*, og ville helst unngå latinske og greske nemningar.

Reidar Djupedal (1964:19) skriv at Aasen hadde planar om fleire utgjevingar, t.d. ei *Dansk-Norsk Ordbog*. Ho vart utgjeven i 2000 i serien «Skrifter frå Ivar Aasen-selskapet», redigert av Jarle Bondevik, Oddvar Nes og Terje Aarset. Sjølv boka er det Jarle Bondevik og Magne Myhren som har redigert. I tillegg hadde Aasen planlagt utgjeving av ei framandordbok og ei naturhistorisk namnebok med prøver på norske omsetjingar av fagord til norsk, t.d. gjennom systematiske ordavleiningar. Såleis skulle ordtilfanget utvidast og grunnlaget leggjast for ein nynorsk terminologi gjennom presise avgrensingar av omgrep og ved å finne fram til særlege tydingar av ord alt etter bruken på ulike område.

7.7.2 Mellomperioden 1917-1959

Etter 1917 hadde nynorsken framleis stor framgang som skulespråk, og det kom til mange nye landsmålskrinsar. Men 1917-reforma innebar stor valfridom, og kunne skape problem for dei som ville lære seg nynorsk og prøve å skrive det mest mogleg korrekt. Folk fann det vanskeleg å ta i bruk nye former som ikkje alt fanst i det eksisterande skriftspråket. På 1920-talet byrja dei fleirspråklege ordbökene å kome ut, m.a. mellom nynorsk og fransk og nynorsk og tysk. Seinare kom den store ordboka frå engelsk til nynorsk, Ola Raknes hadde teke til med i 1915. I denne perioden var det òg at forlagsdrifta tok den forma vi kjenner i dag, og fleire nye forlag, m.a. Gyldendal, vart skipa. 1920- og 1930-talet var òg dei tiåra då Noregs

Boklag gav ut flest sakprosabøker: 34 utgjevingar på 1920-talet og heile 81 utgjevingar på 1930-talet (Skipenes 2005:189). Av større arbeid bør standardverket *Norsk flora* (1944) og *Latinsk-norsk Ordbok* (1958) nemnast. Arbeidet med den sistnemnde ordboka vart starta av Asgaut Steinnes alt i 1930-åra, og ferdigstilt av Eirik Vandvik.

Det var fleire faktorar som spela inn når det galdt aktiviteten i denne perioden. For det første var det to verdskrigar som gjorde sitt til at det vart vanskeleg å få midlar til å gjennomføre større ordboksprosjekt. Striden rundt rettskrivingsnormalane og samnorsklinja på 1930-talet kan ha verka inn, og 1950-åra var vanskelege for forlagsbransjen, med nedgang både i sal og i talet på utgjevne titlar. Både for omsetjingsarbeid og for utarbeiding av faglitteratur var behovet for ordbøker stort, både for allmennordbøker og fagordbøker. Likevel var det i denne perioden at dei store tospråklege ordbøkene tok til å kome. Den andre store allmennordboka til Ola Raknes frå fransk til norsk, kom t.d. ut i 1942, og Fredrik J. Voss gav ut ei tysk-norsk ordbok i 1933. Arbeidet med det store ordboksverket *Norsk Ordbok* og med leksikonet *Norsk Allkunnebok* vart òg starta i denne perioden.

Når det gjeld fagleksikografien elles, kom det fleire viktige ordbøker og –lister, m.a. den juridiske ordlista til Gjelsvik (1929) og fleire lister som skulle danne grunnlaget for større ordbøker seinare, t.d. den medisinske ordlista til medisinarmållaget «Eir» (1939) og fleire tekniske ordlister. I alt kom det ut 16 fagleksikografiske verk i denne perioden, jamført med 11 allmennspråklege, i alt 27 utgjevingar (sjå tabellen i nr. 7.7.4).

På 1950-talet stod sentraliseringstanken sterkt i den offisielle politikken i Noreg. I ideologien til Arbeidarpartiet var språket viktig for å binde grupper saman og skape samkjensle, både på nasjonalt plan og innanfor grupper og sosiale klassar. Dermed vart det òg viktig å arbeide fram mot eit felles språk. Rettskrivingsreforma i 1938 hadde ført til sterke usemje i Noregs Mållag, og mange sentrale nynorskfolk var sterkt imot den språklege samlingstanken som Arbeidarpartiet hadde gått inn for. Då Norsk språknemnd vart skipa i

1952, hadde ho «tilnærming mellom dei to skriftmåla på norsk folkemåls grunn» (Torp og Vikør 1993:233) som føremålsparagraf, noko som språkkonservative representantar både på nynorsk- og bokmålssida var skeptiske til. Den store motstanden mot språkleg samling gjorde at språksaka etter kvart vart «avpolitisert» og overlaten til filologane, og det var semje om at dei to målformene skulle få utvikle seg parallelt.

7.7.3 Konsolideringsperioden fra 1959

Etter at *Nynorsk ordliste* første gongen kom ut i 1938 (den såkalla «Samlagsordlista»), ser det ut til å ha vore eit lengre opphold i utgjevingane av ordbøker og oppslagsverk på nynorsk, bortsett frå Leiv Heggstads nye utgåve av *Gamalnorsk ordbok*, som kom ut i 1963. Først i 1969 kjem *Norsk Allkunneboks juridiske oppslagsbok*, og på 1970-talet er det ein ny giv med utgjevingar, først med mindre fagordlister frå Skuleboknemnda åt Studentmållaget i Oslo, deretter andre store og velkjende verk som t.d. den store allmennordboka til Theodore Slette (*Norsk-engelsk ordbok*, 1977), *Norsk landbruksordbok* (1978), *Norsk teknisk ordbok* (1981) og *Nynorskordboka* (1986). I denne perioden kjem òg fagordbøkene for fullt, med alle terminologisamlingane til RTT og andre større fagordbøker som *Norsk landbruksordbok* og *Norsk medisinsk ordbok*. Mange av desse var påbyrja lenge før dei vart utgjevne, men det var først no, takk vere dei nye støtteordningane, at desse prosjekta som vart starta og drivne fram av eldsjeler og idealistar, endeleg kunne verkeleggjerast gjennom språkpolitiske faktorar.

I denne perioden kjem òg dei første fleirspråklege ordbøkene med både bokmål og nynorsk i same boka, der oppslagsorda er koda på ulik måte for å markere målforma. Den første av desse *Norsk-engelsk ordbok* av Einar Haugen (1965). Den første fagordboka med begge målformer, er *Norsk-engelsk ordliste for fiskarar* (1971), der hovudoppsлага og ordforklaringane er på nynorsk, men der det òg finst ei kolonne med synonym på bokmål. Seinare kom det mange ordbøker som i hovudsak er redigerte på bokmål, men som har med

bynorskformer der det er avvik mellom målformene. Ordbøkene frå RTT er typiske døme på dette. Den første av ordbøkene med slik «påhengsterminologi» (sjå nr. 7.3), kom i 1979.

I innstillinga frå Vogt-komiteen, som kom i 1966, var ikkje tilnærminga mellom dei to målformene lenger noka hovudsak. På 1970-talet fekk òg dialektane ein langt sterkare stilling, noko som òg gav bynorsken ei større utbreiing og godtaking. Kronologiske oversikter over utgjevingane til Noregs Boklag syner òg at 1960- og 70-åra gav betre kår for sakprosabøker, med 27 titlar i 1960-åra og 30 titlar på 1970-talet (Skipenes 2005:197).

Nynorsktiskotet, som vart innført som støtteordning frå 1965, kan ha ført til at det vart satsa meir på bynorsk òg innanfor faglitteraturen. Men like viktig var kanskje auken i studenttalet og at bynorskbrukande studentar engasjerte seg stadig sterke i kampen for å få gjennomføre det lovfesta kravet om at lærebøker skal ligge føre i begge målformer til same tid og til same pris. Studentmållaget i Oslo kom på banen att og gav ut ein serie med fagordlister i tidsrommet 1971-74, og ei juridisk ordliste i 1978.

7.7.4 Tabell med utgjevingar fordelt på dei tre periodane

Type utgjeving	Periode			I alt
	Pionertida fram til 1917	Mellanperioden 1917-1959	Konsoliderings perioden frå 1959	
Fagordbok	3	11	49	63
Leksikon	1	1	3	5
Spesialordbok/nomenklatur	0	4	8	12
Allmennordbok *	13	11	34	58
I alt	17	27	94	158

* Tala for allmennordbøker er tekne frå tabell 2 i vedlegget.

Tabellen syner ein klar auke i utgjevingstalet for fagbøker, leksika og spesialordbøker i frå den eine perioden til den neste, bortsett frå når det gjeld allmennordbøker, der utgjevingstalet gjekk ned i mellomperioden 1917-1959. Når talet på fagbokutgjevingar held seg høgt, kan

grunnen vere at fleire av verka som kom ut, hadde vore under arbeid i lengre tid, m.a. dei tekniske ordlistene (utgjevne i 1950 og 1956). Fleire av dei andre utgjevingane var det kjende og aktive personar i nynorskrørsla som stod for, t.d. Edvard Os og Nikolaus Gjelsvik. Arbeidet deira var prega av ein god del idealisme, slik at bokutgjevingane kom trass i at det var nedgangstider. Utgjevingane i perioden etter 1959 syner tydeleg korleis dei nye støtteordningane hadde ein positiv innverknad på utgjevingstalet, både når det gjeld allmennordbøker og fagleksikografi.

7.8 Viktige aktørar

Truleg er det dei mange ordboksutgjevingane til skulebruk som har gjeve inntrykk av at ordbokssjangeren er større enn det som utgjevingstala syner. Bokutgjevingar på nynorsk er avhengig av statsstøtte, m.a. det såkalla nynorsktildskotet som vart skipa i samband med Kulturfondet i 1965 (sjå nr. 4.2.4). I praksis har det meste av dette gått til Det Norske Samlaget, mykje fordi andre forlag har synt litra interesse for slik støtte. I den grad andre større forlag har gjeve ut ordbøker på nynorsk, har det dreia seg om allmennordbøker til skulebruk der det ofte har vore gjeve ut parallelle utgåver på bokmål.

7.8.1 Forlag

Tabellen nedanfor syner samla utgjevingar av ordbøker, ordlister og leksika på eller med nynorsk fordelt på forlag og sortert etter tal på utgjevingar. Tala som gjeld allmennordbøker, er henta frå tabell 2 i vedlegget:

Forlag	Tal på utgjevingar av fagordbøker, andre spesialordbøker og leksika (F, L, S/N) og allmennordbøker (A)		
	F, L, S/N	A	I alt
Det Norske Samlaget	16	20	36
Universitetsforlaget (Oslo og Bergen)	23	5	28
Studentmållag (Oslo, Trondheim, Ås, «Eir»)	9	0*	9

Forlag	Tal på utgjevingar av fagordbøker, andre spesialordbøker og leksika (F, L, S/N) og allmennordbøker (A)		
	F, L, S/N	A	I alt
Aschehoug & Co.	1	7	8
Fagbokforlaget	0	5	5
Olaf Norlis Forlag	1	4	5
Formatic AS	4	0	4
Alb. Cammermeyers Forlag	0	3	3
Noregs Boklag	1	2	3
Fonna Forlag	2	0**	2
Norsk bokreidingslag	1	1	2
Kunnskapsforlaget	0	2	2
Tanum-Norli (TANO)	0	2	2
Tapir	2	0	2
Alma Mater Forlag	1	0	1
Bertrand Jensen	1	0	1
Escola	0	1	1
Faktum Forlag	1	0	1
Hermes Forlag	1	0	1
Hydle & Co.s Forlag	0	1	1
Novus Forlag	1	0	1
N.W. Damm & Søn	0	1	1
Yrkesslitteratur	1	0	1
Institusjonar (Noregs Mållag, UiO, Statens Kartverk, SSB, Språkrådet)	7	0	7
Andre (prenteverk, historielag, utanlandske forlag, tidsskrift, ukjend utgjevar)	7	3	10
I alt:	80	58	138

* Skuleboknemnda åt Studentmållaget i Oslo gav ut Voss' *Norsk-tysk ordbok* (1969) i samarbeid med Det Norske Samlaget, og har teke initiativ til og medverka i utarbeidninga av fleire større verk, t.d. Engelsk-norsk ordbok av Ola Raknes (1927) som er utgjevne av Samlaget.

** Fonna Forlag har ikkje gjeve ut allmennordbøker som førsteutgåve, men gav ut Aasens *Norsk Ordbog* på nytt i 1993.

Det er vel inga stor overrasking at det er Det Norske Samlaget som har stått for dei fleste ordboksutgjevingane på nynorsk, med i alt 36 verk. Av desse er 16 fagbøker og andre spesialordbøker. Når det gjeld Universitetsforlaget, ligg dei på toppen av lista for fagordbøker, men dette forlaget har ingen reine nynorskutgjevingar. Den første utgjevinga

kom i 1976. Dei fleste av utgjevingane er RTT-ordbøker med nynorske oppføringer der målformene er ulike, såkalla «påhengsterminologi». Dei reine nynorske fagordlistene er det i stor grad studentmållaga som har stått for, og det er desse som også er mest aktive i dag.

7.8.2 Studentmållaga

Nynorsken vart ikkje like tidleg godteken ved universiteta som ved lærarskulane. Dette har truleg hatt noko med rekrutteringa å gjere. Lærarskulane hadde fleire studentar frå område i landet der nynorsken stod sterkt, medan universiteta lenge var prega av studentar frå byborgarskapet. Difor tok det litt lenger tid før nynorsk vart etablert som akademisk språk. Knut Liestøl var det første som skreiv doktoravhandlinga si på nynorsk (1915). Men etter kvart som fleire av studentane ville nytte nynorsk, vart det eit problem også her at det mangla læremiddel. Nynorskbrukande studentar var svært aktive og engasjerte seg sterkt i det målpolitiske arbeidet, og mange av dei la ned eit stort frivillig arbeid for å setje om fagbøker og utarbeide ordbøker og fagterminologi på nynorsk. Både i Oslo, Bergen, Trondheim og Ås vart det skipa studentmållag som gjorde ein stor innsats. Det var studentane som i stor grad tok i bruk nynorsk som akademisk språk. Då det skulle skipast eit nytt universitet i Bergen, var målrørsla sterkt engasjert for å sikre nynorsken ein sentral plass som opplærings- og administrasjonsmål, og visse nyskipa fag ved dette universitetet, t.d. faget offentleg administrasjon, vart nærmast gjort til «ein nynorsk spesialitet» (sjå Grepstad 1997:198). Det fanst ikkje lærebøker på nynorsk, og mange av studentane gjorde ein stor innsats ved å setje om lærebøker til nynorsk og utarbeide eit nynorsk fagspråk.

7.8.2.1 Studentmållaget i Oslo

Studentmållaget i Oslo har nesten vore som eit eige forlag å rekne, som både har hatt eigne utgjevingar, samarbeidd med andre og gjeve pengestøtte til utgjevingar på andre forlag. Mållaget vart skipa i 1900, seks år før skipinga av Noregs Mållag, og ville «... samla studentar

til arbeid fyr norskdom paa alle leider — framum alt fyr det norske maalet» (Almenningen mfl.: 2003:15). Som i målrørsla elles stod folkeopplysningstanken sterkt, og laget gav ut fleire tidsskrift, m.a. *Heimsyn*, *Heidrun* og det mest kjende, *Mål og Makt*, som framleis kjem ut. I tillegg starta laget utgjevinga av folkeopplysingsserien *Norske Folkeskrifter* i samarbeid med Noregs Ungdomslag og seinare Noregs Boklag (frå 1939). Skriftene kunne vere reine rettleiingsskrifter t.d. om jordbruk, helse og matlaging, men òg opplysningshefte om aktuelle spørsmål som arbeidarrørsla, utanrikspolitikk og andre internasjonale spørsmål, men dei fleste handla om kultur og humanistiske emne, der grunnanken om ei nasjonal reising og styrking av det nynorske språket stod sterkt. Andre skrifter kunne vere av meir praktisk og folkeopplysande karakter, og biografiar over viktige kulturpersonar, både innanfor nynorskrorsla og elles, var òg sentrale i serien. Det første skriftet var eit opptrykk av eit føredrag som medisinarstudenten Idar Handagard hadde halde om «krægda» på eit møte i mållaget i 1901, og som var den første forelesinga om eit medisinsk emne på nynorsk (op.cit. 40). Nikolaus Gjelsvik var elles den som stod bak flest skrifter, han skreiv eller gav ut åtte hefte, ikkje berre om juridiske spørsmål, men òg om militærstell og internasjonalt samarbeid. Det siste folkeskrift-heftet kom i 1964 og var nummer 96 i rekka, *Norsk folkehøgskule i 100 år* av Einar Arne. Då hadde serien hatt eit samla opplagstal på rundt 400 000, og mange av hefta kom ut i fleire opplag. Skriftene var viktige for utviklinga og spreiinga av nynorsk fagterminologi på mange ulike område.

7.8.2.2 Skuleboknemnda åt Studentmållaget i Oslo

Når det gjeld fagspråk og særleg ordbøker, er Skuleboknemnda det viktigaste tiltaket innanfor Studentmållaget i Oslo. Nemnda vart skipa i 1902 og er framleis aktiv. Det var mangelen på nynorske lærebøker, særleg på høgare nivå, som var bakgrunnen for skipinga av nemnda, og denne mangelen vart sett på som ei stor hindring for utbreiinga av nynorsk i den høgare utdanninga. Studentane sjølve skulle stå for utarbeidinga av lærebøker i alle fag, og anten

skrive dei sjølve eller setje dei om frå bokmål. Dette var knytt til ambisjonen om å utvikle ein nynorsk fagterminologi på alle område, noko som vart gjort i form av ordlistar, stiløvingar og helst omsetjingar av bøker (op.cit. 47-48). Dette arbeidet fekk statsstøtte frå 1915, men vart òg støtta av privatpersonar og lag, t.d. Bondeungdomslaget i Oslo. Bøkene vart utgjevne på fleire forlag, men frå 1920 var det Det Norske Samlaget som stod for mest alle utgjevingane. Fleire sentrale medlemmer av Skuleboknemnda, t.d. Olav Midttun, Ola Raknes og Johannes Lid, vart rekrutterte til arbeid i eller for Samlaget på grunnlag av røynsler frå forlagsarbeidet i Skuleboknemnda. Den viktigaste perioden for Skuleboknemnda var frå kring 1910 og fram til andre verdskriga. Frå 1960-åra og utover tok Samlaget over mykje av skulebokutgjevingane, og ordninga med parallelldutgåver på bokmål og nynorsk gjorde det lettare å gje ut nynorske lærebøker.

Av viktige arbeid kan nemnast dei to store ordbøkene til Ola Raknes (*Engelsk-norsk ordbok* frå 1927 og den tilsvarande *Fransk-norsk ordbok*, som var ferdig 1931 og prenta 1942). Sjølv om dette er allmennordbøker, så inneheld dei alltid ein del fagord, og Raknes nemner i føreordet til *Engelsk-norsk ordbok* at han har hatt stor nytte av ymse lærebøker som Studentmållaget har gjeve ut, særleg i realfag, og av bøkene til Gjelsvik og Handagard.

På 1970-talet gav Johan Ottesen og Skuleboknemnda åt Studentmållaget i Oslo ut tre fagordlister, i EDB, i sosiologi og i politikk. Desse listene er reine ordlistar utan forklaringar og definisjonar, og noko av føremålet skulle vere å finne gode avløysarord til engelske faguttrykk, t.d. i sosiologi. Ottesen seier i føreordet til 2. utgåva av sosiologiordlista at motstanden mot ei slik fornorsking kan ventast å verte stor i fagmiljøet, der mange av framandorda er vortne innarbeidde utan for mange motførerrestellingar. Desse ordlistene har ikkje kome i nye utgåver.

7.8.2.3 Andre studentmållag

Utanfor Oslo er det to studentmållag som har vore særleg aktive når det gjeld utarbeiding av ordbøker og –lister.

Studentmållaget i Trondheim (Nidaros) vart skipa i 1916, og har naturleg nok gjort seg gjeldande først og fremst innanfor tekniske fag. Arbeidet med den store *Norsk teknisk ordbok* var ei viktig bragd, og denne ordboka var eit resultat av at det var samla inn fagord gjennom mange år, og av at student og seinare sivilingeniør Torstein Torsrud gav ut ei teknisk ordliste i 1950. Arbeidet med denne ordlistan vart ført vidare i ei meir omfattande ordbok med definisjonar og ordforklaringsar. Mykje av arbeidet med *Norsk teknisk ordbok* vart gjort som frivillig innsats, både av studentar og ferdigutdanna ingeniørar. Mållaget har seinare gjeve ut fleire mindre fagordlister, som òg er tilgjengelege elektronisk. Her er det idealistiske nynorskbrukande studentar som har stått for arbeidet.

Studentmållaget i Ås vart skipa alt i 1908. Til landbrukskulen på Ås kom det studentar frå heile landet, og mange av desse hadde nynorsk som hovudmål. Av føreordet til *Norsk landbruksordbok* går det i allfall fram at mange av studentane ønskte seg eit fagspråk som var mindre prega av dansk og tysk, og at dei etterlyste ein norsk fagterminologi. Etter at fleire ordlistenemnder hadde arbeidd med planar om ei landbruksordliste heilt tilbake frå 1920-talet, samla Studentmållaget inn midlar til dette arbeidet i åra rundt 1950, og i 1952 vart det fastsett at Det Norske Samlaget skulle stå for utarbeidingsa av ei landbruksordbok, med støtte frå NAVF og med eit fagleg samarbeid mellom Landbrukskulen, Veterinærhøgskulen og andre institusjonar som var knytte til landbruket. Her var det dei språkpolitiske faktorane som vart lagde til rette for at prosjektet skulle gjennomførast.

7.8.3 RTT

Arbeidet til RTT er gjort nærmare greie for i nr. 6.11.1. I RTT-ordbøkene kom nynorsk med første gongen i 1980 (RTT 40), og i dei fleste etterfølgjande ordbøkene er nynorsktermar oppførde der det er avvik frå bokmål. Bøkene vart gjerne utarbeidde på oppmoding frå dei ulike bransjane, som skipa eit fagutval eller ei arbeidsgruppe med representantar frå ulike føretak og fagmiljø. I desse bøkene er hovudoppslaget og definisjonane skrivne på bokmål, og nynorskforma er førd opp under bokmålstermen der det er skilnad mellom dei to. Ofte er dette gjort grundig greie for i føreordet. Bøkene er vortne til i samarbeid med Språkrådet (då: Norsk språkråd), som òg har lagt til dei nynorske termene. I berre éi av bøkene (RTT 40: *Ordbok for teleteknikk*) er namna på dei som har utarbeidd nynorsktermene nemnde, og i tillegg til éin fagperson frå Teledirektoratet dreier det seg om filologar frå Universitetet i Oslo og Språkrådet. I føreordet til RTT 45: *Ordbok for vannturbiner* står det t.d.: «De nynorske termer er tilføyd av Norsk språkråd og ikke vurdert av arbeidsutvalget». Det var altså ikkje noko ønske frå RTT eller eit mål for ordbøkene at dei skulle innehalde termar på begge målformer. Det verkar difor som om arbeidet med nynorsktermar var grundigast i dei første RTT-ordbøkene som inneheldt nynorsk terminologi. I fleire av dei siste utgjevingane til RTT manglar nynorsken heilt, og den siste ordboka med slik nynorsk «påhengsterminologi» kom ut i 1998. I alt kom det ut 20 RTT-ordbøker med slike nynorskoppføringar, dei fleste av dei vart utgjevne av Universitetsforlaget og Formatic.

7.9 Oppsummering

Utarbeidninga av fagleksikografi er nær knytt til den fasen av språkplanlegginga som Haugen kallar «utbygging av funksjon» (sjå nr. 5.3.3). For å kunne utarbeide god fagterminologi, bør kodifiseringsarbeidet helst vere gjort, slik at det finst klare reglar og prinsipp for rettskriving og ordlagning. I pionertida fram til 1917 hadde nynorsk fått status som offisielt språk, men var

prega av stadige endringar i skriftnormalane, dvs. at kodifiseringsarbeidet var uferdig. Blant dei ulike formene for status som Cooper nemner (sjå nr. 5.4.1), byrja nynorsk å få ein viktig funksjon som gruppespråk, ein markør som synte tilhøyrslle til partiet Venstre, til fråhaldsrørsla, ungdomslagsrørsla og andre nasjonale verdiar. Samstundes fekk nynorsk ei sterke stilling som avisspråk, litteraturspråk og utdanningsspråk, og tabellane vedlegg syner òg at det er allmennordbøkene som dominerer i denne perioden. Samstundes er denne tida prega av idealisme og vilje til å utvikle det nye skriftspråket slik at det vert dugande for alle føremål, noko som t.d. førte til at dei såkalla «brevbøkene» byrja å kome ut. I mellomperioden kom det fleire fagordlister på ulike fagområde, noko som tyder på at nynorsken var inne i det Haugen kallar utbyggingsfasen og godkjenningsfasen (sjå nr. 5.3). Utarbeidninga av fagordbøker viser vilje til og ønske om at språket skal få ein plass i arbeidslivet, noko er sikra gjennom vedtaket om jamstelling mellom bokmål og nynorsk (sjå nr. 4.2.1), dvs. ein viktig språkpolitisk faktor. I den siste perioden spelar dei språkpolitiske faktorane ei større rolle gjennom dei støtteordningane som vert innførde for å sikre nynorsken ein plass i ordbøkene. Utgjevingstalet er langt høgare både for allmennordbøker og fagordbøker i denne perioden (sjå tabellen i nr. 7.7.4).

8 NYNORSK FAGSPRÅK OG TERMINOLOGI PÅ ULIKE DOMENE, SETT I LYS AV UTGJEVEN FAGLEKSIKOGRAFI

Det er nokre domene der nynorsken tradisjonelt har vore rekna for å stå sterke enn andre. I jubileumsskriftet *Halvtanna hundreår med Ivar Aasen*, som Noregs Mållag gav ut i 1964, vart det gjort opp ein slags status for stoda til nynorsken på ulike fagområde, der fagfolk gjorde greie for korleis det har vore og er å nytte nynorsk som fagmål. Dette kan gje ein peikepinn på korleis stoda er på ulike område sjølv i dag, nærmare 50 år seinare, trass i at dei fagområda som er nemnde der, slett ikkje er uttømmande og nye domene er komne til seinare. Nokre av artiklane i dette jubileumsskriftet kan, saman med oversikta over utgjevne fagordbøker og ein

nærmore omtale av einskilde verk, danne utgangspunkt for ei oppsummering av stoda for nynorsken på ulike fagområde, eller domene.

8.1 Landbruk

Om stoda til nynorsken i jordbruksopplæringa og landbruksvitenskapen skriv A.H. Bremer at «... dei første som ville brukte nynorsk som fagmål, har ljota kjempa for det, slik som andre laut i andre faggreiner.» (Bremer 1964a:91). Likevel verkar det som at landbruksfaga har vore eit sterkt domene for nynorsk språk. Nynorsk vart t.d. jamstelt med bokmål i *Norsk Hagetidend* alt frå 1914, og nynorsk har hatt framgang som målform i dette bladet (op.cit. 92). Lærebøkene på området har òg vore mange og har hatt stor utbreiing. Ein stor del av æra for dette har truleg Studentmållaget i Ås, som i 1911 skipa ei skuleboknemnd etter oppmoding frå Studentmållaget i Oslo. Men det er òg gjeve ut ein del lærebøker utan støtte frå denne nemnda. Ein av grunnane til at nynorsk mål står sterkt her, er truleg at mange av studentane og seinare lærarane ved NLH har hatt nynorsk som målform og difor var meir positive til denne målforma. Likevel er det vel mange av studentane i Oslo som òg har hatt nynorsk som målform, så noka fullgod forklaring er det ikkje. Bremer nemner som eit hovudproblem at det er mangelen på gode faguttrykk som gjer det vanskeleg å nyte nynorsk som fagmål, og dette er nok eit allment problem. Mange gjev opp og går over til å skrive bokmål i staden for eit nynorsk som er spekka med bokmålsord.

Bremer nemner vidare at «... den store landbruksordboka som det er samla fagord til i innpå 40 år, snart er ferdig til prenting under redaksjon av «nemnda for norsk landbruksordbok».» (op.cit. 95). Boka er *Norsk landbruksordbok*, som vart utgjeven først i 1978. Dette illustrerer godt kor mykje arbeid som ligg bak ei slik ordbok. Sjølv om denne ordboka ikkje til no har kome i ny utgåve, vert ho framleis rekna for å vere ei svært god fagordbok. Det finst heller ingen tilsvarande ordbøker på bokmål, noko som truleg har gjeve

denne ordboka ei større utbreiing enn om ho «berre» hadde måtte tevle med ei tilsvarande ordbok på bokmål. Som nemnt tok arbeidet med ei landbruksordbok til tidleg, alt i 1911 gjorde direktør Nils K. Ødegaard ved NLH framlegg om å setje i gang eit slikt arbeid. Men det var først i 1950-åra at arbeidet skaut fart. Studentmållaget i Ås samla inn både midlar og ordtilfang, og Det Norske Samlaget kom med i arbeidet frå 1952. Både NAVF og Landbruksdepartementet har løyvd midlar, og Magne Rommetveit vart tilsett som redaktør i 1954. Då var det samla inn eit omfattande materiale på kring 80 000 ordsetlar med døme frå faglitteraturen. Lista over medarbeidarar tel 100 namngjevne fagfolk. Ordboka har ei spesiell utforming i og med at ho i tillegg til eit hovudband med oppslagsord på norsk (bokmål og nynorsk), grammatiske opplysningar og forklaringar, òg har eit registerband med synonymordlister på dansk, svensk, engelsk, tysk, finsk og islandsk, med omsetjingar til norsk. I tillegg finst det ein del samiske synonym frå relevante landbruksfaglege område. Ordboka inneheld òg vitskaplege nemningar. Sjølv om denne boka har oppslagsord òg på bokmål, skil ho seg frå dei andre språkblanda fagordbökene i og med at ho er redigert på nynorsk og har flest nynorskoppsslag. Av føreordet går det fram at mykje av arbeidet vart gjort på frivillig grunnlag, sjølv om det var sett av midlar til honorar.

8.2 Medisin

Jon Bremer (1964b) skriv om bruken av nynorsk i medisinfaget, og nemner dette som eit fag der nynorsken har fått lite innpass. Årsaka er at mykje av lærestoffet finst på framandspråk, noko som gjer at det heller konservative bokmålet som har prega faget, òg vert stadig meir truga. Hovudvansken i faget er dei godt innarbeidde faguttrykka på bokmål, der «an-be-het-else»-orda kan vere vanskelege å finne avløysarar for. Latinske fagtermar er sjeldan noko problem. Her nærmar vi oss eit grunnleggjande problem for nynorsk terminologi som har med purisme, godtaking av framandord og bruk av avløysarord å gjere (sjå nr. 6.8.2). Bremer

nemner den stadige straumen av nye faguttrykk som kjem inn gjennom engelsken, som eit hovudproblem, ikkje berre for nynorsk, men for norsk språk i det heile.

«Tanke for å finne fram dei norske orda vantar ofte heilt — og få reagerer på det. Fiendskapen mot norske ord i visse krinsar kjem att som likesæle i andre.» (op.cit. 101).

Dette er eit problem i alle fag, og eit problem som berre har vorte større i dei åra som er gått sidan artikkelen vart skriven. Fagterminologi kjem ikkje av seg sjølv, men krev målmedvite arbeid, helst så tidleg at eit utanlandsk ord ikkje får tid til å feste seg. Likevel må medisinfaget seiast å ha vore eit godt domene for nynorsken. Alt i 1886 kom dr.med. J.O. Hennum med «Anatomiske termini fra det norske landsmål» som tilleggshefte til «Norsk Magazin for lægevidenskaben». Her har han, med stor hjelp frå Aasens *Norsk Ordbog*, samla norske nemningar for anatomiske fagord og –uttrykk. Han har med forklaringar, og har ofte ført opp opplysningar om kvar i landet ordet er henta frå. I mange tilfelle er òg svenske nemningar tekne med. Lista er ordna etter «legemets inndeling» og ikkje alfabetisk, men det finst eit alfabetisk register med sidetilvising. I tillegg gjorde medisinaren Idar Handagard eit viktig terminologiarbeid, og gav m.a. ut bøkene *Mannalikamen og helsa* (1927) og *Vanlege sjukdomar* (1925). Den førstnemnde boka er illustrert, og er delt i to: ein anatomidel og ein del med gode helseråd m.a. om reinhald og hygiene, «snyltredyr», vanlege sjukdomar og rusmiddel. Desse to opplysningsbøkene inneheld mykje oppnorska terminologi, og har med lokale dialektsynonym for sjukdomar som «kregda» (kredda, krilla, sya, kufsa) (*Vanlege sjukdomar*, s. 55). Dessverre finst det ingen systematiske ordlister her. Medisinarmållaget «Eir» i Oslo gav i 1956 ut heftet *Rettleiing i journalskriving*, med omsetjingar av journalmønster som nynorskskrivande lækjarar kunne nytte. Dette heftet var lenge utseld frå forlaget, men i 1979 gav Medisinsk mållag i Oslo ut heftet *Medisinsk journalskriving*, som byggjer på heftet frå 1956.

Seinare kom den store medisinske ordboka til Audun Øyri frå 1988, ei ordbok som har gode etymologiske opplysningar, latinske nemningar og omfattande forklaringar på mange av oppslagsorda. Øyri var spesialist i indremedisin og nevrologi og var i mange år lækjar ved Sentralsjukehuset i Rogaland. I dei åtte utgåvene som er komne ut, har sidetalet auka frå 893 til 1356 sider, og i den siste utgåva har det òg kome med engelske termar og ei ordliste med engelske oppslagsord, slik at ordboka no kan reknast som fleirspråkleg. Dette var den første større medisinske ordboka på norsk. Trass i at det har kome fleire store medisinske ordbøker på bokmål, har denne ordboka framleis ein stor del av marknaden. Audun Øyri døydde i 2002 etter å ha gjort ferdig manuskriptet til den sjunde utgåva. Kona hans, Bjørg Øyri, har ført arbeidet vidare og er redaktør for den siste utgåva.

8.3 Handel, økonomi og næringsliv

Språket i nærings- og forretningslivet har tradisjonelt vore konservativt, med mange snirklete seiemåtar som stammar frå dansk. Men handelsspråket inneheld mange internasjonale faguttrykk som er lite (eller like lite) brukande på nynorsk som på bokmål, men som kanskje verkar meir framande på nynorsk. Dei såkalla brevbøkene til Edvard Os og Halvdan Koht var freistnader på å lage høvelege uttrykksmåtar til bruk i handelsbrevveksling på nynorsk. *Norsk brevbok* av Koht kom alt i 1898. Ho manglar innleiing, men har ei lang ordliste med norsk omsetjing av framande handelsord. Boka gjev elles m.a. døme både på «Ervebrev», «Ervepakt millom ægtefolk», «Hyrebrev» og «Varetilbod». Koht held seg mest til dei offisielle brevdøma, medan Os i si brevbok frå 1927 i tillegg har malar for skriving av både takkekort, søknader, fullmakter, møtebøker o.l. på nynorsk. Han har teke med døme på eit «kravbrev til ein ven» i både «mild og umild form» (s. 23), og jamvel eit kort «orsakingsbrev for krenkjande ordelag» (s. 24). Brevboka til Os har òg ei rettleiing om rettskriving og målbruk, og ei fornorskingsordliste på 15 sider. Ho kom i fem utgåver i åra 1927-58. Begge desse

bøkene har truleg vore til stor hjelp for folk som ville nytte nynorsk i meir offentlege samanhengar.

Opp gjennom åra har fleire verksemder nytta nynorsk målform, m.a. Vestlandsbanken, som var grunnlagd i Bergen i 1926, og ei rekke lokale bankar i strok av landet der nynorsk er den mest utbreidde målforma. Det same gjeld ein del forsikringsverksemder, der Andvake er den mest kjende. Både Vestlandsbanken og Andvake er no borte, og er vortne oppslukte av større føretak der bokmålet har rådd grunnen. Men nynorsk er framleis mykje nytta av forretningstiltak på lokalt og regionalt nivå, t.d. av sparebankar. Når det gjeld butikkar, har dei store kjedene teke over mykje, både når det gjeld daglegvarer og klede, og reklamekampanjane er gjerne då landsdekkjande, og sjølvsagt på bokmål, jamvel på engelsk. Dermed vert det truleg opp til den einskilde butikken å avgjere kva målform som skal nyttast lokalt, til plakatar, vareopplysning o.l., og utforminga av reklame på to målformer vert sett på som unødvendige utgifter. Denne einsrettinga har ikkje vore nokon føremon for nynorsken. Samstundes tapar bokmålet domene for engelsk som globalt forretnings- og reklamespråk. Nynorsk har ikkje alltid så mange domene å tape her. Likevel kan det vere ein fare når store og viktige statsinstitusjonar, som Posten, Telenor og NSB, som før var underlagde mållova, vert privatiserte i større eller mindre grad, og det vert uklart om mållova framleis skal gjelde (sjå t.d. Grepstad 2001:110).

På økonomiområdet er det framleis målinteresserte og nynorskbrukande studentar som gjer ein innsats for å gje nynorsk ein plass i faget. Sigbjørn Hjelmbrekke gav ut ei økonomisk ordliste i 2007, med om lag 600 oppslag frå engelsk til nynorsk og om lag 200 oppslag frå bokmål til nynorsk. Lista vart gjeven ut av Skuleboknemnda åt Studentmållaget i Oslo.

8.4 Jus

Innanfor det juridiske fagspråket har nynorsk hatt lange tradisjonar. Den første lova på nynorsk kom tidleg, og Stortinget såg positivt på spørsmålet om bruk av nynorsk som lovmål. Mange lover vart omsette til nynorsk (sjå nr. 4.7). Den som truleg har gjort mest for det nynorske lovmålet, er professor Nikolaus Gjelsvik, som utarbeidde ei juridisk ordliste i 1929 og skreiv boka *Von og veg* i 1938. Den juridiske ordlista hans har ei lag innleiing der han gjer greie for kva som særmerkjer den juridiske stilen. Han åtvarar mot ord-for-ord-omsetjingar, og legg vekt på at ein må frigjere seg frå opphavsteksten:

«Det er difor *tankane*, som må setjast um fraa eit maal til eit anna, ikkje ordi. Elles vert ei umsetjing ikkje rar. I ei god umsetjing fær ein soleis ofte ikkje bruk for dei ordi, som staar i originalen. Ein segjer tanken paa ein annan maate.» (Gjelsvik 1929:7).

I føreordet tek han òg med døme på korleis ein kan løyse meir språklege formuleringsproblem ved skriving av nynorsk lovmål, t.d. om bruk av genitiv, passivkonstruksjonar m.m. Oppslagsorda er på bokmål, og mange av oppslaga har lange og gode forklaringar med bruksdøme.

Gjelsvik omsette mange lover til nynorsk, og gav m.a. ut *Lover i utval på nynorsk* i 1936. Han hadde såleis stor innverknad på utforminga av det nynorske lovmålet. Det juridiske språket har vore svært prega av tysk-danske vendingar, både i terminologi og i seiemåtar, og det har vore eit stort arbeid å finne fullgode ekvivalentar på nynorsk, særleg fordi nynorsk er rikare på verb og verbale seiemåtar enn det bokmålet er. Dette er eit grunnleggjande problem når det gjeld nynorsk terminologi. Arbeidet til Gjelsvik har vore ført vidare av mange, men særleg må professor Knut Robberstad nemnast. Han dreiv mykje omsetjings- og konsulentarbeid, og skreiv òg *Rettssoga* på nynorsk. Denne boka er framleis å finne på pensumlista i jusfaget. Sjølv om det nynorske jusspråket har ført til mykje motstand og spitorde i det ofte konservative juridiske miljøet, har nynorsken påverka bokmålet til å verte

meir oppnorska og folkeleg og mindre kanselliprega. Ord som «løyve» og «søknad» er for lengst godtekne som fullgode bokmålsord, både i juridisk språk og i allmennspråket.

Mindre kjend er kanskje den juridiske oppslagsboka med artiklar frå *Norsk Allkunnebok*, samla av Ingvald Svandal og utgjeven i 1969 med støtte frå Universitetet i Oslo og Studentmållaget i Oslo. Boka er meint både for studentar, skrivar- og lensmannskontor og andre som treng vite tydinga av juridiske uttrykk på nynorsk. Ettersom artiklane er henta direkte frå eit leksikon, er dei meir grundige og omfattande enn det som elles plar vere vanleg i ordbøker.

Det finst fleire gode ordbøker på det juridiske området, m.a. ei av høgsterettsdommar Karl Arne Utgård. Den juridiske og administrative ordlista hans innehold eit nyttig føreord med råd til dei som skal skrive nynorsk i juridiske og administrative samanhengar. Utgård har òg vore pådrivar for arbeidet med å utarbeide eit parallelt tekstsystem der alle standarddokument som vert nytta av Høgsterett, finst både på bokmål og nynorsk. Andre juristar som har gjort mykje for å utvikle det nynorske lovmålet, er Kåre Lilleholt og Mons Nygaard.

8.5 Vitskap og teknikk

Bortsett frå i lærebøker er nynorsk lite nytta innanfor vitskapleg og teknisk litteratur (sjå Lynghammar 2002:94). Særleg er nynorsk dårleg representert når det gjeld nytta vitskap og tekniske fag (op.cit. 99). Som vitskapsspråk vert òg bokmålet stadig meir utsett, fordi mykje av publiseringa er internasjonalt retta, og i mange fag har engelsk teke over som det store bruksmålet. Likevel finst det nokre store tekniske ordbøker på nynorsk, først og fremst *Norsk teknisk ordbok* (1981) og *Norsk teknisk fagordbok* (1984). Arbeidet med *Norsk teknisk ordbok* tok til alt i 1930-åra. Ordtilfanget vart samla inn frå ulike kjelder av målinteresserte studentar og sivilingeniørar og jamført med definisjonar i RTT-ordbøkene og i norske og internasjonale

standardar. Boka har ein heller enkel bladbunad, og er utan illustrasjonar. Ein slik utgjevingsmåte var vald for at det skulle bli rimelegare å gje ut nye utgåver (sjå føreordet), men boka kom berre i éi ny utgåve, i 1984. *Norsk teknisk fagordbok* inneheld fagterminologi frå Norsk termbank og frå ei rekke andre tekniske ordbøker, og termoppslaga har tilvisingar til desse kjeldene. Oppslagsorda og forklaringar finst i begge målformer, alt etter kvar termane og forklaringane er tekne frå. Boka har engelske ekvivalentar, og eit engelsk-norsk register på 90 sider. I tillegg finst det nyttige bolkar om terminologi, måleeiningar, omrekningstabellar o.l. I føreordet til denne boka òg står det at ho var tenkt utgjeven i nye, ajourførde versjonar. Dette har diverre ikkje skjedd.

Når det gjeld tekniske fag elles, er det RTT-bøkene som har gjeve ut det meste av nynorsk terminologi, men i og med at denne terminologien oftast har vore reine omsetjingar frå bokmål, veit vi lite om kor innarbeidd han er vorten i fagmiljøa.

8.6 Militærstell

Dette er kanskje ikkje å rekne som noko eige fagområde, men eg har valt å føre det opp slik på grunn av dei militære ordlistene som vart utarbeidde av Edvard Os (1885-1970). Os var offiser, organisasjonsmann og forfattar, og hadde ei rekke verv innanfor målrørsla, m.a. var han formann i Oslo Mållag 1918-22, og hadde verv i Noregs Boklag. Han var òg konsulent for målbruk i Forsvaret 1945-1950 og for målbruk i statstenesta 1947-50. Det vesle heftet *Nemningar i heren*, med undertittelen «Framlegg til brigde i namneverket for heren», var nærmast ei oppmoding til Forsvarsdepartementet om å fremje norsk namneskikk på militære anlegg og nemningar, som han meiner er altfor mykje prega av det tyske. Han føreslår m.a. at ordet «regiment» vert bytt ut med det gamle norske ordet «fylking», og grunngjев dette historisk (Os 1920:5). Nokre av framlegga hans kan verke litt kuriøse i dag, t.d. «kulesprøytesveit» for «mitraljøseavdeling», men framlegget om å bytte ut «befestning» med

«festning» er innført både på bokmål og nynorsk. Seinare kom dei meir omfattande *Militær fagmålordliste* (1941) og *Militær ordliste* (1949). I *Militær ordliste* har han ei lang «Føremæling» der han gjer greie for prinsipp for utarbeiding av terminologi og fagspråk, og peikar på noko av det som er mest sentralt ved utarbeidingsa av nytt fagspråk. Han skriv:

«Nynorsken er ny å kalla til militært skriftleg bruk. Her nyttar det då ikkje å by fram ord og vendingar med rengd eller tøygd tyding. Kravet er å finna rette og sanne meinингa i det som skal seiast, og så leita fram strengt målrette ord og nemningar for dette. Brua frå det gamle til det nye finn ein då ikkje traust og trygg berre med å slå opp i dei vanlege ordbøkene.»

Om bruk av framord skriv han:

«Sume trur at reine framord ikkje er brukelege i nynorsk. Dette er eit mistak. Det er ikkje verre å bruka framord i nynorsk tekst enn i bokmålstekst.»

Elles legg han vekt på at han rettar seg etter det som styresmaktene har fastsett i rettskrivningsnormalar, både når det gjeld ordval og syntaks.

Ein annan militær målmann var kaptein, seinare major Einar Sagen. I 1910 gav han ut den vesle boka *Norsk her-mål* på Olaf Norlis forlag. I «føreordet» skriv han:

«Det er fylologa mi med dette vesle skriftet á eggja ein og annan hermann — og andre med — som inkje vågar seg ut på málvegen på eigi hand. Samstundes vilde eg rydja undan nokre av dei verste meinsperorne, som låg i vegen deira». (Sagen 1910).

Det var først meiningsa hans å ta med ei lita ordliste sist i boka, men «eg følte meg av», som han skriv, han var redd for at det var for tidleg og at mykje av ordtilfanget enno ikkje var samla inn. Størstedelen av boka har paralleltekst på dansk og nynorsk, med prøver på omsetjingar av lover og føresegner, og døme på brev, som på same måte som brevbøkene til Koht og Os skulle vere til hjelp for dei som ville nytte den nye målforma. I nokre av breva har han teke med alternative seiemåtar, ordforklaringer og opplysningar om etymologi. Først i 1933 kom ordlista som han nemner i føreordet til boka frå 1910, *Militær ordliste med nynorsk tyding*, utgjeven av Forsvarsdepartementet.

8.7 Oppsummering

Når det gjeld nynorsken si stilling på ulike fagområde, er det eit par område som framleis peikar seg ut som «sterke». Det viktigaste er kanskje jus, der nynorsken fekk innpass tidleg, både på grunn av innsatsen til einskildpersonar som Nikolaus Gjelsvik, og på grunn av lovfesta rettar som følgje av språkpolitiske vedtak. Eit anna viktig område er medisin, der det tidleg vart utarbeidd ordlister og ordbøker. I den seinare tida har utgjevinga av den store medisinske ordboka til Audun Øyri vore sentral, særleg fordi denne ordboka kom før dei store medisinske ordbøkene som no ligg føre på bokmål, og nynorskboka kunne dermed få innpass blant bokmålsbrukarar. Det same gjeld landbruksområdet, der storverket Norsk landbruksordbok frå 1978 framleis står som det einaste norske ordboksverket på dette fagområdet. Denne boka vart til gjennom innsatsen til idealistiske studentar, og vart verkeleggjord gjennom språkpolitiske støttetiltak. Innanfor vitskap og teknikk finst det eit par gode ordbøker på nynorsk, og RTT-ordbøkene med nynorsk «påhengsterminologi» har også vore nyttige, men på dette fagområdet skjer utviklinga så snøgt at det er vanskeleg å utarbeide oppdaterte ordbøker i det heile. På områda økonomi, handel og næringsliv verkar det som om nynorsken stod sterkare før, fordi det fanst store verksemder som nytta nynorsk. Bortsett frå dei gamle brevbøkene til Os og Koht finst det ingen ordbøker på desse fagområda, og dei store forretningsverksemndene som nytta nynorsk, er no borte. Men bruken av nynorsk som landsdekkjande reklamespråk har teke seg opp litt, og det finst framleis målmedvitne studentar som gjev ut fagordlister på eige initiativ (t.d. Hjelmbrekke 2007). I tillegg vert nynorsk til ein viss grad nytta på desse områda i dei regionane der nynorsken står sterkest.

9 SLUTTVURDERING

På grunnlag av oversikta over utgjevingar av nynorske ordbøker og leksika, både faglege og allmennspråklege, verkar det som at både dei språkspesifikke og dei språkpolitiske faktorane

har vore like viktige og har utfylt kvarandre. Språkspesifikke faktorar som normer og prinsipp for ord- og termdanning, dvs. spørsmål som høyrer språkplanlegginga til, har alltid vore viktige i nynorsk. Purisme og strid om kva som vert rekna som «god nynorsk», har gjort arbeidet med utarbeiding av nynorsk terminologi særleg utfordrande. Som nemnt i nr. 7.3 om nynorsk terminologi er det ofte rekna som «god nynorsk» å nyte verbalformer i staden for substantiv. Dette kan ofte fungere godt i populærvitskaplege tekstar og anna lettare fagspråk, men ofte krevst det substantiv og substantivkonstruksjonar i fagspråk og terminologiar. Haldningane til dette arbeidet varierer både blant terminologar, filologar og fagekspertar. Ofte er ein bokmålsterm alt innarbeidd når ein eventuell nynorsk ekvivalent skal fastsetjast. Dermed vert det ofte bokmålet som legg premissane for kva termen skal vere på nynorsk. Ordbøker og terminologisamlingar er svært viktige i eit slikt terminologiarbeid. Sjølv om ein brukar ikkje alltid finn nett den termen han eller ho er på jakt etter, kan det finnast andre og liknande termar som kan verke som døme eller som utgangspunkt for danning av nye termar. Difor er innhaldet i ordbøkene viktig, og det er viktig at dei er utarbeidde på grunnlag av visse prinsipp for språkplanlegging, og at det er teke stilling til korleis ordtilfanget skal normerast og i kor stor grad framandord eller avløysarord skal nyttast, og om ein nynorsk term skal vere mest mogleg lik bokmål.

Dei språkpolitiske faktorane, dvs. politiske vedtak og tiltak for å fremje og sikre det nynorske skriftspråket, har vore særskilt viktige for å sikre stillinga til og bruken av nynorsk som eit fullverdig skriftspråk på alle området i samfunnet. Utarbeiding og ferdigstilling av store ordboksverk hadde ikkje vore mogleg utan slik støtte. Mykje av utbreiinga av nynorsk språk i det heile skuldast innsatsen til idealistiske einskildpersonar som gjennom dugnadsånd og frivillig arbeid gjorde ein stor innsats for nynorsken. Ein slik innsats har òg prega arbeidet med nynorsk leksikografi, for arbeidet med både spesialordbøker, allmennordbøker og leksika har ofte vore starta på idealistisk grunnlag av sentrale målfolk, studentar, språkinteresserte

fagfolk og andre som har sett det som viktig og naudsynt at nynorsk skulle takast i bruk på alle område i samfunnet. Denne dugnadsånda var særleg viktig i dei to periodane som eg har kalla «pionertida» og «mellomperioden», men finst framleis i stor mon blant nynorskbrukande og målmedvitne studentar, som på idealistisk vis og med støtte frå studentmållaga fører denne tradisjonen vidare.

Det norske språksamfunnet er lite, og både bokmål og nynorsk er nokså nye språk. I vår tid er begge målformene i det norske språket truga av ein ytre «fiende» — engelsk. Dette gjeld sjølvsagt både daglegspråket og fagspråket, men på grunn av den snøgge tekniske utviklinga og internasjonaliseringa er kanskje fagspråket meir utsett enn det meir synlege daglegspråket, som er av større allmenn interesse. Det norske språket tapar domene til engelsk, særleg ved at fleire større norske verksemder har gått over til engelsk som internspråk fordi ein stor del av verksemda deira er internasjonal, dei rekrutterer medarbeidarar frå ulike land og finn det dyrt og unødvendig å utarbeide rapportar, styredokument, reklame og stillingsannonser på fleire språk. Truleg er det òg vanskeleg fordi den terminologien som trengst på norsk, ikkje er vorten utarbeidd eller vert sett på som utilstrekkeleg. Dette går mest utover statusen til bokmålet i og med at nynorsk er meir sjeldan nytta som konsernspråk, men likevel vil bruk av engelsk fagspråk i staden for norsk gje prestisjetap både for bokmål og nynorsk.

Den same tendensen har lenge vore tydeleg i det akademiske miljøet. Det er viktig for ein forskarkarriere og gje prestisje til eit universitet at artiklar vert prenta i internasjonale tidsskrift, og då vert artiklane gjerne skrivne på engelsk. Det reiser seg då fleire andre spørsmål knytte til dette, t.d. om kor gode engelskkunnskapane er i slike verksemder og fagmiljø, og korleis kvaliteten er på det som vert lagt fram på engelsk. Desse spørsmåla fell utanfor området til denne oppgåva, men tilgang til gode fagordbøker, både på bokmål og nynorsk, kunne truleg medverke til at domenetapet for norsk språk kunne reduserast. Nynorsk

er då utsett for dobbelt domenetap, og er utsett for fare for å verte trengd bort både frå engelsk og bokmål. Samstundes er det ein del domene der nynorsken har stått svakt eller vore heilt fråverande, slik at det faktisk berre er bokmålet som er vorte trengt bort og har tapt domene. Døme på dette finn vi innanfor næringslivsspråket, t.d. finansområdet, der nynorsk aldri har stått særleg sterkt. Her kan det hende at nynorsk har mykje å vinne og lite å tape, medan bokmålet lir eit domenetap og vert bytt ut med engelsk. I den offentlege forvaltinga skal mållova sikre at ein viss prosentdel nynorsk vert nytta, men kravet om at statstilsette skal kunne bruke begge målformene, vert ikkje følgt i praksis, og det er ingen sanksjonar mot brot på denne lova. I det private næringslivet har nynorsk ikkje noko slikt vern, og det er opp til kvar einskild verksemd å fastsetje kva som skal vere målforma.

Når det gjeld den særnorske situasjonen med to innbyrdes forståelege norske målformer som har svært ulik utbreiing, kan det sjå mørkare ut for den svake parten — nynorsken, som er eit mindretalsspråk jamfört med bokmålet. Cooper nemner ikkje mindretalsspråk spesifikt som ein form for status som eit språk kan ha, men nynorsk har gjerne vore knytt til visse område av samfunnslivet, og står t.d. sterkt som litteratur- og scenespråk, og dialektane har fått ein heilt annan status no enn dei hadde t.d. på 1950- og 60-talet, og er vortne stadig meir vanlege og aksepterte både i radio og fjernsyn. Samstundes er det vorte hevda at dialektane og mangelen på standardisert talemål og motvilje mot å leggje om talemålet til ei meir standardisert norm kan gjere det vanskelegare for utlendingar å lære norsk (Øvregaard:2008).

Nynorskbrukarar har tradisjonelt òg hatt ei anna sjølvforståing og eit anna kultursyn enn bokmålsbrukarane, gjerne knytt til visse merkesaker som ungdomslagsrørsla, fråhaldsrørsla, partiet Venstre, folkehøgskulane og andre rørsler som gjerne vert omtala som «motkulturelle», dvs. at dei var eit alternativ til kulturen i den danna eliten i byane. Såleis har nynorsk hatt preg av å vere eit gruppesspråk, noko som medverkar til å skape samkjensle mellom dei som er knytte til slike merkesaker. Likevel hadde nynorsken òg eit grunnlag i ein

sentrumselite av intellektuelle som var breiare samansett og hadde ein ideologi som fekk betre fotfeste utover landet enn ideologien til den herskande embetsmannseliten. Men dette grunnlaget var ikkje sterkt nok til at nynorsken vart det som Cooper kallar eit hovudstadsspråk, og har ikkje fått den same stillinga i dei økonomiske og politiske elitane som bokmålet har fått. Dette har truleg hatt mykje å seie når det gjeld utbreiinga, eller manglande utbreiing, av nynorsk på ulike fagområde, ettersom det kan verke som om kreftene har vore sett inn på å tryggje nynorsken si stilling der han alt har stått sterkt, i staden for å prøve å finne nye domene.

I massemedia har nynorsk både ein sterk og ein svak stilling. I statlege etermedia har nynorsk eit vern gjennom mållova, og i tillegg det har vorte stadig meir akseptert å nytte dialektar, noko som truleg har vore til gagn både for nynorsken og for eit meir folkeleg bokmål. Men enkelte store riksaviser nektar framleis journalistane sine å velje nynorsk som uttrykksform, medan nynorsken naturleg nok står sterke i regionaviser i dei delane av landet der det bur mange nynorskbrukarar.

Nynorsk har kjerneområdet sitt på Vestlandet, det er her vi finn dei fleste kommunane som har nynorsk som administrasjonsmålform, og der den regionale statusen til nynorsk står sterkest. Om lag ni av ti nynorskelevar bur i denne regionen. Kan nynorsk såleis verte eit regionspråk for Vestlandet, likeins som irsk er det i visse område av Irland? Det vert ikkje heilt rett å jamføre nynorsk med dei språka som Cooper nemner (sjå nr. 5.4.1), fordi bokmål og nynorsk er innbyrdes forståelege. Det kan òg vere eit problem at området ikkje har nokon sentral by som kan medverke til å styrke statusen til nynorsk i vestlandsregionen.

Når det gjeld nynorsken si stilling i arbeidslivet, skal mållova sikre at ein viss prosentdel nynorsk vert nytta i den offentlege forvaltinga, men kravet om at statstilsette skal kunne bruke begge målformene, vert ikkje følgt i praksis, og det er ingen sanksjonar mot brot

på denne lova. I det private næringslivet har nynorsk ikkje noko slikt vern, og det er opp til kvar einskild verksemd å fastsetje kva som skal vere målforma.

Det verkar som om det krevst statleg styring og press for å få inn nynorsk terminologi i elektroniske basar, lister og ordbøker, og at den kommersielle marknaden i svært liten grad spør etter nynorsk. Dessverre for nynorsken vert dei kommersielle omsyna stadig meir viktige, òg når det gjeld ordboksproduksjon.

Både ordbøker og store leksikonverk har lenge vore tilgjengelege som internettutgåver, noko som gjer tekstmassen lettare å søkje og finne fram i og enklare å ajourføre. I framtida vil nok nye bokutgåver vere sjeldne, og nettutgåvene gjer det mogleg å søkje og finne fram til kunnskap på nye måtar, og alt arbeid som har med ajourføring, oppdatering og feilretting vert òg lettare å gjennomføre. Ei slik utvikling bør vere ei føremon for nynorsken.

Når det gjeld stoda til nynorsk som mindretalsspråk sett i høve til det meir dominerande bokmålet, skulle oversikta over utgjevingar av ordbøker, ordlistar, leksika og andre oppslagsverk helst vore jamført med tilsvarande utgjevingar på bokmål. Noka slik oversikt har eg ikkje funne, og å utarbeide henne ligg utanfor det som er føremålet med denne oppgåva.

Når ikkje fleire domene er vortne erobra, er det lite truleg at det berre dreier seg om medviten utestenging og manglande godtaking, men det kan òg kome av liten grad av medviten satsing på domeneutvikling innanfrå den nynorske skriftkulturen. Mykje har vore gjort for å styrke nynorsken der han alt har vore sterkt (skule, statsadministrasjon, lokalsamfunn, humaniora) framfor å innføre og styrke nynorsken på nye fagområde og domene. Dermed vert fordommene forsterka om at nynorsken «passar» betre i nokre samanhengar enn i andre, t.d. til skjønnlitteratur og dikt. Samstundes kan den store interessa for språkspørsmål blant folk flest tyde på at norsk språk likevel har gode framtidsutsikter.

LITTERATURLISTE

- Almenningen, Olaf, Hoel, Oddmund Løkensgard, Pilskog, Geir Martin og Tangen, Håvard. 2003. *Studentar i målstrid. Studentmållaget i Oslo 1900-2000*. Oslo: Studentmållaget i Oslo i kommisjon hjå Det Norske Samlaget.
- Bergenholtz, Henning og Tarp, Sven (red.). 1994. *Manual i fagleksikografi. Udarbejdelse af fagordbøger. Problemer og løsningsforslag*. Danmark: Forlaget Systime.
- (Birkeland, Bjarte og Kvalsvik, Bjørn Nic. 1986. *Folkemål og danning. Nynorske lærebøker 1867-1915*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Bremer, A.H. 1964a. Nynorsk i jordbruksopplæringa og i landbruksvitenskapen. I *Halvtanna hundreår med Ivar Aasen*. Noregs Mållag.
- Bremer, Jon. 1964b. Bruken av nynorsk i norsk medisin. I *Halvtanna hundreår med Ivar Aasen*. Oslo: Noregs Mållag.
- Brunstad, Endre. 1997. Purisme og nasjonalisme. I *Purisme på norsk?* Norsk Språkråds skrifter nr. 4. Oslo: Norsk Språkråd.
- Christensen, Sigmund. Nynorsk teknisk fagspråk. I *Norsk Tidend* nr. 3/1986.
- Cooper, Robert L. 1989: *Language Planning and Social Change*. Cambridge.
- Djupedal, Reidar. 1964: Ivar Aasen, målgranskaren og målreisaren. I *Halvtanna hundreår med Ivar Aasen*. Oslo: Noregs Mållag.
- Ellingsve, Eli. 2005. Fagord i Norsk Ordbok. Trykt innlegg frå Nordterm 2005.
- Engberg, Jan. 1998: *Introduktion til fagsprogslingvistikken*. Århus: Forlaget Systime.
- Evensen, Anders Skrede. 1979. *A. O. Vinje som målreinsar*. Hovudoppgåve i nordisk språk og litteratur. Universitetet i Oslo.
- Faarlund, Jan Terje, Svein Lie og Kjell Ivar Vannebo. 1997. *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Fjeld, Ruth Vatvedt og Vikør, Lars S. 2008. *Ord og ordbøker. Ei innføring i leksikologi og leksikografi*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Garborg, Arne 1877. *Den ny-norske Sprog- og Nationalitetsbevægelse. Et Forsøg paa en omfattende Redegjørelse, formet som polemiske Sende breve til Modstræverne*. Kristiania.
- Gjelsvik, Nikolaus. 1929. *Juridisk ordliste. Med ei utgreiding um den juridiske stilen*. Oslo.
- Grepstad, Ottar. 1997. *Det litterære skattkammer. Sakprosaens teori og retorikk*. Oslo: Det Norske Samlaget.

- Grepstad, Ottar. 2001. Språk og institusjon. I Bakke og Teigen (red.). *Kampen for språket. Nynorsken mellom det lokale og det globale*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Grepstad, Ottar. 2005. *Nynorsk faktabok 2005*. Nettutgåve: <http://www.aasentunet.no/>
- Grepstad, Ottar. 2006. *Viljen til språk*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Grønvik, Oddrun. 1991. Lånnordproblemet i norsk. I Sandøy, Torp, Vannebo og Vikør (red.): *Språkideologi og språkplanlegging i Noreg*. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Handagard, Idar. 1925. *Vanlege sjukdomar*. Oslo: Norsk bokhandel (eige forlag).
- Handagard, Idar. 1927. *Mannalikamen og helsa*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Haugen, Einar (1969): *Riksspråk og folkemål. Norsk språkpolitikk i det 20. århundre*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Haugland, Kjell. 1981. Dei eldste målorganisasjonane. I *Målreising i 75 år. Noregs Mållag 1906-1981*. Oslo: Fonna Forlag.
- Hellekjær, Glenn Ole. 1997. Teaching LSP: Methods and Misconceptions. I Billeau, Jacky og Neumann, Ingrid (red.): *Hva er fagspråk? Språk og marked nr. 18*. Halden: Høgskolen i Østfold.
- Hellevik, Alf. 1968. Ordskattar. Nynorsk leksikografi i hundre år. I *Det Norske Samlaget 1868-1968*. Oslo: Det Norske Samlaget
- Hjulstad, Håvard og Norevik, Bjarne (red.). 1984. *Norsk teknisk fagordbok*. Bergen: Universitetsforlaget.
- Hoel, Oddmund Løkensgard. 1996. *Nasjonalisme i norsk målstrid 1848-1865*. KULTs skriftserie nr. 51. Oslo: Noregs forskingsråd.
- Hoel, Oddmund Løkensgard. 2001. Strategiske utfordringar for målrørsla. I *Kampen for språket*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Hovednak, Marit. 1997. Arbeidet med ordbøker i Språkrådet. I Språknytt nr. 2/1997. Oslo: Språkrådet.
- Jahr, Ernst Håkon og Trudgill, Peter. 1993. Parallels and differences in the linguistic development of modern Greece and modern Norway. I *Language Conflict and Language Planning*. Berlin: Mouton de Gruyter.
- Jonassen, Knut. 2004. Norsk terminologi. Kartlegging av nasjonale fagmiljøer, infrastruktur og holdninger. Prosjektrapport. Oslo: Norsk Standard.
- Leira, Vigleik. 1992. *Ordlaging og ordelement i norsk*. Oslo: Det Norske Samlaget
- Lien, Åsmund. 1981. Nynorsken i skuleverket. I *Målreising i 75 år. Noregs Mållag 1906-1981*. Oslo: Fonna Forlag.

Lier, Ragnhild. 1976. *Nynorske lover og nynorsk lovmål*. Hovudoppgåve i nordisk språk og litteratur. Universitetet i Oslo.

Lilleholt, Kåre. 1981. Nynorsk i offentleg målbruk. I *Målreising i 75 år. Noregs Mållag 1906-1981*. Oslo: Fonna Forlag.

Lynghammar, Vidar. 2002. *Nynorsk sakprosa 1900-1999. Nynorsk skriftkultur sett gjennom den nynorske sakprosaen*. Hovudoppgåve i nordisk språk og litteratur. Universitetet i Oslo.

Lynghammar, Vidar. 2004. Domenet for den nynorske skriftkulturen. I Berge, Dahl og Walton (red.) *Skriftkultur*. Universitetet i Oslo.

Myking, Johan. 1991. Terminologi som normeringsproblem. Ideologiar og prinsipp bak terminologiarbeidet i Noreg. I Sandøy, Torp, Vannebo og Vikør (red.): *Språkideologi og språkplanlegging i Noreg*. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.

Myking, Johan 1999. Norsk fagspråkforsking. Ein manglande (?) tradisjon. I Christer Laurén og Johan Myking (red.): *Treng små språksamfunn fagspråk? Nordiske fagspråkstudiar*. Nordica Bergensia nr. 20, s.17-62. Universitetet i Bergen.

Myking, Johan 2005. Terminologi i Noreg — historisk oversyn. I Jan Hoel (red.): *Hvem tar ansvaret for fagterminologien?* Oslo: Språkrådet.

Myking, Johan, Laurén, Christer, og Picht, Heribert. 2005. Språk, domene og domenedynamikk. *Nordterm 2003*. Stockholm: Terminologicentrum TNC.

NLO — *Nordisk leksikografisk ordbok*. 1997. Oslo: Universitetsforlaget.

Norsk i hundre! Norsk som nasjonalspråk i globaliseringens tidsalder. Et forslag til strategi. 2005. Oslo: Språkrådet.

Nynorskordboka (4. utgåva). 2006. Oslo: Det Norske Samlaget.

Nyrnes, Aslaug. 1985. *Det (ny)norske mennesket. Ein litterær analyse av familiebladet «For Bygd og By»*. Oslo: Det Norske Samlaget.

Omdal, Helge og Vikør, Lars S. 1996. *Språknormer i Norge. Normeringspolitikk i bokmål og nynorsk*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag A/S.

Os, Edvard. 1920. *Norske namn og nemningar i heren*. L.L. Hadelands prenteverk, Brandbu.

Os, Edvard. 1939. *Norsk brevbok*. Oslo. Det Norske Samlaget.

Rask, Rasmus. 1818. *Undersøgelse om det gamle Nordiske eller Islandske Sprogs Oprindelse*. København: Gyldendalske Boghandlings Forlag.

Sagen, Einar. 1910. *Norsk her-mál*. Oslo: Olaf Norlis forlag.

Sande, Øystein. 2000. *Aviser på nynorsk. Arbeidsrapport*. Skrifter fra Ivar Aasen-instituttet nr. 9, Høgskulen i Volda.

Sandøy, Helge. 2000. *Lånte fjører eller bunad? Om importord i norsk*. Oslo: Landslaget for norskundervisning/Cappelen Akademisk Forlag.

Skipenes, Aud. 2005. *Noregs Boklag — ei forlagssøge*. Skrifter fra Ivar Aasen-instituttet nr. 19, Høgskulen i Volda.

Stegane, Idar. 1987. *Det nynorske skriftilivet. Nynorsk heimstaddikting og den litterære institusjon*. Oslo: Det Norske Samlaget.

Stegane, Idar. 1998. Norske folkeskrifter. I Johnsen, Egil Børre og Eriksen, Trond Berg: *Norsk litteraturhistorie. Sakprosa fra 1750 til 1995. Bind II*. Oslo: Universitetsforlaget.

St.meld. nr. 35 (2007-2008): *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. Det kongelege norske kultur- og kyrkjedepartementet.

Suonuuti, Heidi. 2001. *Termlosen. Kort innføring i begrepsanalyse og terminologiarbeid*. Norsk utgåve 2008 ved Språkrådet, Oslo.

Torp, Arne og Vikør, Lars S. 1993. *Hovuddrag i norsk språkhistorie*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.

Tønnesson, Johan L. 2008. *Hva er sakprosa?* Oslo: Universitetsforlaget.

Trudgill, Peter. 2000. *Sociolinguistics: an Introduction to Language and Society*. London: Penguin Books.

Venås, Kjell. 1981. Frå folkemål til skriftmål. I *Målreising i 75 år. Noregs Mållag 1906-1981*. Oslo: Fonna Forlag.

Venås, Kjell. 1983. Tradisjon og styrt vokster. I *Heit strid om nynorsk*. Oslo: Novus Forlag.

Venås, Kjell. 1996. *Då tida var fullkommen. Ivar Aasen*. Oslo: Novus Forlag.

Venås, Kjell. 1997. Purisme — eit oversyn. I *Purisme på norsk?* Norsk Språkråds skrifter nr. 4. Oslo: Norsk Språkråd.

Venås, Kjell. 1998. Attersyn og framsyn. I *Ordtifanget i nynorsk — synsmåtar og røynsler*. Norsk Språkråds skrifter nr. 5. Oslo: Norsk Språkråd.

Vikør, Lars S. 1990. I staden for –heit. Ein studie i syntaktisk purisme. I *Maal og Minne 1-2/1990*. Oslo: Samlaget.

Vikør, Lars S. 1994a. *Språkplanlegging. Prinsipp og praksis*. Oslo: Novus forlag.

Vikør, Lars S. 1994b. Terminologiarbeid og terminologiproblem i nynorsk. I *Mål og Makt 3/1994*. Oslo.

